

BY- OG REGIONFORSKNINGSINSTITUTTET NIBR

Vestland fylke og regionane

- nokre eigenskapar og utviklingstrekk ved samfunn og berekraft

Knut Onsager



OSLO METROPOLITAN UNIVERSITY
STORBYUNIVERSITETET

Knut Onsager

Vestland fylke og regionane

- nokre eigenskapar og utviklingstrekk ved samfunn og berekraft

NIBR-rapport 2023:2

Andre publikasjonar frå NIBR:

| | |
|----------------------|---|
| NIBR-rapport 2022:5 | Midtveisevaluering av Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017-2027 |
| NIBR-rapport 2022:15 | Senterstrukturer, regionsentre og regional utvikling i Vestland fylke |
| NIBR-rapport 2021:2 | Mindre byer og regionsentre-roller og funksjoner i regioner og regional utvikling |
| NIBR-rapport 2020:20 | Evaluering av Regionalt innovasjonsprogram for Oslo og Akershus (2014-19) |
| NIBR-rapport 2019:17 | Viken og delregionene –samfunnsutvikling og bærekraft, utfordringer og muligheter |
| NIBR-rapport 2019:13 | Regional bolig-, areal-og transportplanlegging: Status og utviklingsmuligheter |
| NIBR-rapport 2019:11 | Samskaping som samarbeids-og styringsform for kommunenes folkehelsearbeid |
| NIBR-rapport 2019:7 | Nærings- og distriktsutvikling -perspektiver, politikk/virkemidler og samhandling |

Tittel: Vestland fylke og regionane
- nokre eigenskapar og utviklingstrekk ved samfunn og berekraft

Forfattar: Knut Onsager

NIBR-rapport: 2023:3

ISSN: 1502-9794

ISBN: 978-82-8309-387-2 (Elektronisk)

Prosjektnummer: 203062

Prosjektnavn: Kunnskapsgrunnlag - Utviklingsplan Vestland

Oppdragsgivar: Vestland fylkeskommune

Prosjektleiar: Heidi Bergsli

Samandrag: Utgreiinga er del av eit oppdrag for Vestland fylkeskommune og deiras kunnskapsgrunnlag for arbeid med Utviklingsplan for Vestland 2024-2028. Rapporten klargjer noen sentrale eigenskapar ved samfunnsutviklinga og bærekraftsituasjon dei senere åra i fylket og dei ti økonomiske regionane som inngår. Det kommer fram både utviklingsstryker og utfordringer av betydning for mål om regional balansert og berekraftig utvikling i fylket framover. Rapporten er i all hovudsak basert på oppdaterte offentlege registerdata og analysar.

Foto forside: Morten Wanvik

Dato: August 2023

Talet på sider: 158

Utgivar: By- og regionforskningsinstituttet NIBR
OsloMet – storbyuniversitetet
Postboks 4 St. Olavs plass
0130 OSLO
Telefon: (+47) 67 23 50 00
E-post: post-nibr@oslomet.no

Nettsida vår: <http://www.oslomet.no/nibr>

© NIBR 2023

Forord

Utgreiinga er ein del av eit oppdragsprosjekt NIBR har, saman med Nordlandforskning og Dietz Foresight, for Vestland fylkeskommune. Rapporten inngår som ein del av kunnskapsgrunnlaget til arbeidet med Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi.

Den klargjer sentrale eigenskapar ved samfunnsutviklinga i Vestland fylke og regionane dei siste 5-10 åra i hovudsak med basis i oppdaterte offentlege registerdata og analysar. Ho bør ha eit informasjons- og datagrunnlag med ein del relevans for arbeidet med å styrke grunnlaget for balansert og berekraftig regional utvikling i heile Vestland fylke.

Arbeidet med utgreiinga er gjennomført vinteren 2023. Knut Onsager ved NIBR har hatt ansvar for og skrive utgreiinga. Forskar Anders Eika har utarbeidd tre kart. Prosjektleder Heidi Bergsli har bidratt med kommentarar og kritisk lesing undervegs. I arbeidet har forfattar elles hatt nytte av kommentarar og innspel frå fagfolka i delar av Vestland fylkeskommune. Mange takk for dette!

Manglar og eventuelle feil i utgreiinga er NIBRs ansvar.

NIBR, august 2023

Berit Nordahl
Forskinsleiar

Innhold

| | |
|---|----|
| Forord | 1 |
| Innhold | 2 |
| Figurliste..... | 4 |
| Tabelliste..... | 9 |
| Samandrag..... | 10 |
| Summery..... | 18 |
| 1 Introduksjon..... | 19 |
| 1.1 Bakgrunn..... | 19 |
| 1.2 Problemstillinger..... | 19 |
| 1.3 Data og metodar | 20 |
| 2 Perspektiv, omgrep og avgrensingar | 21 |
| 2.1 Regional samfunnsutvikling – drivkrefter og berekraft | 21 |
| 2.2 Regiontypar og omgrep i rapporten | 22 |
| 2.3 Nokre andre ord og omgrep | 28 |
| 3 Busetjingsmønsteret..... | 29 |
| 4 Befolkinga - strukturer og utviklingstrekk..... | 31 |
| 4.1 Utviklinga og endringskomponentar på fylkesnivå | 31 |
| 4.2 Utviklingstrekk, endringskomponentar og strukturar i regionane..... | 34 |
| 4.3 Befolkningsframskrivingar frå SSB | 38 |
| 4.4 Kort oppsummering | 39 |
| 5 Økonomisk verdiskaping og næringsutvikling | 40 |
| 5.1 Næringsstrukturar og utviklingstrekk på fylkesnivå | 40 |
| 5.2 Strukturar og utviklingstrekk i regionane..... | 45 |
| 5.3 Kort oppsummering | 51 |
| 6 Utdanning og kompetanse | 53 |
| 6.1 Strukturar i fylket og regionane..... | 53 |
| 6.2 Utviklingstrekka i fylket og regionane | 55 |
| 6.3 Nokre kompetansebehov..... | 59 |
| 6.4 Kort oppsummering | 62 |
| 7 Arbeidsmarkedet, sysselsetjing og ledighet | 63 |
| 7.1 Yrkesaktiv befolkning og yrkesdeltaking | 63 |
| 7.2 Sysselsetjing og arbeidsløyse | 64 |
| 7.3 Kjønnsdelt arbeidsliv og arbeidsmarknad | 67 |
| 7.4 Kort oppsummering | 69 |
| 8 Kultur og frivilligheit..... | 70 |
| 8.1 Kulturtilbod og aktivitetar | 71 |
| 8.2 Tilfredsheit med og oppleving av kulturtilbod | 73 |
| 8.3 Deltaking blant barn og ungdom..... | 75 |
| 8.4 Frivilligheita | 77 |
| 8.5 Kort oppsummering | 78 |
| 9 Noen andre sosiale forhold og levekår..... | 80 |
| 9.1 Inntektsulikskap og personar i lavinntektshushald | 80 |

| | | |
|------|--|-----|
| 9.2 | Utanforskap..... | 85 |
| 9.3 | Fråfall i vidaregåande skule..... | 88 |
| 9.4 | Stønadsavhengige for livsopphald..... | 89 |
| 9.5 | Helsetilstand..... | 91 |
| 9.6 | Kort oppsummering..... | 95 |
| 10 | Natur, miljø og klima | 97 |
| 10.1 | Klimagassutslepp | 97 |
| 10.2 | Naturfarar og klimaendringar..... | 103 |
| 10.3 | Arealressursar og bruk | 105 |
| 10.4 | Naturmangfald, trua naturtypar og artar..... | 110 |
| 10.5 | Vassførekomstar og tilstandar | 113 |
| 10.6 | Kort oppsummering..... | 116 |
| 11 | Geografiske mønstre og utviklingstrekk | 118 |
| 11.1 | En mosaikk av regionar med både fellestrekke og ulikheiter | 118 |
| 11.2 | Andre geografiske mønster | 124 |
| 12 | Oppsummering og konklusjonar | 126 |
| | Referanseliste | 134 |
| | Vedlegg | 136 |

Figurliste

| | | |
|-------------|---|----|
| Figur 2-1: | Regional samfunnsutvikling – illustrasjon av heilskap, delar og nokre samanhengar..... | 21 |
| Figur 2-2: | Stockholm Resilience Center (SRC) sin modell om berekraftig utvikling og samanhengar knytt til FNs 17 berekraftmål..... | 22 |
| Figur 2-3: | Illustrasjon av nokre av indikatorane med relevans for dei ulike berekraftdimensjonane, som vert presenterte i notatet | 22 |
| Figur 2-4: | Dei 10 økonomiske regionane I fylket (SSB). (Kart: NIBR/Eika)..... | 25 |
| Figur 2-5: | Dei 23 bu- og arbeidsmarknadsregionane I fyket (TØI) (Kart: NIBR/Eika)..... | 26 |
| Figur 2-6: | Fylkets 5 regionråd per 2020. (Kart: NIBR/Eika) | 27 |
| Figur 2-7: | Fylkets 43 kommunar per 2022. (Kjelde: VLK)..... | 27 |
| Figur 3-1: | Folketalet i Vestland fylke og landet fordelt på regionklasser 1982-2022 1982-2022. (Datakjelde: NIBR rapport 2022:15 basert på SSB, tab.07459).. | 29 |
| Figur 3-2: | Delen busette i tettstadar og spreiddbygde områder i landet, Vestlandet og regionane (SSBs ØKreg) 2008 og 2002. (Datakjelde: SSB, tab.05212) | 30 |
| Figur 4-1: | Utviklingen i folketalet i fylka 1951-2021 (prosentpoeng endringar, 1951=100) (Datakjelde: SSB, tab.06913) | 31 |
| Figur 4-2: | Folketalsvekst, fødselsoverskot og nettoflytting i prosent av folketalet - 1951-21 Vestland fylke. (Datakjelde: SSB – tab 06913)..... | 32 |
| Figur 4-3: | Folketalsvekst, fødselsoverskot, (netto-) flytting innanlands og utenlands flytting i prosent av folketalet i Vestland 2008-2022. (Datakjelde: SSB – tab. 09588 og 06913) | 32 |
| Figur 4-4: | Inn- og utflytting til Vestland vs. andre fylke og utlandet 2020-21. (Datakjelde: SSB - tab.05539) | 33 |
| Figur 4-5: | Flytting etter alder 2022, inn-, ut- og nettoflytting fordelt på fylke etter eittårig alder (Kjelde: SSB/Panda) | 33 |
| Figur 4-6: | Befolkningsutviklingen i regionklassar (BA) etter største tettstad/by - 1980-2022. (Datakjelde: SSB, tab.07450)..... | 34 |
| Figur 4-7; | Befolkningsutviklinga i regionane 1980-2022 (1980=100). (Datakjelde: SSB, tab.07450) | 35 |
| Figur 4-8: | Demografiske endringskomponentar 2006-2021 i regionane, Vestland fylke. (Datakjelde: SSB) | 35 |
| Figur 4-9: | Demografiske endringskomponentar 2006-2021 for kommunane i Vestland fylke. (Datakjelde: SSB) | 36 |
| Figur 4-10: | Tal for personar i yrkesaktiv alder per person over 67 år i kommunar og regionar i Vestland fylke, 2000-2022) (Datakjelde: SSB) | 37 |
| Figur 4-11: | Framskriving av folketalet i Vestland og regionane vist i prosentpoeng endring 2022-2050 (2022=100) basert på SSBs framskrivingar for kommunar etter hovudalternativet (MMMM). (Datakjelde: SSB, tabell 13600, berekningar: NIBR) | 38 |

| | | |
|------------|--|----|
| Figur 5-1: | Utvikling i bruttoprodukt (BPD) og sysselsatte i i Vestland og landet 2008-2019 (2008=100) (Datakjelde: Nasjonalrekneskapet) | 40 |
| Figur 5-2: | Nærings- og sektorstrukturar i regionane og Vestland fylke 2021 (prosentvis fordeling av arbeidsplassar i ulike næringer/sektorar 2021) (Datakjelde: SSB) | 41 |
| Figur 5-3: | Utvikling i antall arbeidsplassar i hovudsektorar i Vestland 2009-22 (kurvene viser prosentpoeng endring frå 2009=100, medan absolute endringar i talet er oppført i parentesane). (Datakjelde: SSB) | 43 |
| Figur 5-4: | Vekst- og nedgangsnæringer 2008-2021 målt i endringar i talet på arbeidsplassar. (Datakjelde: SSB) | 44 |
| Figur 5-5: | Nærings- og sektorutviklinga i Vestland 2008-21. (Datakjelde: SSB) | 44 |
| Figur 5-6: | «Hubbene» som inngår i strategi Grøn region. | 47 |
| Figur 5-7: | Utviklinga i arbeidsplassar i fylkets 10 regionar i periodane 2008-21. (Datakjelde: SSB) | 50 |
| Figur 5-8: | Endringer i arbeidsplasser totalt og de ulike næringane i alle regionane i Vestland fylke. (Datakjelde:SSB) | 51 |
| Figur 6-1: | Utdanningsnivå hos busette i regionane 2021. (Datakjelde: SSB) | 53 |
| Figur 6-2: | Talet på sysselsette 2015-2021 etter utdanningsnivå, Vestland fylke. (Datakjelde: SSB) | 55 |
| Figur 6-3: | Utvikling i utdanningsnivå 2010-2020 etter bustad for regionane og Vestland fylke. (Datakjelde: SSB) | 56 |
| Figur 6-4: | Tal på godkjende lærekontraktar 2016-2022, Vestland. (Datakjelde: VLFK) .. | 58 |
| Figur 6-5: | Tal på elevar i yrkesfaglege og studieførebuande program (VG1 og VG 2) år 2018-22, Vestland fylke. (Datakjelde: VLFK) | 58 |
| Figur 6-6: | Årleg vekst i sysselsetjing fordelt på yrke 2015-22 (Kjelde: SSB statistikkbanken)..... | 59 |
| Figur 6-7: | Relativ utvikling av sysselsette i ulike yrker 2015-22 (2015=100) og absolute endringar (i parentesar). (Datakjelde: SSB) | 60 |
| Figur 6-8: | Tal på ledige stillingar i månadleg gjennomsnitt 2015-21 – Vestland fylke. (Kjelde: VLFK Næring, plan og innovasjon basert på SSB-/NAV-data) | 60 |
| Figur 6-9: | Kompetansebehov i privat sektor – Vestland. (Kjelde: NHOs kompetansebarometer 2022)..... | 61 |
| Figur 7-1: | Del av befolkningen i yrkesaktiv alder (16-66 år) | 63 |
| Figur 7-2: | Sysselsetjingsandelar 2007-2021 (delen sysselsette av befolkninga i yrkesaktiv alder 16-66 år). (Datakjelde: SSB) | 64 |
| Figur 7-3: | Sysselsetjingsutviklinga i Vestland og dei andre fylka 1986-2021 (prosentpoeng endring ift.1986=100). (Datakjelde: Panda basert på SSB) ... | 65 |
| Figur 7-4: | Sysselsetjingsutviklinga i regionane 2008-21. (Prosentpoeng endringer frå 2008=100). (Datakjelde: SSB) | 65 |
| Figur 7-5: | Registrerte arbeidsledige totalt i prosent at arbeidsstyrken (yrkesaktive+ ledige) 2015-2021, Vestland fylke og regionane (Datakjelde: Panda basert på SSB) | 66 |

| | | |
|-------------|--|----|
| Figur 7-6: | Registrerte arbeidsledige unge vaksne i prosent at arbeidsstyrken (15-29 år) (yrkesaktive+ledige) 2015-2021, Vestland fylke og regionane. (Datakjelde: Panda basert på SSB) | 66 |
| Figur 7-7: | Sysselsette i ulike næringer/sektorar i prosent fordelt på kjønn 2021, Vestland. (Datakjelde: SSB) | 67 |
| Figur 7-8: | Talet på sysselsette kvinner og menn i ulike næringer/sektorar 2021 (Datakjelde: SSB) | 67 |
| Figur 7-9: | Andel kvinner sysselsette i ulike næringer/sektorar 2009 og 2021 i Vestland fylke. (Datakjelde: SSB) | 68 |
| Figur 7-10: | Kjønnsfordeling (% kvinner) i næringer og sektorar (her med nummer som i figur 7-9) i dei ulike regionane og fylket. (Datakjelde: SSB)..... | 69 |
| Figur 8-1: | Innbyggjarane sine svar på spørsmål om moglegheit til å delta i ulike kulturaktivitetar. Gjennomsnittskår (2010, 2013, 2015, 2017, 2019) på ein skala frå -3 («svært dårlig») til +3 («svært godt»). (Kjelde: Innbyggjarundersøkinga) | 74 |
| Figur 8-2: | Unge si oppleving av lokalt tilbod av idrettsanlegg, treffstadar, kultur og kollektivtransport i Vestland fylke. (Datakjelde: Ungdataundersøkinga 2021) | 75 |
| Figur 8-3: | Frivilligheitssektoren sine oppfatningar rundt kva som er enkelt og utfordrande å få til, Vestland fylke (Kjelde: VLFKs undersøking av frivilligheitssektoren i 2020)..... | 78 |
| Figur 9-1: | Nivå og utvikling i inntektsulikskap i Vestland fylke og landet målt i Gini-koeffisient og P90/P10. (Datakjelde: SSB)..... | 80 |
| Figur 9-2: | Inntektsulikskap målt i Gini-indekser for kommunar i Vestland 2020 og 2021. (Datakjelde: SSB) | 81 |
| Figur 9-3: | Inntektsulikskap målt etter P90/P10 i kommunane i Vestland 2020 og 2021 7.(Datakjelde: SSB) | 81 |
| Figur 9-4: | Prosentdel personar (alle aldrar) som bur i hushald med vedvarande låginntekt i landet, Vestland, regionar, kommunar og bydeler i fylket (under 60 % av nasjonal medianinntekt over ein treårsperiode berekna etter EU-skala). (Datakjelde: FHI basert på SSB-statistikk)..... | 83 |
| Figur 9-5: | Prosentdel unge personar (0-17 år) som bur i hushald med vedvarande låginntekt 2010-20, i landet, Vestland, regioner, kommunar og bydelar (under 60 % av nasjonal medianinntekt over en treårsperiode berekna etter EU-skala). (Datakjelde: FHI basert på SSB-statistikk)..... | 84 |
| Figur 9-6: | Andel personar 15-61 år i utanforskap av befolkninga i same aldersgruppe (utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak) i landet, Vestland og regionane (Datakjelde: SSB tabell 13563, berekningar NIBR) | 85 |
| Figur 9-7: | Andel personar 15-61 år i utanforskap i landet, fylket og regionane for innvandrarar og befolkninga elles. (Datakjelde: SSB tabell 13563, berekningar NIBR) | 86 |
| Figur 9-8: | Andel personar 15-29 år i utanforskap i landet, fylket og regionane for innvandrarar og befolkninga elles. (Datakjelde: SSB tabell 13563, berekningar NIBR) | 86 |

| | | |
|--------------|---|-----|
| Figur 9-9: | Utanforskap for personar 15-29 år i alt, for innvandrarar, norskfødde med innvandrarforeldre og befolkninga elles i landet, Vestland fylke og Bergen kommune (andelar). (Datakjelde: FHI- kommunehelsa, tal for øvrige kommunar manglar)..... | 87 |
| Figur 9-10: | Gjennomføring og fråfall i vidaregåande skule 2015-21. (Datakjelde: SSB tabell 12971)..... | 88 |
| Figur 9-11: | Andel i vidaregåande skule som har slutta undervegs (fråfall) i Hordaland og Sogn/Fjordane i tre periodar 2013-21. (Datakjelde: SSB tabell 12971) | 89 |
| Figur 9-12: | Delen mottakarar av 'stønad til livsopphald' av befolkninga i yrkesaktiv alder – landet, Vestland fylke og regionane 2014-19. (Datakjelde: FHI-kommunehelsa, basert på NAV-data, berekningar NIBR) | 90 |
| Figur 9-13: | Delen mottakarar av 'stønad til livsopphald' av befolkninga i yrkesaktiv alder – kommunane, regionane, fylket og landet 2019. (Datakjelde: FHI-kommunehelsa, basert på NAV-data, berkningar NIBR) | 90 |
| Figur 9-14: | Del mottakarar av uføreytingar (varig uførepensjon og arbeidsavklaringspengar) i prosent av befolkninga i alderen 18 - 67 år i Vestland og regionane (gjennomsnitt for overlappande 3-årsperioder). (Datakjelde: FHI-kommunehelsa, basert på SSB) | 94 |
| Figur 9-15: | Forventa levealder for kvinner og menn (2006-2020) i landet, Vestland, kommunar og bydelar. (Datakjelde: FHI-kommunehelsa basert på SSB-data) | 95 |
| Figur 10-1: | Utslepp i Vestland fylke fordelt på sektorar 2021 (Datakjelde: Miljødirektoratet) | 98 |
| Figur 10-2: | Prosent endringar i klimagassutslepp fra norsk økonomisk aktivitet og hushald 1990 -2021 (1000 tonn CO2-ekvivalenter) (1990=100). (Kjelde: SSB/Miljødirektoratet) | 99 |
| Figur 10-3: | Nasjonale klimagassutslepp fordelt relativt (øvste figur) og absolutt (nedre figur) på ulike sektorar 1990-2021 (Datakjelde: SSB/Miljødirektoratet) | 99 |
| Figur 10-4: | Utviklinga i klimagassutslepp (tonn CO2-ekvivalenter) 2009-2021 frå ulike sektorar i landet (øvst) og Vestland (nederst) (ekskl. olje/gassutvinning, utanriks sjøfart, hushald). (Datakjelde: Miljødirektoratet) | 100 |
| Figur 10-5: | Relative endringar i klimagassutslepp (tonn CO2-ekvivalenter) på utslippssektor i Vestland fylke 2011-21 (Datakjelde: Miljødirektoratet) | 101 |
| Figur 10-6: | Utviklingen i absolute klimagassutslepp (tonn CO2-ekvivalenter) i regionane i Vestland 2011-2021. (Datakjelde: Miljødirektoratet) | 102 |
| Figur 10-7: | Talet på naturskadar i Vestland fylke i perioden 2010–2017. (Kjelde: Norsk Naturskadepool) | 103 |
| Figur 10-8: | Konsentrasjonen av skredhendingar i Vestland fylke i perioden januar 2018 til september 2018. (Kjelde: Noregs vassdrags- og energidirektorat NVE) ... | 104 |
| Figur 10-9: | Arealklasser og bruk i regionane 2021, Vestland fylke (Datakjelde: SSB, tabell 09594)..... | 106 |
| Figur 10-10: | Prosent endringar av ulike typar bygde og ubygde areal 2011-19 i landet, Vestland fylke og regionane. (Datakjelde: SSB)..... | 108 |

| | | |
|--------------|--|-----|
| Figur 10-11: | Absolutte endringar i arealbruk målt i kvadratkilometer 2001-19..... | 109 |
| Figur 10-12: | Fordeling (%) av tal for vassførekommstar etter økologisk tilstand per vasskategori (Kjelde: Vann-Nett 2019) | 115 |
| Figur 10-13: | Oversikt over det økologiske potensialet (tilstand) i sterkt modifiserte vassførekommstar (SMVF), prosent fordelt etter tal per vasskategori. (Kjelde: Vann-Nett 2019) | 115 |
| Figur 11-1: | Folketals- og arbeidsplassutvikling i kommunane (øvst) og regionane (nedst) i Vestland 2008-21. (Datakjelde:SSB)..... | 121 |

Tabelliste

| | | |
|--------------|---|-----|
| Tabell 5-1: | Regionanes næringsspesialiseringar etter arbeidsplassar (lokaliseringkskotientar 2021 vs. landet=1,00). Blåmerka har lok.kvot> 1.1 = overrepresentasjon eller spesialisering. (Datakjelde: SSB) | 46 |
| Tabell 5-2: | Oversikt over «hubbane» i strategi Grøn region 2022. (Kjelde: Vestland fylkeskommune)..... | 47 |
| Tabell 5-3: | Næringar/sektorar rangert etter tilvekst av arbeidsplassar for Vestland fylke og hovedområder 2008-21 (Datakjelde: SSB)..... | 49 |
| Tabell 6-1: | Sysselette (etter bustadkommune) fordelt på fagfelt og utdanningsnivå i regionane – lokaliseringkskotientar 2021 (blå celler har lok.kvot >1,0 som betyr sysselsette med angitt kompetanse er overrepresenterte samanlikna med fordelinga på fylkesnivået). (Datakjelde: SSB)..... | 54 |
| Tabell 6-2: | Endringar i sysselsette etter utdanningsnivå og fagfelt i regionane og fylket 2015-2021 (Datakjelde: SSB)..... | 57 |
| Tabell 8-1: | Rangering av Vestland fylke og øvrige fylke for ulike kulturkategoriar og samla 2020. (Kjelde: NKI 2020) | 71 |
| Tabell 8-2: | Utviklinga for Vestland fylke sitt rangeringsnummer blant fylka for ulike kulturkategoriar 2013-2020. (Kjelde: NKI 2020) | 71 |
| Tabell 8-3: | Kommunene i Vestland sin rangering i Norsk kulturindeks. (Kjelde: NKI 2020) | 72 |
| Tabell 9-1: | Helsetilstand målt i 6 sjukdomsgrupper etter unik førekost per 1000 innbyggjarar (i det aktuelle alderssegmentet) per år angitt som gjennomsnitt over 3-årsperioder 2015-2020 i Vestland fylke og landet. (Datakjelde: FHI).... | 92 |
| Tabell 10-1: | Klimagassutslepp (tonn co2-ekvivalenter) i sektor og regionar i Vestland 2021. (Datakjelde: SSB/Miljødirektoratet) | 98 |
| Tabell 10-2: | Absolutte og relative endringar 2015-21 i klimagassutslepp for ulike sektorkjelder i regionane, Vestland fylke. (Datakjelde: Miljødirektoratet) | 102 |
| Tabell 10-3: | Arealressursar, -bruk og -endringar 2011-2022 Vestland fylke (Datakjelde: SSB, tabell 09594) | 107 |
| Tabell 10-4: | Totalt og potensielt tilgjengeleg strandsoneareal på fastlandet (dekar) 2000- 2022 for Vestland fylke og regionane. (Kjelde: SSB tabell 08917)..... | 110 |
| Tabell 10-5: | Tilstandsverdi for hovudtypar av økosystem på Vestlandet 1990-2020 (inkluderer Vestland og Rogaland fylker). (Datakjelde: Miljødirektoratet) | 111 |
| Tabell 10-6: | Talet på trua naturtypar 2021 i Noreg kjende i Vestland fylke (Kjelde: Artsdatabanken) | 111 |
| Tabell 10-7: | Tal på trua artar 2021 i Noreg kjende i Vestland fylke (Kjelde: Artsdatabanken) | 112 |
| Tabell 11-1: | Folketal og arbeidsplassar i regionane 2015-22, Vestland fylke. (Datakjelde: SSB) | 119 |
| Tabell 11-2: | Forenkla framstilling av nokre nøkkeltema og indikatorars geografiske profilar..... | 125 |

Samandrag

Utgreiinga er ein del av eit prosjekt som NIBR har, i samarbeid med Nordlandsforskning og Dietz Foresight, med Vestland fylkeskommune som oppdragsgivar. Utgreiinga skal inngå i kunnskapsgrunnlaget til arbeidet frå fylkeskommunen med Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi.

Rapporten klargjer nokre sentrale trekk ved samfunnsutviklinga i Vestland fylke og regionane i fylket dei seinare åra. Fleire tema som demografi, utdanning, arbeidsmarknad, næringsliv, offentleg sektor, sosiale og kulturelle forhold og dessutan enkelte miljøaspekt blir omtalte. Hovudfokuset er likevel retta mot dei strukturane, endringsprosessar, utfall og samspeleffektar som først og fremst kjenneteiknar viktige sider av demografien, næringslivet, offentleg sektor og arbeidsmarknaden. Rundt desse emna finn ein nokre av dei viktigaste elementa bak økonomisk, sosial og geografisk differensiert utvikling i fylket, som regionale variasjonar i utviklingstrekk, -vilkår og -moglegheiter.

Studien er i hovudsak basert på analysar og omtalar av oppdaterte offentlege registerdata. Til dette blir brukt dei 10 økonomiske regionane i fylket (SSB) og kommunenivået som geografiske analyseeininger. I rapporten har vi i enkelte oversikter også delt inn dei 10 økonomiske regionane i fylket i to hovudområde: dei mest sentrale regionane (Bergen, Midt-hordland og Nordhordland) og dei mindre sentrale regionane (dei andre 7 regionane). Karakteristikken dei mest sentrale regionane kjem av at dei i stor grad består av kommunar som er integrerte i Bergen bu- og arbeidsmarknadsregion med den største byen i fylket og kommune med høgast sentralitet (iflg.SSB).

Busetjingsmønsteret

Vestland fylke har eit busetjingsmønster med ein markant storbyregion (62% av innbyggjarane) og store distrikt der resten av befolkninga er busette i mange småby- og bygdebyregionar fordelt i store delar av fylket. Urbaniseringssgraden i fylket, delen av innbyggjarane som bur i tettstadar, er på 81 prosent i fylket (83 prosent på landsbasis), men det er store interne variasjonar i mønsteret der enkelte regionar har ned mot 50 prosent busette tettstadar.

Det er med andre ord eit variert fylke med storbyregionen og mange mindre byregionar og spreiddbudde regionar med småstadar. Fylket rommar fortrinna og ulempene ein finn både i storbyane, småbyane og utkantdistrikta, samt utfordringar og moglegheiter som kjenneteiknar dei ulike typane busetjingsområder.

Demografi og utviklingstrekk

I området til Vestland fylke har det vore samanhengande befolkningsvekst dei siste 50-60 åra, men veksten har vore ujamn. Veksten var særskild sterkt mellom 2005-2015 på grunn av høgare innvandring enn nokon gong tidlegare. Sidan har veksten vore klart svakare, sjølv om det var eit lite oppsving siste året på grunn av fleire flyktingar frå Ukraina.

Gjennom dei siste 15 åra har både fødselsoverskot og innvandring sikra befolkningsveksten i fylket. Desse to vekstkomponentane har overgått ei samtidig innanlandske nettoutflytting knytt til ein negativ flyttebalanse med Oslo og Austlandet. Utvikling mot ei eldre befolkning er ein faktor som svekker fødselsoverskotet vidare framover. Dette vil særleg merkast i ein del mindre kommunar i distrikta. For fylket samla sett er det likevel grunn til å rekne med framleis folketalsvekst dei nærmaste to tiåra, sjølv om nivået er usikkert på grunn av stor uvisse om nivå på inn- og utvandringa. Framover er det først og fremst ein del av dei mindre

distriktskommunane som ikkje vil klare å halda oppe folketalet med dei befolkningsstrukturane dei har og den nettoutflytinga til landet elles dei har hatt og sannsynlegvis framleis vil få, om enn på eit noko lågare nivå enn før.

Utviklinga i fylket har vore prega av sentralisering av befolkninga på alle geografiske nivå over lang tid. Utviklinga i regionane dei seinare åra (2015-22) har vore slik:

Dei *nest sentrale regionane* (Bergen, Midtjylland og Nordjylland) har hatt klart sterkest befolkningsvekst som følgje av høgast fødselsoverskot og nettoinnflytting. I dette området inngår tre økonomiske regionar der mange av kommunane er integrerte i Bergens bu- og arbeidsmarknadsregion. Dei fleste kommunane (9 stk.) har hatt sterkt befolkningsvekst, men her er også tre mindre kommunar med lågast sentralitet som har hatt nedgang. Dei *mindre sentrale regionane* i fylket er dei sju øvrige økonomiske regionane som ofta har en småby som største tettstad og regionssenter, og desse vert også stundom omtalt som distriktsregionane i fylket. Dei fleste av desse regionane har i hovudsak halde oppe folketalet (4 har litt vekst og 3 har litt nedgang, 2015-22), men internt i desse regionane har utviklinga blant kommunane vore svært ujamn. Medan 12 kommunar har folketalsvekst og har heile 16 hatt nedgang i perioden 2015-22. Dei utprega senterkommunane i mange av desse regionane har hatt noko befolkningsvekst over fleire år som følgje av (netto-) innvandring frå utlandet og noko fødselsoverskot. Dei fleste kommunane med nedgang i desse regionane er dei med lågast folketal og sentralitet, og dei er ofte omlandskommunar til senterkommunar i regionane. I dessa kommunane har både fødselsunderskot (pga. aldrande befolkning) og samtidig betydeleg (netto-) utflytting bidratt til nedgangen.

Næringsstrukturar, arbeidsplassar og utviklingstrekk

Fylket har eit svært variert og mangesidig næringsliv. Her er mange store eksportnæringer og globalt eksponerte verksemder, men også store næringar og sektorar retta mot heimemarknader og brukarar.

Sterke kompetanse- og næringsmiljø finst innan mellom anna sjømat, maritime næringar, prosessindustri, energisektor, olje og gassrelaterte næringar, reiseliv og kultur, landbruk og foredlingsverksemd, forretningstenester, utdanning og forsking. Desse er ujamt representerte og forankra til ulike regionar og områdespesialiseringar i fylket.

Regionane varierer i sentralitet, bystørrelse og tenestyttingens del av arbeidsmarknaden. Dette har også gitt regionane litt ulike roller og funksjonar i fylket. Dei med sentrale regionane har høgaste del sysselsette i tenester og største variasjon i sektoren samt innslag av spesialiserte kompetanseintensive tenester. Dette er tenester som forsyner brukarar og kundar over heile fylket. Dei mindre sentrale regionane har noko mindre del av tenester og relativt sett større del av dess innafor ordinær tenester retta mot brukarar og kundar i eigen region. Dei mindre sentrale regionane har samstundes eit relativt sett større innslag av verdiskaping knytt til primærnæringer, industri og turisme, ofta retta mot både nasjonale og internasjonale marknader.

Sjølv om delen av arbeidsplassar i tenester stort sett aukar med regionanes sentralitet og innbyggjartal, varierer deira nærings- og sektorstrukturar elles mykje helt uavhengig av dette. Regionane har ulike basisnæringer og er da som ofta spesialiserte i ulike bransjar og verdikjeder som er vekse fram historisk forankra i særskilte ressursar og konkurransefortrinn i dei ulike områda. Viktige regionale variasjonar er her knytt til ulike innslag og grader av spesialiseringar innafor fleire kystnæringer (sjømat, maritim, olje og gass), kraftkrevjande industriar, landbruksnæringer, besøksnæringer, forretningstenester og statleg tenesteyting. Disse skilnadene bidrar en del til regionanes ulike sær preg og mosaikk av ulike regionar.

Den store veksten av arbeidsplassar i fylke det siste 10 åra har komme innan helse og sosial, olje- og gassrelaterte tenester, kunnskapsintensiv forretningstenester (KIFT), bygg og anlegg, offentleg administrasjon og til dels undervisning. Det har òg vore noko vekst av arbeidsplassar innan opplevingsnæringer (kultur, reiseliv m.m.) og sjømatnæring. På den andre sida har det i fylket vore stor reduksjon i talet på arbeidsplassar innanfor andre næringer som teknologiindustri (verft, maskiner etc), transport, landbruk/foredling og handel.

Samla har nettotilveksten i talet på arbeidsplassar vore omtrent lik stor i privat som i offentleg sektor. I privat sektor har veksten vorte sterkare konsentrert til sentrale område som følgje av veksten i mange private tenesteytande næringer. Arbeidsplassutviklinga i industri og sjømat har likevel utvikla seg sterkare i dei mindre sentrale regionane. For offentleg sektor har også veksten vorte meir konsentrert til sentrale regionar, noko som særleg kjem av auka sentralisering innanfor statleg tenesteyting men òg i noka grad høgare veksattakt i kommunal tenesteyting mellom anna som følgje av størst befolkningsvekst der.

Dei mest *sentrale regionane* har stort sett hatt sterkest (netto-) vekst i arbeidsplassar totalt, og mykje drivne av vekst innanfor olje- og gassrelaterte tenester, forretningstenester, helse og sosial tenester, undervisning og offentleg administrasjon. Dei *mindre sentrale regionane* har samla hatt svakare utvikling på grunn av betydelege reduksjonar innanfor deira store basisnæringer (primærnæringer, industri) og ordinære tenester (handel etc.), og sjølv om dei samstundes har hatt litt vekst i enkelte andre tenester og nye næringer (sjømat, forretnings-tenester, opplevingsnæringer). Innanfor gruppa av mindre sentrale regionar har det likevel vore en svært ujamn utvikling mellom dei, det vil si nokon har hatt betydeleg vekst, fleire stabil utvikling og nokon klar nedgang.

Det er verd å merka seg at Vestland dei aller siste åra har hatt ein markant fornya vekst innanfor olje/gassektoren og relaterte tenester, og signal om store investeringar tyder på stor sysselsetjingsvekst i denne sektoren dei nærmaste åra. Med dei lønnsvilkåra som blir tilbodne i den sektoren vil utviklinga der høgst sannsynleg bidra til aukande utfordringar dei nærmaste åra med å halde på og rekruttere kompetansearbeidskraft i andre næringer og for utviklinga av nye grøne næringer.

Arbeidsmarknad og kompetansebehov

Vestland fylke har hatt sterkt vekst av jobbar 2015-22 innan akademiske yrke, men også betydeleg innan sals- og serviceyrke, prosess- og maskinoperatør og dessutan høgskuleyrke. Fylket har hatt klart sterkare relativ vekst enn landet innanfor yrke som fiske og landbruk, prosess-/maskinoperatørar og transportarbeid, men relativ svakare vekst enn landet innanfor akademiske yrke, handverksyrke og reinholds- og serviceyrke. Ser vi på det store volumet av *ledige stillingar*, vert det spurt etter sjukepleiarar, pleiemedarbeidarar, bygningsarbeidarar, tilsetjing innan leiing/politikk, andre yrker utan utdanningskrav, kontor/kundeservice, ingeniørar, lærarar grunnskule, metall- og maskinarbeidarar. Hovuddelen av veksten i jobbar og ledige stillingar har kome i dei sentrale regionane, men elles noko i regionane med ein del variasjonar med omsyn til type yrke og stillingar.

Den *registrerte arbeidsløysa* i fylket har variert mellom 1,5-2,9% (2015-21) og på same nivå som for landet. Arbeidsløysa blant unge vaksne i fylket har også variert endå meir og generelt lege på eit noko høgare nivå (1,6-3,5%). Arbeidsløysa har heile tida vore høgast i sentrale delar av fylket (Bergen og fleire sentrale kommunar i Midt- og Nordhordland) pluss enkelte kommunar i sør (Bømlo kommune i region Stord, og Kvinnherad kommune i region Sunnhordland Aust). Dette er også regionane med sterkest vekst i arbeidsplassar og sysselsetjing. Omvendt er delen registrerte ledige mindre i dei mindre sentrale regionane, også i dei meir einsidige industrikommunane. I desse områda har tilveksten av

arbeidsplassar og sysselsetja også vore svak. Mykje tyder då på at om ein er eller risikerer å verte arbeidsledig i ein distriktsregion eller –kommune, vil ein oftare flytte ut og då til sentrale strøk med eit større arbeidstilbod, enn å velje flytting motsett veg.

Det har vore og er mangel på arbeidskraft og kompetanse i privat og offentleg sektor i store delar av fylket. Dei siste åra har det vore eit stort *udekt arbeidskraft- og kompetansebehov* i både privat og offentleg sektor (helse/sosial, bygg/anlegg, utdanning, metall/maskin, teknikk/ingeniør, kundeservice/ kontor m.m.) og til yrker med lågare og mellomliggende utdanningskrav (vidaregåande skule, fagskule, 1-3 års høgskule). Det er òg mangel på arbeidstakrar til ein del jobbar utan noko utdanningskrav.

Fylket har eit sterkt kjønnsdelt arbeidsliv og -marknad og særleg i distriktsregionane. Mønsteret vert reproduusert av tradisjonelle utdannings- og yrkesval. Dette kan bidra til å hemme arbeidskrafttilgang til samfunnsviktige yrke og oppgåver og potensielt bidra til å svekke bustadattraktiviteten for nokre grupper i enkelte kommunar.

Den relativt låge arbeidsløysa for tida er eit signal om at tilgangen på ledige menneskelege ressursar er ganske avgrensa. Arbeidskrafteterspurnad og arbeidsløyse endrar seg med ujamne mellomrom. Men mykje tyder på at kompetanse- og arbeidskraftutfordringane i mange av bransjene og deler av offentleg sektor i regionane vil verte ytterlegare forsterka dei nærmaste åra. Det aukar behovet for å sikre at færre personar endar i utanforskap og betre mobilisering og integrering i arbeidslivet for dei som står utanfor eller fell ut av skula og arbeidsliv. Varetaking av tilsette og betra mobilisering av personar i utanforskap (ikkje i arbeid, utdanning, tiltak) vert såleis viktige i dei fleste regionane framover. Dette er også relatert til at arbeidsstyrkens del av befolkninga har vore fallande og framleis fell i alle regionane (unntake Bergen), og vil halde fram med å falle framover. Lågast del og størst fall i denne indikatoren har distriktsregionane som står overfor sterkest aldring i befolkninga.

Kulturliv, idrett og frivilligheit

Fylket har eit aktivt kultur- og organisasjonsliv. Nasjonal kulturindeks som måler aktivitetsnivået, tettleikane og breidda til kultur-sektoren av tilbod på kommunenivå, viser at både sentrale kommunar og mange av distriktskommunar i Vestland ligg på eit høgt nasjonalt nivå på denne indeksen.

Barnefamiliepanelet for fylket dokumenterer at dei fleste barn og ungdom (6-15 år) deltek i faste organiserte aktivitetar, medan om lag 10 prosent fell utanfor. Høg deltaking til trass, så er det sosiale forskjellar. Med aukande inntekt og/eller utdanning hos foreldra, aukar sjansane for deltaking blant barn og unge. For deltaking i idrett er inntekta til foreldra ein viktig differensierande faktor, medan for kulturaktivitetar er utdanningsnivået til foreldra viktigare. Det er særleg guitar som har foreldre med låg utdanning/inntekt som er mest utsette for ikkje å delta i organiserte aktivitetar.

Delen av barn og unge som deltek totalt varierer ikkje så mykje mellom regionar, men meir mellom kommunar med låg sentralitet og ellers blant bydelar i Bergen kommune. Det er ikkje særlige forskjellar i unges idrettsdeltakinga etter kommunanenes sentralitet, men tendensielt noko auka kultur-deltaking med fallande sentralitet på kommunen. Generelt kan ikkje dei geografiske forskjellane i deltakinga i faste aktivitetar blant unge fullt ut forklarast med sosioøkonomiske forskjellar til foreldre.

Frivilligheita er ein stor og viktig sektor i fylket og av vesentleg betydning for eit varierte kultur-, idretts- og fritidstilbod og mange aktivitetar av stor betydning for livskvalitet og folkehelsa i lokalsamfunn og kommunar. Sektoren har ein stor verdi for attraktivitet og fritidstilbod i lokalsamfunn og regionar i distrikta. I fylket har sektoren likevel fått auka

utfordringar med å rekruttere nok leiarar og eldsjeler til å ta over og følgje opp andre som går av. Dette blir ei viktig utfordring som må møtast i mange lokalsamfunn og kommunar i åra framover.

Nokre utvalde sosiale forhold

Dei registrerte personlege *inntektsforskjellane* har auka markant det siste tiåret i fylket og særleg i enkelte kommunar i vest og sør. Det er ikkje mogleg å sjå noko tydeleg geografisk differensiering utover dette. Denne statistikken har store avgrensingar til bruk for å kaste lys over økonomiske forskjellar mellom anna fordi kapitalinntekter ikkje inngår.

Utviklinga i delen av personar som bur i hushald med låginntekt (inntekt under 60 % av nasjonal medianinntekt over ein treårsperiode berekna etter EU-skala) i fylket, regionane og kommunane er ein indikator for kor mange som lever i relativ fattigdom, og er slik sett ein annan indikator for nivå og utvikling i økonomiske og sosiale forskjellar. Det er også kjent at utviklinga i inntekt og økonomi er grunnleggande påverknadsfaktorar for helse, og forsking viser samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand. Det å veke opp i familiarar som over tid har låginntekt har vesentleg betydning for helsa og velferda til barna.

Vestland har litt lågare del personar i vedvarande låginntekt enn delen på landsbasis (både for gruppene «alle aldrar» og «unge 0-17 år»). Delen unge (0-17 år) i låginntekt er ein del større enn delen generelt blant alle innbyggjarar. Det er ei klar utvikling mot høgare delar i låginntekt det siste tiåret både i landet, fylket, dei fleste regionane og kommunane. Dette gjeld begge grupper, men noko større relativ auke blant dei unge enn blant innbyggjarane totalt sett. Internt i fylket er det store variasjonar i del av personar i låginntektshushald (i begge grupper), særleg mellom ulike kommunar, men endå større internt mellom bydelar i den største kommunen Bergen.

Kor mange og kor stor del personar som lever i *utanforskap* i fylket og regionane seier både noko om bruken av menneskelege ressursar i samfunnet, men òg noko om storleik på gruppa med høg risiko for varige problem med å komme inn på arbeidsmarknaden og sikre gode helse og livskvalitet. Det kan også sia noko om geografiske forskjellar i utfordringar knytt til kommunale helse- og velferdstenester. Utanforskap vert målt på ulike måtar, men ein vanleg måte som vert brukt av SSB og Folkehelseinstituttet er talet på og del personar som verken er i arbeid, utdanning eller opplæring.

Del personar i utanforskap (utanfor arbeid, utdanning, tiltak) i Vestland fylke har lege på 11-13 prosent totalt av befolkninga i yrkesalder (2015-2021), og 23-26 prosent berre for innvandrarbefolkninga. For unge vaksne (15-29 år) er talet 7-8 prosent av befolkninga og 24-27 prosent berre for unge innvandrarar. Sistnemnde nivå er klart over landsgjennomsnittet.

På regionsnivå varierer del i utanforskap noko, og dei største delane og klart flest personar er det i dei sentrale regionane (ca.14 prosent i Bergen og Midtjylland). Lågast delar er det i enkelte av dei mindre sentrale regionane (10-11 prosent i Indre Sogn, Sunnfjord/Ytre Sogn). Om ein avgrensar til gruppa unge innvandrarar (15-29 år) er delen i utanforskap vesentleg høgare generelt, og her ligg både fleire mindre sentrale regionar høgt (ca. 30 prosent i Sunnfjord/Ytre Sogn) saman med den mest sentrale regionen (ca. 27 prosent i Bergen kommune). Målt i talet på personar i utanforskap er det talet likevel mykje høgare for unge tilhøyrande majoritetsbefolkninga samanlikna med unge innvandrarar. Dei forholdsvis høge tala av unge personar i utanforskap (utanfor arbeid, utdanning og tiltak) er opplagt ei utfordring for vestlandssamfunnet framover, men bør også vera ein stor unytta reserve for å styrke samfunns- og næringsutviklinga i åra som kjem i alle delar av fylket.

Fråfallet i vidaregåande skule i Vestland fylke har lege på ca. 8,1 prosent som er noko under nivået på landsbasis (9,3 prosent). I fylket er fråfallet blant gutar høgare enn blant jenter (høvesvis 9,5 og 6,7 prosent). Fråfallet synest noko redusert dei seinare åra. Data på kommune- og regionsnivå er ikkje tilgjengeleg.

Del *uføre* (varig uførepensjon eller på arbeidsavklaringspengar) i alderen 18-67 år aukar frå 2,6 til 3,1 prosent 2014-2020 i Vestland fylke. Nivået er litt under nivået på landsbasis. Nivået har vore aukande i fylket, regionane og heile landet. Uføre personar er utanfor arbeidsstyrken på kortare eller varig sikt, og er ei helsemessig utsett gruppe. Delen *uføre* varierer mykje blant regionane. Høgast del har Stord og Sunnhordaland Aust, som ligg betydeleg over fylkesnivået. Bergen og Indre Sogn ligg mykje lågare og godt under fylkes- og landsnivået. Årsakene til desse variasjonane er ikkje nærmere analyserte, men det er sannsynleg at ulike aldersstrukturar, arbeidsliv og arbeidsmarknad verkar inn.

Klimagassar, natur og miljø

Vestlands klimagassutslepp utgjorde 6 853 953 tonn CO₂-ekvivalentar i 2021, som er 21 prosent av Fastland-Noregs utslepp. Utsleppa per innbyggjar ligg 75 prosent over nivået på landsbasis, noko som hengjer saman dei særegne næringsstrukturane i fylket.

Fordelt på sektorkjelder er dei største utsleppa per 2021 frå industri, olje og -gassverksemد (46%), sjøfart (20%), vegtrafikk (12%), energiforsyning (9%) og jordbruk (6%).

Noregs klimagassutslepp har vorte reduserte med -4,7 prosent 1990-21 totalt (SSB) og -14,8 prosent om vi held utsleppa frå olje/gassutvinning og utanriks luft- og sjøfart utanom. Nasjonalt nådde utsleppa en topp i 2015, og har sida gått noko ned. Utsleppa i Vestland har hatt ei litt anna utvikling enn tendensen i landet. I fylket vart ein førebels historisk topp nådd i 2013, deretter nedgang kvart år fram til 2019 med i alt -18,2 prosent. Deretter har det vore ein auke på 5,2% frå 2019 til det siste måle året vårt her (2021). Det er industrien (inkl. olja/gass fastland) som her har hatt ein stor vekst i utsleppa 2019-21 (14,4%) og står for stort sett heile den nye utsleppsveksten for fylket samla. Det har òg vore ein betydeleg relativ vekst i utslepp frå energiforsyning (+9.3 %, 2019-21), men samla er dette bidraget lite. I dei same to åra har det vore stor absolutt og relativ nedgang i utslepp frå vegtrafikk, oppvarming, luftfart og avfall.

For regionane varierer utsleppa stort både absolutt og per innbyggjar. Hovudårsaka er ulike føretaks- og næringsstrukturar i regionane. Dei er høgast der det er større petro- og metallindustrielle verksemder, energiproduksjonar og mykje sjøfart. Fordelinga av utslepp mellom regionane har desse åra òg endra seg noko etter ein lengre stabil periode. Det er dei auka utsleppa i Nordhordland og Sunnfjord Aust frå industri-/olja/gassverksemder her som særleg bidreg til at delane til desse regionane aukar medan utsleppa går ned for mange andre regionar.

Fylket har store *arealressursar* med regionalt varierande innslag av fjell, blokkmark, isbrear, open fastmark, våtmark, skog og ferskvatn. Samansetninga av arealressursar i regionane varierer elles mykje mellom indre og ytre strøk og nordlege og sørlege delar av fylket. Arealressursane inngår som sentrale element i naturgeografien, økosystema og naturmangfaldet i fylket. Dei dannar samtidig på ulikt vis basis for både busetjing, utbygging, verdiskaping, folkehelse, levekår, klima og miljø. Det har vore ei markant nedbygging av areal (til bustadar, hytter, teknisk infrastruktur, idrett/ sportsanlegg m.m.) over fleire tiår i mange kommunar og regionar. Kva slags areal som er bygde ned til kva formål varierer noko med kommunars og regionars sentralitet og lokalisering i fylket. Alle regionane, og særleg kystkommunane sentralt i fylket, har hatt den kraftigaste nedbygginga av tilgjengelege areal i strandsona.

I 4 av 6 hovudtypar av økosystem i Vestland/Rogaland har det vore ei negativ utvikling i tilstanden dei siste 30 åra. Dette gjeld særleg for økosystema fjell, ope lågland og våtmarker. Noko meir detaljar på fylkesnivå kjem fram i norsk kunnskapsbank for naturmangfald, der det går fram at 48 naturtypar som finst mellom anna i Vestland er «trua naturtypar» (kritisk eller sterkt trua, eller sårbare) og 25 er i «nær trua». Blant dei trua naturtypane er mellom anna slåttemark, myr med slåttepreg, kystlynghei, strandengtypar m.m.. Fylket har også 597 av landets «trua artar» og 375 «sårbare artar». Blant dei sårbare artane der mellom anna Vestland fylke har eit stort ansvar, er villreinen. Truslane mot dei utsette naturtypane og -artane er knytt til habitatpåverknad (arealnedbygging, landbruk og annan menneskeleg aktivitet), uregulert jakt/fangst/fiske, forureining og klimaendringar.

Endå tilgang på vatn av god kvalitet er grunnleggande for alt liv og mange typar menneskelege aktivitetar. Vestland har i utgangspunktet rikeleg tilgang på vatn av god kvalitet. I fylket er 21 prosent klassifisert som sterkt modifiserte vassførekomstar, og 44 prosent av desse igjen har svært dårlig/dårlig økologisk potensial. Av undersøkte vassførekomstar for kjemisk tilstand hadde 42 prosent «dårlig kjemisk tilstand». Kunnskapen på feltet er framleis noko mangelfull, men ut frå det ein veit er det i delar av fylket miljøutfordringar knytt til for dårlig vasstilstand.

Nokre geografiske mønster

Rapporten gjer greie for utviklinga i kvar enkelt region og geografiske mønster og variasjonar knytt til fleire aspekt ved samfunnsutviklinga. Når det gjeld strukturar og utviklingstrekk knytt til demografi, arbeidsmarknad og utanforskap for heile befolkninga (utanfor arbeid, utdanning og tiltak) synest det å vere ganske systematisk mønster etter regionanes og kommunanes sentralitet. Det vil seia at fødselsoverskot, nettoinnflytting, arbeidsplassvekst, men også registrert arbeidsløyse og del av befolkninga i utanforskap aukar noko med regionanes og kommunanes sentralitet.

Når det derimot gjeld andre tema som eksempelvis delen personar i utanforskap blant unge innvandrarar, delen av personar i låginntektshushald, delen av uføre og forventa levealder, er det ikkje noko klart mønster etter sentralitet på kommune eller regionsnivå. For enkelte slike indikatorar kan elles variasjonane mellom bydelar i Bergen kommune vere vel så store som mellom kommunar eller regionar etter sentralitet. Noko av det same gjeld direkte klimagassutslepp totalt og per innbyggjar der det geografiske mønsteret ikkje berre blir påverka av sentralitet (talet på innbyggjarar og næringsstrukturar), men vel så mykje påverka av den ujamne lokaliseringa av store punktslepp knytt til enkelte typar prosessindustriar samt olje/gassnæring på fastlandet. Arealnedbygging går føre seg i dei fleste kommunar i fylket, men det er ein viss sentralitetsdimensjon når det gjeld formål og arealtypar.

Utviklingsstyrkar og utfordringar for berekraft og geografisk balanse

På grunnlag av dokumentasjonen i rapporten trekker han heilt til slutt ut nokre generelle eigenskapar når det gjeld utviklingsfortrinnet i fylket, utfordringar knytt til berekraft og balanse i utvikling.

Når det gjeld *utviklingsfortrinnet* og -styrkar i fylket vert det mellom anna knytt til store og varierte natur- og kulturmiljøet, eit variert næringsliv og verdikjeder med internasjonal konkurransesett, sterke kunnskapsmiljø og -institusjonar, og høgt utdanna befolkning og kompetent arbeidskraft.

Når det gjeld utfordringar for *berekraft* vert det på (i) miljø-feltet knytt til klimagassutslepp som aukar, en negativ utvikling i natur- og artsmangfald, nedbygging av arealer, på det (ii)

sosiale feltet knytt til utanforskap, fråfall i skule og tilgang på gode velferdstenester i alle kommunar, og på det (iii) økonomiske feltet til auka investeringar og arbeidskraftbehov i olje/gassektoren samtidig som det er stor mangel på arbeidskraft og kompetanse til utvikling av nye grøne næringar, betre velferdstenestar og større næringsdiversitet i mye av fylket.

Når det gjeld *geografisk balansert utvikling*, er det spesielle utfordringar knytt til sterk sentralisering av befolkning og kompetansearbeidsplassar, auka sårbarheit for avsidesliggende småkommunar og utfordringar med nasjonale sentraliseringsprosessar og konkurranse med hovudstadsregionen om kompetansearbeidsplassar og unge vaksne.

Summary

The report is part of a commissioned project NIBR carried out for Vestland County Municipality in 2023. It constitutes part of a knowledge base for the Development Plan for Vestland 2024-2028. The report is a limited analysis of regional development which highlights the following questions:

- What characterizes the demographic, economic and social structures and trends of Vestland county and its regions over the last years?
- What characterizes their sustainability status (economic, social, environmental) and challenges?
- What characterizes the geographical development patterns og variation within in the county?

The report clarifies some key aspects of the demographic, economic, social and environmental development trends and patterns in Vestland county and its 10 economic regions over the last decade. It discusses advantages and challenges in regard to robust, sustainable og balanced development in the county. Most of the report is based updated register data and analysis of statistics.

At the county level, has large and varied natural and cultural resources, diversified industrial structures and some value chains with international competitiveness, strong knowledge institutions and a highly educated population. The demographic and economic development patterns are characterized by centralization and increased concentration of growth to the largest city region of Bergen, though the population number have for the most been maintained in other parts of the county by immigration.

The main *sustainability challenges* identified in the county of Vestland regard greenhouse gas emissions, degradation of land and biodiversity, social exclusion (from work, schools, society), provision of welfare services in small municipalities, and strong employment growth in the oil/gas sector and related activities combined with shortage of labour and skills required in developing new green industries and maintaining welfare services. Additionally, there are challenges to regional balance due to strong centralization of the population, particularly among young inhabitants. Furthermore, competence and jobs are located to the largest city region, whereas a range of small vulnerable municipalities have weak population development, ageing and increasing challenges in providing welfare services. The county including the largest city region, also have some challenges due to strong national centralization of jobs, skills and young people to the capital city region.

1 Introduksjon

1.1 Bakgrunn

Kunnskap om regionale utviklingstrekk er eit viktig grunnlag for statens, kommunanes og fylkeskommunens planlegging og verksemd i fylket.

Fylkeskommunen har oppgåver som samfunnsutviklar, tenesteprodusent, styresmakts-utøvar og demokratisk arena (St.melding 22 2015-16). Rolla som samfunnsutviklar skal bidra til ei heilskapleg og ønskt samfunnsutvikling i eige fylke gjennom 1) å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga tilpassa lokale og regionale forhold, 2) mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn, og 3) samordne og koordinere offentleg innsats og ver�emiddelbruk.

Regional planlegging er eit sentralt ver�emiddel i dette arbeidet med å få til ei heilskapleg utvikling i fylket, oppnå prioriterte samfunnsmål basert på felles regional forståing av utfordringar og moglege løysingar (Meld. St. 18 (2016–2017). Formålet er «å stimulere den fysiske, miljømessige, helsemessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i en region» (op.cit).

Regional planlegging er viktig for å lykkast med nasjonal politikk og mål om ei regionalt balansert og berekraftig samfunnsutvikling.

I samsvar med plan- og bygningslova er regional planstrategi obligatorisk for fylkeskommunane. Strategien skal «redegjøre for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringer, vurdere langsiktige utviklingsmuligheter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og hvilke spørsmål som skal tas opp gjennom videre regional planlegging» (Pbl § 7-1).

Rapporten du no lesar inngår som ein del av eit oppdrag NIBR har, i samarbeid med Nordlandsforskning og Dietz Foresight, med å levere noko av kunnskapsgrunnlaget til Vestland fylkeskommunen sitt arbeid med regional planstrategi.

1.2 Problemstillinger

Denne rapporten er ein avgrensa analyse av regional samfunnsutvikling som søker å klargjere følgjande problemstillingar:

- Kva for strukturar, drivkrefter og utviklingstrekk kjenneteiknar sentrale delar av samfunnsutviklinga i Vestland fylke, regionane og kommunane?
- Kva for moglege utviklingsstyrkar og berekraftsutfordringar kan identifiserast i denne analysen?

Dette er vidare konkretisert til oversikter over nokre sentrale strukturar, utviklingstrekk og mønster dei siste 5-10 åra når det gjeld:

- demografi, økonomi (næringssektor/arbeidsmarknad), sosiale og kulturelle forhold, og visse samanhengar mellom desse
- berekraftsstatus og -utvikling på enkelte felt - dvs. for nokre få utvalde indikatorar (øk, sos, miljø)
- geografisk variasjon internt i fylket (økonomiske regionar og kommunar) og fylket relatert til landet/andre fylke

Dette dannar grunnlag for nokre avsluttande tankar rundt særskilde fortrinn, utviklingsstyrkar og dessutan nokre utfordringar knytt til berekraftsdimensjonar.

Rapporten gir med andre ord empiriske utgreiingar og analysar av enkelttema og nokre samanhengar knytt til samfunnsutviklinga på fylkesnivå og i regionane. Hovudfokus er strukturar, utviklingstrekk og endringskomponentar knytt til demografi, nærings- og sektorforhold og arbeidsmarknad, som er dei mest sentrale vilkåra og drivarane bak utviklinga. Dette er mykje basert på oppdaterte data- og informasjonsgrunnlag (sjå omtale kap.1.3).

Dermed har vi òg sagt noko om kva denne utgreiinga ikkje er. Ho er verken ein teoretisk-empirisk fortolkande årsaksanalyse, statistisk korrelasjonsanalyse, komplett moglegheitsanalyse, verkemiddel- og tiltaksanalyse eller framtidssanalyse. Når dette er sagt klargjer rapporten nokre utviklings-trekk og vilkår frå dei siste 5-10 åra, som også vil legge nokre viktige føringar på utviklinga og mogleheitene framover. Utgreiinga gir samtidig ein del informasjon om fylkets og regionanes styrkar, svakheiter, mogleheter og utfordringar i eit utviklings- og berekraftsperspektiv framover.

1.3 Data og metodar

Data- og informasjonsgrunnlag er primært basert på siste oppdaterte offentleg tilgjengelege statistikkar (SSB, FHI, Miljødirektoratet, NAV, VLK osb.), og i nokon grad dokument og forsking som det fortløpende vert referert til i teksten.

Offentlege registerdata som er brukt er stort sett robuste data i utviklinga over tid for viktige økonomiske og sosiale forhold (demografi, næringar, arbeidsmarknad, sysselsetjing, arbeidsløyse, utanforskap m.m.). Når det gjeld miljøstatistikk er det også utvikla stadig meir robuste data (arealressursar/-bruk, klimagassar, biologisk mangfald m.m.), men for ein del av desse er det framleis noko mangelfullt særleg når det gjeld lengre tidsseriar og data på lågare geografisk nivå (kommune). Vi har her mått avgrense oss til å trekke fram enkelte berekraftsindikatorar der det finst noko statistikk tilgjengeleg. Dette betyr naturlegvis ikkje at berekraftstema som manglar gode taldata òg kan vera vel så viktige, og viktigare i og for seg, å ha fokus på i arbeid med berekraft i kommunar og fylke.

Forutan desse data- og informasjonskjeldene har utkast til denne rapporten vore gjennom fleire rundar med prosjektgruppe og fagfolk i Vestland fylkeskommune. Der har det komme viktig informasjon og innspel til arbeidet med denne rapporten.


2 Perspektiv, omgrep og avgrensingar

2.1 Regional samfunnsutvikling – drivkrefter og berekraft

I omgrepet *regional samfunnsutvikling* ligg det gjerne heilskapleg forståing av enkeltdelar og samspeleffektar mellom demografiske, økonomiske, sosiale og kulturelle vilkår og endringsprosessar i ein region. Regionar blir òg forstått som opne system. Dei har dei spesifikke ressursane sine og kapasitetar som påverkar responsar, endringar og potensial, men er samtidig integrerte i og påverka av ulike eksterne relasjonar og rammevilkår – nasjonalt og internasjonalt. Forståinga av regional samfunnsutvikling krev altså ei viss breidd i tilnærming og analyse, sjølv om det ofte vil vere behov for å avgrensing.

I den regionalfaglege litteraturen vert viktige forhold, som er interne i regionen, særleg knytte til busetjingsmønster, ressurser (naturgitte, menneskelige, økonomiske), arenaer og attraktivitet samt institusjonell kapasitet og aktører. Vilkår og prosessar på fleire av desse felta gir utfall og effektar for folketal og sammensetjing, sysselsetting og verdiskaping, kommuneøkonomi og tenestetilbud, livskvalitet og levekår for ulike grupper. Figuren under illustrerer nokre av desse elementa innanfor eit heilskapleg perspektiv.

Figur 2-1: Regional samfunnsutvikling – forenkla illustrasjon av nokre sentrale betingelsar, og samanhengar



Strukturar, drivkrefter og dynamikk innanfor og mellom dei blå og gule boksane i figuren verkar i sin heilskap inn på dei utfalla, resultat og effektar som ein finn for ulike tema og variablar lista i den raude boksen til høgre i figuren. Der ligg det som i statistiske analysar av (ujamn) regional utvikling gjerne vert omtalt som dei meir avhengige variablane, medan fleire i dei blå boksane mot venstre rommar fleire av dei meir uavhengige variablane. I rapporten presenterer vi omtalar og analysar av *nokon* av de sentrale tema som er lista i de blå og gule boksane i figuren og dessutan fleire av dei relaterte tema og utfalla som er lista i den raude boksen til høgre. Hovedvekta er lagt på de demografiske og økonomiske forholdane og dynamikk, mens de institusjonelle forholda ikkje omtales. Region begrepet i figuren er generelt og må forståst som nivået mellom nasjon og kommune, sjølv om det mest relevante her er funksjonelle regionar der ofte fleire kommunar inngår.

Fleire av temaa og variablane i figuren over har stor relevans for mål og indikatorar knytt til FNs berekraftsmål om berekraftig samfunnsutvikling langs dei tre hovuddimensjonane (økonomisk, sosial og miljømessig). I modellen til Stockholm Resilience Centre, som

Vestland bruker, (sjå under) legg ein vekt på at biosfæren dannar basis for samfunnet, som igjen dannar basis for økonomien – og altså ikkje omvendt. I denne modellen er også FNs berekraftsmål nr.17 (samarbeid og samhandling) løfta opp som det som bind det heile saman og dannar ein viktig føresetnad for at ein skal kunne nå mål om ei berekraftig samfunnsutvikling langs dei tre hovuddimensjonane samtidig.


Figur 2-2: Stockholm Resilience Center (SRC) sin modell om berekraftig utvikling og samanhengar knytt til FNs 17 berekraftmål



I rapporten er det brukt eit 20-tals indikatorar som seier noko om berekraftsstatus og utvikling innanfor dei tre hovuddimensjonane (økonomisk, sosialt og miljømessig). Dette utvalet har samtidig vore påverka av kva som er tilgjengeleg av offentlege robuste statistiske data.

Figuren under illustrerer nokre av indikatorane vi har brukt i rapporten. Desse fordeler seg på ulike delar av dei sju tematiske kapitla som rapporten består av.

Figur 2-3: Illustrasjon av nokre av indikatorane med relevans for dei ulike berekraftdimensjonane, som vert presenterte i notatet



2.2 Regiontypar og omgrep i rapporten

Regionsomgrepet blir brukt om mykje ulikt i forvaltninga, samfunnet og forskinga. Sjølv statlege institusjonar, fylkeskommunar, kommunar og ulike samarbeidsorganisasjonar nyttar ofte ulike regionsinndelingar og avgrensingar. Det er derfor behov for ei lita klargjering av regionsomgrepet i denne rapporten.

Det er vanleg å skilje mellom *organiserte regionar* etablerte for bestemte formål (som eks. politisk/ administrative einingar som fylke, kommunar, interkommunale samarbeid) og *funksjonelle regionar* utvikla over tid gjennom sosial og økonomisk samhandling og interaksjon mellom menneske i eit område. Slike funksjonelt integrerte regionar kan eksempelvis vera bu-, arbeids- og serviceregionar. I Vestland fylke består mange av desse einingane av fleire kommunar (eks. senter- og omlandskommunar) og nokre går også på tvers av fylkesgrensene.

I prinsippet er både organiserte og funksjonelle regionar typar av territorielle system og samfunn på «mellomnivået», dvs. mellom nasjon og kommune. Sjølv om det kan vere noko geografisk mismatch mellom dei funksjonelle bu- og arbeidsregionar og dei organiserte samarbeidsregionane, som dei interkommunale regionsråda, er det ofte eit stort samanfall. Ofte består slike samarbeidsregionar av nokre fleire bu- og arbeidsmarknadsregionar. Trass i ulike opphav, drivkrefter og prosessar bak, kan begge typar regionar ha relevans for å klargjera territoriale ressursar, kapasitetar og evner til å påverke eiga utvikling og møte endringar utanfrå. Dei fleste regionar er naturlegvis også opne system og samfunn. Dei er integrerte i og påverka av eksterne relasjonar, drivkrefter og rammevilkår, både nasjonalt og globalt. Sjølv om samfunnsutviklinga i regionar generelt vert påverka av både interne og eksterne forhold, kan betydninga av indre og ytra forhold variere ein god del mellom regionar.

I notatet er følgjande tre geografiske nivå sentrale i beskrivingar og analysar:

- Fylkesnivå
- Regionsnivå (SSB 10s økonomiske regionar)
- Kommunenivå (43 kommunar)

Eit hovudfokus i rapporten vert retta mot fylket og regionane, eigenskapane deira, variasjonar og fellestrek. Ein del vert også viggd kommunenivået, sjølv om mykje av dei dataa er lagde i vedlegg.

Dei 10 økonomiske regionane i fylket (SSB) kjem fram av figur 2.4 og ei meir detaljert oversikt med kommunar i vedlegg (tabell V1). I rapporten bruker vi også den namnsettinga som SSB har på regionane (etablert i dialog med fylkeskommunane for nokre år sidan)¹. Dette er elles same regioninndeling som Vestland fylkeskommune har brukt i folkehelserapportane sine.

Dei økonomiske regionane i fylket har byar av ulik storleik og rolle som regionssenter. Det som SSB definerer som Bergen region er Bergen kommune med fylkets einaste storby (286 930 innbyggjarar i 2022). Bergen by fungerer både som fylkessenteret, men er også det største regionssenteret for kommunane i Midt- og Nordhordland. I dei andre 7 regionane i fylket (SSB) er det småbyar (dvs. 4.500-17.600 innbyggjarar) som er dei største tettstadane og det største i kvar region fungerer ofte som regionssenter og då for fleire kommunar i regionen. Desse sistnemnde økonomiske regionane omfattar elles som regel 3-4 mindre bu- og arbeidsmarknadsregionar slik dei vert definerte av Transportøkonomisk institutt (TØI).

¹Vi har brukt SSBs navnsetting på regionene gjennom rapporten. SSBs navnsetting av regionen «Nordfjord og Kinn» er ikke helt god fordi her inngår også Bremanger kommune som naturgeografisk, tilhørighets- og identitetsmessig ligger i Sunnfjord. Riktigere navn ville derfor vært «Nordfjord, Bremanger og Kinn»..

I rapporten har vi i enkelte oversikter også delt inn dei 10 økonomiske regionane i fylket i to hovudområde: dei *nest sentrale regionane* (Bergen, Midtjylland og Nordhordland) og dei *mindre sentrale regionane* (dei andre 7 regionane). Dei nest sentrale regionane er karakteriserte som det fordi dei i stor grad består av kommunar som er integrerte i Bergen bu- og arbeidsmarknadsregion med den største byen i fylket og kommunen med høgast sentralitet (iflg.SSB).

Når vi i rapporten skriv «*regionane*», meiner vi altså SSBs økonomiske regionar i fylket. Der det er snakk om andre typar regionar og inndelingar vil det komme tydeleg fram av tekst og beskrivingar.


Figur 2-4: Dei 10 økonomiske regionane i fylket (SSB). (Kart: NIBR/Eika)



Figur 2-5: Dei 23 bu- og arbeidsmarknadsregionane i fylket (TØI) (Kart: NIBR/Eika)



Figur 2-6: Fylkets 5 regionråd per 2020. (Kart: NIBR/Eika)



Figur 2-7: Fylkets 43 kommunar per 2022. (Kjelde: VLFK)



2.3 Nokre andre ord og omgrep

Nokre andre generelle omgrep som vert brukte i notatet kan vere greitt å seie litt om kva som ligg i omgrepa og kvifor dei vert brukte.

Eit omgrep som går igjen er ulike *strukturar*, til dømes befolningsstrukturar og næringsstrukturar. Slike er utvikla over lang tid, vert kjenneteikna er store tregleikar og tek vanlegvis lang tid å endre. Strukturar gir informasjon om regionars særtrekk når det gjeld historikk og dagens eigenskapar, og dessutan fortrinn, svakheiter, moglegheiter og utfordringar i eit utviklingsperspektiv. Sjølv om strukturar ikkje bestemmer (samfunns-) utviklinga, gir dei oftast nokre viktige føringar, føresetnader og handlingsrom for vidare utvikling – i alle fall på kort og mellomlang sikt.

Omgrepet *utviklingstrekk* vert brukt i notatet først og fremst om målbare endringar over fleire år innan nærmere oppførte deltema/felt for enkeltregionar, og dessutan samanlikning mellom regionar (t.d. demografi, økonomi, sosiale forhold og miljø). Val av periode og målepunkt (periodisering) påverkar i ein viss grad kva ein finn av «utviklingstrekk». Dette blir også påverka i ein viss grad av kva som finst og er tilgjengeleg av offentleg statistikk. Ein *trend* er lengre utviklingstrekk eller langtidstendens som har ei hovudretning over lengre tid (t.d. ei lengre statistisk tidsrekke) og som held seg stabil gjennom meir kortvarige svingingar. At noko er ein «ny trend» veit ein derfor ikkje sikkert før det har gått fleire år, og ein ser ei ny hovudretning.


Omgrepet *endringskomponentar* vert brukt om eigenskapar ved underliggende komponentar (faktorar) som påverkar og forklarer grunnlaget for utviklinga i ein (samle-) indikator, resultattype eller i eit konkret fenomen. Eksempelvis kan bakgrunnen for folketalsutviklinga i ein region verte klargjort («vert forklart») med utgangspunkt i naturleg tilvekst og flytting, som representerer to endringskomponentar som til saman bestemmer folketalsutviklinga. Nemnde hovudtypar endringskomponentar (naturleg tilvekst og mobilitet) kan vidare dekomponerast i underliggende faktorar (aldersstrukturar/fruktbarheit og flytting/bufastleik for ulike grupper).

Omgrepet *drivkraft* vert gjerne knytt til aktørar, verksemder, teknologiar osb. som «skaper», «presser fram» eller «driv fram» bestemte samfunnsprosessar, endringar eller fenomen, eksempelvis drivarar bak grøn vekst, innovasjon i privat/ offentleg sektor, stads- og regionutvikling o.a. Same typar av underliggende drivkrefter kan ha ulik framtoningsform og gi opphav til ulike observerbare fenomen i tid og rom.

3 Busetjingsmønsteret

Vestland fylke har eit todelt busetjingsmønster der ein stor del bur i storbyregionen Bergen (vel 60 prosent), medan resten av befolkninga (snaue 40%) bur i 16 mindre byregionar og 5 småstadregionar spreidd i heile fylket (NIBR 2022). Samanlikna med fordelinga på landsbasis, har fylket eit svakt innslag av både større og mellomstore byregionar.


Figur 3-1: Folketalet i Vestland fylke og landet fordelt på regionklasser 1982-2022² 1982-2022. (Datakjelde: NIBR rapport 2022:15 basert på SSB, tab.07459)



Busetjinga i fylket fordelt på tettstadar og spreiddbudde strøk viser at urbaniseringsgraden (delar som bur i tettstadar) er høg (ca. 81%), og berre litt lavere enn nivået på landsbasis (83%) (sjå figur 2.2.). Nivået er litt lavere enn i andre nordiske land. Internt i fylket er det store regionale variasjonar i urbaniseringsgraden. I nokre regionar er delen busett i spreiddbudde strøk ganske høg samanlikna med fylkes- og landsnivå. Utviklinga har likevel gått ein tydig i retning av auka urbaniseringsgrad i alle regionane. Fordelinga og utviklinga understrekar at fylket er prega av både auka sentralisering til storbyregionane, men òg ein forsterka desentralisert konsentrasijsjon av befolkninga i alle regionane frå spreiddbygde til meir tettbygde strøk.

² Det blir her vist til NIBR-rapport 2022:15 som bruker funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar (TØI) som inndelingsprinsipp og regionane gruppert i fem regionsklassar etter største by/tettstad. Det skilist mellom storbybyregionar (største by >150 000 innbyggjarar), større byregionar (største by mellom 50.000-150.000), mellomstore byregionar (støste by mellom 15.000-50.000 innb.), småbyregionar (støste by mellom 5.000-15.000 innb.), bygdeby/småstadregionar (største tettstad 1.000-5.000 innb.) og spredtboende regionar (utan tettstadar > 1000 innbyggjarar).

Figur 3-2: Delen busette i tettstadar og spreiddbygde områder i landet, Vestlandet og regionane (SSBs ØKreg) 2008 og 2002. (Datakjelde: SSB, tab.05212)




4 Befolkinga - strukturer og utviklingstrekk

4.1 Utviklinga og endringskomponentar på fylkesnivå

Dei lange linjene (1951-2021) i befolkningsutviklinga i fylket er kjenneteikna av jamm vekst (prosentpoeng) i seksti år (1951-2007) før eit tiår med mykje sterkare vekst (2007-2016), og deretter igjen klart minkande vekst fram til seinare år (2016-2021) (figur 4.1). Profilen på kurva til Vestland følgjer ganske tett kurva for landet gjennom heile perioden, likevel med ei litt svakare utvikling i fylket enn landet dei siste åra. Oppsvinget i fylket og mange andre fylke mellom 2007-2015 kjem av høgt aktivitetsnivå i norsk økonomi, høg arbeidsinnvandring (særleg knytt til austutvidinga i EU), fleire krigsflyktingar (særleg frå Syria) og fleire familiegjenforeiningar.

Dei siste 70 åra har alle fylka i landet hatt befolkningsvekst, sjølv om utviklinga i fylka har vore svært ujamn. Vi legg også merke til at dei fleste fylka har ein forsterka vekst i perioden 2005-2015 (sjå figur 4.1). Fylka med høgast prosentvis vekst under eitt har vore fylke med storbyregionar og tidleg stor olje/gassrelatert næringsvekst (Rogaland, Vestland, Oslo/Viken og Agder). Agder har kanskje også fått noko tillegg for spesiell bustadattraktivitet («solkysten») for enkelte grupper. Fylka som knapt har hatt befolkningsvekst dei siste 70 åra har ikkje hatt dei same nemnde vekstfordelane.

Figur 4-1: Utviklingen i folketalet i fylka 1951-2021 (prosentpoeng endringar, 1951=100)
(Datakjelde: SSB, tab.06913)




Når vi ser på endringskomponentane bak dei lange linjene i befolkningsutviklinga i Vestland (figur 4.2.), går det tydeleg fram korleis den sterke veksten i folketalet 2007-2015 kom av ei ekstraordinær høg nettoinnflytting desse åra. Dette skriv seg i hovudsak frå ei høg (netto-) innvandring frå utlandet. Fødselsoverskotet har vore klart fallande i perioden sett under eitt, men var i ein lang periode ganske stabilt (1985-2015).

Det er (netto-) flyttinga som har svinga mest og gått frå negativ balanse i perioden 1950-90 til ein positiv balanse fram til omlag 2018. Innvandringa har sikra ein positiv flyttebalanse i atore delar av denne siste perioden.


Fylket har hatt eit flyttetap (nettouutflytting) til landet elles når vi ser på perioden 2009-2021, sjølv om det ikkje har vore så stort (sjå figur 4.3). Ser vi på utvekslinga med andre fylke og utlandet dei siste par åra (figur 4.4) er det eit stort flyttetap (nettouutflytting) til Oslo og Viken.

Dette vert langt på veg kompensert av at eit stort innflyttingsoverskot frå utlandet. Fylket har elles små innflyttingsoverskot eller flyttebalanse med andre fylke.


Figur 4-2: Folketalsvekst, fødselsoverskott og nettoflytting i prosent av folketalet - 1951-21 Vestland fylke. (Datakjelde: SSB – tab 06913)



Figur 4-3: Folketalsvekst, fødselsoverskott, (netto-) flytting innanlands og utenlands flytting i prosent av folketalet i Vestland 2008-2022. (Datakjelde: SSB – tab. 09588 og 06913)




Figur 4-4: Inn- og utflytting til Vestland vs. andre fylke og utlandet 2020-21. (Datakjelde: SSB - tab.05539)



Til slutt i denne bolken ser vi på inn- og utflyttinga for ulike aldersgrupper i 2022 (figur 4.5). Sjølv om vi berre ser på eitt år, er det grunn til å tru at slike mønster har ei viss varigheit over fleire år. Det kjem fram at «langflyttinga» (dvs. inn og ut av fylket) er klart størst for aldersgruppa 18-40 år. Vidare er det ei ganske markant (netto-) innflytting til fylket for den yngre aldersgruppa 19-24 år, før det snur til ein like markant (netto-) utflytting for neste aldersgruppe, 25-30 år. Dette indikerer at fylket synest å ha god evne til å behalde og/eller trekke til seg dei unge vaksne i tidlege fasar av studiar og arbeid, men dette endrar seg noko i neste fase når dei er mellom 25-30 år då flyttetapet er markant. Dette er alderen då fleire tek avgjerder om arbeid og bustad. Om ein jamfører det med førre figur (4.4) som viste generelt flyttetap til Oslo/Viken, kan det vere grunn til å tru at det nettopp er mange i aldersgruppa 25-30 år som inngår i flyttetapet. Austlandet dreg nok fordeler av å ha ein større og meir variert arbeidsmarknad, særleg for personar med høgare utdanning.


Figur 4-5: Flytting etter alder 2022, inn-, ut- og nettoflytting fordelt på fylke etter eittårig alder (Kjelde: SSB/Panda)



4.2 Utviklingstrekk, endringskomponentar og strukturar i regionane

Befolkningsutviklinga internt i fylket har over lang tid vore prega av auka sentralisering på dei fleste geografiske nivåa. Når vi først ser på vekstratane i perioden 1980-2022 for fylkets fem klassar av funksjonelle byregioner (BA)³ er det på desse aggregerte nivåane en klar samvariasjon mellom aukande byregionstørrelse og vekstratar (figur 4.6).


Figur 4-6: Befolkningsutviklingen i regionklassar (BA) etter største tettstad/by - 1980-2022. (Datakjelde: SSB, tab.07450)



Men når vi ser på utviklinga for dei 10 økonomiske regionane i fylket (figur 4.7) har denne vore svært differensiert også blant dei mindre sentrale regionane som ofte består av mange småby- og bygdebyregioner (BA). Medan fylkets mest sentrale regionar som Bergen, Midt- og Nordhordland har hatt klart høgare relativ vekst enn fylket og landet, har de fleste andre regionane lege godt under desse nivåa men stort sett halde folketalet oppe med unntak av Indre Hardanger. På kommunenivå har den prosentvis utviklinga i folketalet vore enda meir ulik i same periode (frå pluss 45 prosentpoeng til minus 27 prosentpoeng) (sjå figur V1 i vedlegg).

³Desse regionsklassane er definerte etter største by i bu- og arbeidsmarknadsregionar (BA). Sjå eks. nærmere omtale i NIBR-rapport 2022:15: Senterstrukturar, regionssenter og regional utvikling i Vestland fylke.


Figur 4-7; Befolkningsutviklinga i regionane 1980-2022 (1980=100). (Datakjelde: SSB, tab.07450)



I det følgjande ser vi på *endringskomponentane* som ligg bak befolkningsutviklinga i regionane mellom 2006 og 2021 (figur 4.8). Her vert det tydeleg avdekt kor stor betydning innvandringa har hatt for befolkningsutviklinga i alle regionane, og for at ein har hatt vekst i så mange som 9 av 10 regionar.

Regionane i indre og nordlege delar av fylket har hatt den svakaste befolkningsutviklinga på grunn av høge innanlandske flyttetap og samtidig små fødselsoverskot (unntaksvis for Sunnfjord/Ytre Sogn). Desse forskjellane i fødselsoverskot skriv seg i hovudsak frå forskellar i alderssamsetninga i regionane, sjølv om det også er visse forskellar i fruktbarheit blant kommunar og regionar i fylket.


Figur 4-8: Demografiske endringskomponentar 2006-2021 i regionane, Vestland fylke. (Datakjelde: SSB)



Om vi ser på folketalsutviklinga og endringskomponentane for alle kommunane (figur 4.9), kjem det fram at alle 43 kommunane i fylket har hatt nettoinnvandring, men heile 36 av

kommunane også har hatt stort innlands flyttetap (nettouthytting til annan kommune i fylket eller landet). Tjue kommunar har dessutan hatt fødselsunderskot, som i stor grad speglar kommunar med den mest aldrande befolkningssamansetninga. I vedlegg ligg fleire detaljar om strukturar og utviklingstrekk i regionar og kommunar (sjå figur v1, tabell v2 og v3).

Figur 4-9: Demografiske endringskomponentar 2006-2021 for kommunane i Vestland fylke. (Datakjelde: SSB)



Vi tek til slutt med ei oversikt over forholdet mellom talet på personar i yrkesaktiv alder og personar over 67 år i alle kommunane og regionane (tabell 4.10). Dette seier noko om den såkalla «forsørgingsbyrda», dvs. her kor mange i yrkesaktiv alder (15-67 år) som står bak kvar alderspensionist (personar over 67 år). Det gir eit bilet av variasjon mellom kommunar og regionar når det gjeld potensielle utfordringar med «forsørgingsbyrda». På kommunenivå kan auka forsørgingsbyrde skape auka utfordringar for helse- og omsorgstenester på grunn av ein kombinasjon av auka tenestebehov, vanskar med å rekruttere nok arbeidskraft lokalt, samtidig som skatte- og inntektsgrunnlag til kommunane kan verte noko svekt. I tabellen under ser vi ein klar tendens til at fleire kommunar og regionar enn tidlegare kan stå overfor slike utfordringar. Det er særleg ein del av dei små og minst sentrale distriktskommunane som vert prega av denne demografiske utviklinga i aukande grad.

Figur 4-10: Tal for personar i yrkesaktiv alder per person over 67 år i kommunar og regionar i Vestland fylke, 2000-2022) (Datakjelde: SSB)


| Region | Kommune | Antall personer i yrkesalder (20-66) per person over 67 år | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|--------------------------|-----------------|--|------|------|------|------|------|-------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| | | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Landet | | 4,4 | 4,4 | 4,5 | 4,6 | 4,6 | 4,6 | 4,7 | 4,7 | 4,8 | 4,8 | 4,8 | 4,7 | 4,6 | 4,5 | 4,4 | 4,3 | 4,2 | 4,1 | 4,1 | 4,0 | 3,9 | 3,8 | |
| Vestland | | 4,3 | 4,3 | 4,4 | 4,5 | 4,5 | 4,5 | 4,6 | 4,6 | 4,6 | 4,7 | 4,7 | 4,6 | 4,6 | 4,5 | 4,4 | 4,3 | 4,2 | 4,1 | 4,0 | 3,9 | 3,9 | 3,8 | |
| 1.Nordfjord og Kinn | | 3,8 | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,8 | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,7 | 3,6 | 3,5 | 3,4 | 3,4 | 3,3 | 3,2 | 3,1 | 3,0 | | |
| | 1.Kinn | 4,4 | 4,4 | 4,4 | 4,5 | 4,4 | 4,4 | 4,3 | 4,3 | 4,4 | 4,3 | 4,4 | 4,4 | 4,4 | 4,3 | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 3,7 | 3,7 | 3,5 | 3,5 | |
| | 2.Stad | 4,0 | 4,0 | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 3,6 | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,0 | 2,9 | 2,9 | |
| | 3.Stryn | 3,7 | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 4,0 | 4,0 | 3,8 | 3,8 | 3,9 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 3,7 | 3,6 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,2 | 3,1 | |
| | 4.Gloppen | 3,2 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,2 | 3,0 | 3,0 | 2,9 | 2,8 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | |
| | 5.Bremanger | 2,9 | 2,9 | 2,8 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 2,7 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,4 | 2,3 | 2,3 | 2,2 | |
| 2.Sunnfjord og Ytre Sogn | | 3,9 | 4,0 | 4,1 | 4,1 | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 4,1 | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 4,1 | 4,0 | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,7 | 3,6 | 3,5 | 3,4 | 3,2 | 3,2 |
| | 1.Sunnfjord | 4,9 | 5,1 | 5,1 | 5,2 | 5,3 | 5,2 | 5,2 | 5,2 | 5,3 | 5,4 | 5,3 | 5,2 | 5,1 | 4,9 | 4,8 | 4,6 | 4,5 | 4,4 | 4,2 | 4,1 | 3,9 | 3,8 | |
| | 2.Høyanger | 3,2 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,5 | 3,5 | 3,4 | 3,3 | 3,2 | 3,2 | 3,1 | 3,1 | 3,2 | 3,0 | 2,9 | 2,8 | 2,6 | 2,5 | |
| | 3.Askvoll | 3,0 | 3,1 | 3,0 | 3,0 | 2,9 | 2,8 | 2,9 | 2,9 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 2,6 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,4 | 2,4 | 2,3 | 2,2 | 2,2 | | | |
| | 4.Fjaler | 3,1 | 3,1 | 3,1 | 3,1 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 3,1 | 3,1 | 2,9 | 3,0 | 2,9 | 2,9 | 2,7 | 2,8 | 2,7 | 2,6 | 2,5 | 2,4 | |
| | 5.Hyllestad | 3,1 | 3,2 | 3,2 | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,4 | 3,3 | 3,2 | 3,2 | 3,1 | 2,9 | 2,8 | 2,7 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,3 | 2,3 | 2,3 | 2,2 | 2,1 | |
| | 6.Solund | 2,6 | 2,6 | 2,7 | 2,7 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,9 | 2,9 | 3,0 | 3,1 | 3,0 | 3,0 | 2,8 | 2,7 | 2,6 | 2,7 | 2,5 | 2,5 | 2,4 | 2,3 | 2,4 | |
| 3.Indre Sogn | | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,7 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,7 | 3,7 | 3,6 | 3,6 | 3,5 | 3,4 | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,1 | 3,1 | |
| | 1.Sogndal | 4,1 | 4,2 | 4,2 | 4,4 | 4,4 | 4,5 | 4,5 | 4,4 | 4,4 | 4,4 | 4,4 | 4,4 | 4,4 | 4,2 | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 3,8 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | |
| | 2.Årdal | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 3,7 | 3,5 | 3,5 | 3,4 | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,1 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 2,9 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 2,7 | | |
| | 3.Luster | 3,0 | 3,1 | 3,1 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,5 | 3,4 | 3,3 | 3,2 | 3,2 | 3,1 | 3,0 | 2,9 | 2,9 | |
| | 4.Vik | 2,5 | 2,5 | 2,4 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | 2,5 | 2,5 | 2,4 | 2,4 | 2,3 | 2,2 | 2,1 | |
| | 5.Lærdal | 3,2 | 3,3 | 3,4 | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,0 | 2,9 | 2,8 | 2,7 | 2,6 | |
| | 6.Aurland | 3,2 | 3,4 | 3,5 | 3,5 | 3,6 | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 3,6 | 3,5 | 3,7 | 3,7 | 3,7 | 3,5 | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | |
| 4.Nordhordland | | 4,3 | 4,3 | 4,4 | 4,5 | 4,5 | 4,6 | 4,6 | 4,6 | 4,6 | 4,7 | 4,7 | 4,7 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 4,1 | 4,0 | 3,9 | 3,7 | 3,6 | 3,4 | 3,3 | |
| | 1.Alver | 4,7 | 4,8 | 4,9 | 5,0 | 5,0 | 5,1 | 5,1 | 5,2 | 5,2 | 5,2 | 5,2 | 5,2 | 5,1 | 4,9 | 4,8 | 4,6 | 4,4 | 4,2 | 4,0 | 3,9 | 3,7 | 3,5 | |
| | 2.Austrheim | 4,7 | 4,6 | 4,5 | 4,5 | 4,6 | 4,7 | 4,5 | 4,5 | 4,3 | 4,1 | 4,3 | 4,4 | 4,2 | 4,2 | 3,8 | 3,5 | 3,4 | 3,2 | 2,9 | 2,9 | 2,8 | 2,7 | |
| | 3.Gulen | 2,9 | 2,9 | 3,0 | 3,1 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,1 | 3,0 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,6 | | |
| | 4.Mastfjorden | 2,8 | 2,8 | 2,9 | 3,0 | 2,9 | 3,0 | 3,0 | 2,9 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 2,9 | 2,9 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | 2,5 | 2,4 | | |
| | 5.Fedje | 2,6 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,7 | 2,6 | 2,5 | 2,7 | 2,6 | 2,6 | 2,7 | 2,6 | 2,7 | 2,6 | 2,5 | 2,2 | | |
| | 6.Modalen | 4,5 | 4,0 | 3,8 | 4,0 | 4,0 | 3,7 | 3,6 | 3,6 | 3,9 | 4,5 | 4,7 | 4,2 | 3,9 | 4,0 | 3,9 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | | |
| 5.Bergen | | 4,5 | 4,6 | 4,6 | 4,7 | 4,8 | 4,8 | 4,9 | 4,9 | 5,0 | 5,1 | 5,1 | 5,2 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,0 | 4,9 | 4,8 | 4,7 | 4,7 | 4,6 | | |
| 6.Midthordland | | 5,4 | 5,4 | 5,5 | 5,6 | 5,6 | 5,7 | 5,7 | 5,7 | 5,7 | 5,7 | 5,7 | 5,7 | 5,6 | 5,5 | 5,3 | 5,1 | 4,9 | 4,7 | 4,6 | 4,4 | 4,1 | | |
| | 1.Øygarden | 6,6 | 6,6 | 6,6 | 6,8 | 6,9 | 6,9 | 6,9 | 6,9 | 6,8 | 6,8 | 6,7 | 6,5 | 6,3 | 6,2 | 5,9 | 5,7 | 5,5 | 5,3 | 5,1 | 4,8 | 4,6 | 4,4 | |
| | 2.Askøy | 5,9 | 6,0 | 6,0 | 6,1 | 6,1 | 6,1 | 6,1 | 6,1 | 6,1 | 6,2 | 6,2 | 6,2 | 6,1 | 6,0 | 5,7 | 5,4 | 5,2 | 5,0 | 4,8 | 4,8 | 4,6 | 4,4 | |
| | 3.Bjørnafjorden | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,2 | 5,2 | 5,2 | 5,2 | 5,3 | 5,3 | 5,3 | 5,2 | 5,3 | 5,2 | 5,1 | 4,9 | 4,7 | 4,6 | 4,4 | 4,3 | 4,1 | 4,0 | 3,8 | |
| | 4.Osterøy | 3,8 | 3,9 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,2 | 4,2 | 4,1 | 3,9 | 3,9 | 3,7 | 3,7 | 3,6 | 3,4 | 3,4 | | |
| | 5.Austevoll | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 4,2 | 4,4 | 4,5 | 4,4 | 4,3 | 4,4 | 4,4 | 4,7 | 4,7 | 4,6 | 4,5 | 4,4 | 4,2 | 4,0 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 3,6 | | |
| | 6.Samnanger | 3,2 | 3,4 | 3,5 | 3,6 | 3,7 | 3,9 | 4,1 | 4,3 | 4,3 | 4,4 | 4,4 | 4,3 | 4,1 | 3,9 | 3,8 | 3,6 | 3,5 | 3,3 | 3,0 | 2,8 | 2,7 | | |
| 7.Voss | | 3,0 | 3,1 | 3,1 | 3,1 | 3,2 | 3,2 | 3,1 | 3,1 | 3,2 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 3,0 | 2,9 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | | |
| | 1.Voss | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,1 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 3,0 | 2,9 | 2,9 | | |
| | 2.Kvam | 3,1 | 3,2 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,4 | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,2 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 2,9 | 2,9 | 2,8 | 2,7 | | |
| | 3.Vaksdal | 2,5 | 2,5 | 2,6 | 2,6 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | 2,7 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,7 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,8 | 2,8 | | |
| | 4.Ulvik | 2,9 | 2,9 | 3,0 | 3,0 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 2,7 | 2,7 | 2,8 | 2,8 | 2,6 | 2,4 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,5 | | |
| 8.Indre Hardanger | | 3,0 | 3,0 | 3,1 | 3,0 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 3,0 | 2,9 | 2,9 | 2,9 | 2,8 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | | |
| | 1.Ullensvang | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,1 | 3,0 | 2,9 | 2,9 | 2,9 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,7 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | | | |
| | 2.Eidfjord | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 3,4 | 3,6 | 3,7 | 3,7 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,0 | 2,9 | | |
| 9.Sunnhordland Aust | | 3,7 | 3,7 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 3,7 | 3,7 | 3,7 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,5 | 3,4 | 3,4 | 3,3 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 2,9 | | |
| | 1.Kvinnherad | 4,1 | 4,1 | 4,2 | 4,2 | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,7 | 3,7 | 3,5 | 3,4 | 3,3 | 3,2 | 3,1 | 3,0 | 2,9 | 2,8 | | |
| | 2.Etne | 3,4 | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 3,6 | 3,7 | 3,6 | 3,5 | 3,5 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,5 | 3,6 | 3,5 | 3,4 | 3,2 | 3,0 | 2,9 | | | |
| | 3.Tysnes | 2,5 | 2,7 | 2,6 | 2,7 | 2,7 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,9 | 2,9 | 2,9 | 2,9 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 2,7 | 2,6 | 2,6 | 2,5 | 2,4 | 2,3 | | |
| 10.Stord | | 5,2 | 5,2 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,0 | 4,9 | 4,9 | 4,8 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 4,1 | 4,0 | |
| | 1.Stord | 6,2 | 6,1 | 5,9 | 5,8 | 5,7 | 5,7 | 5,6 | 5,6 | 5,5 | 5,4 | 5,3 | 5,2 | 5,2 | 5,1 | 4,9 | 4,7 | 4,6 | 4,4 | 4,2 | 4,1 | 3,9 | 3,8 | |
| | 2.Bømlo | 4,3 | 4,4 | 4,4 | 4,5 | 4,5 | 4,5 | 4,6 | 4,7 | 4,8 | 4,8 | 4,7 | 4,6 | 4,6 | 4,5 | 4,4 | 4,2 | 4,0 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,5 | | |
| | 3.Sveio | 4,8 | 4,8 | 4,9 | 4,8 | 5,0 | 5,0 | 4,9 | 5,0 | 5,0 | 5,1 | 5,1 | 5,2 | 5,1 | 5,1 | 4,9 | 4,9 | 4,6 | 4,4 | 4,2 | 4,0 | 3,9 | 3,7 | |
| | 4.Fitjar | 4,6 | 4,7 | 4,7 | 4,6 | 4,6 | 4,7 | 4,9</ | | | | | | | | | | | | | | | | |

4.3 Befolkningsframskrivingar frå SSB

Prognosar er berekningar om utviklinga framover basert på bestemde føresetnader og modellar. Prognosar slår sjeldan til nøyaktig som berekna. Dei kan likevel brukast til å sannsynleggjere korleis utviklingsforløp og resultat er påverka av varierande føresetnadar. Slik sett kan dei mellom anna brukast til å illustrere noko av spennvitta i moglege utviklingsforløp og vise ei litt meir sannsynlege utvikling enn andre. Uvissa aukar gjerne raskt med lengda på perioden som prognosen gjeld.

SSB⁴ opererer med tre alternative befolkningsprognosar dei kallar framskrivingar: låg vekst, høg vekst, og dessutan middels vekst som er karakterisert som hovudalternativet. Basert på hovudalternativ har vi i figuren under (figur 4.11) vist kva framskrivinga seier for dei 10 regionane i fylket. Det kjem fram av figuren at dei mest sentrale delane av fylket (Bergen, Midt- og Nordhordland) framleis får store vekst, medan Indre Sogn og Sunnfjord/Ytre Sogn går frå stabil utvikling til litt nedgang frå og med rundt 2040. Nordfjord/Kinn, Sunnhordland Aust og Indre Hardanger tidlegare får ein viss nedgang og over ein lengre del av perioden.

Figur 4-11: Framskriving av folketalet i Vestland og regionane vist i prosentpoeng endring 2022-2050 (2022=100) basert på SSBs framskrivingar for kommunar etter hovudalternativet (MMMM). (Datakjelde: SSB, tabell 13600, berekningar: NIBR)



Mykje av grunnlaget for prognosene her for regionane er dei demografiske strukturane (særleg aldersstrukturane) og innanlandske flyttemønster dei tidlegare åra. Den store uvissfaktoren framover er omfanget på inn- og utvandring. Her kan uventa vandringer til og frå utlandet naturlegvis påverke framtidig befolkningsutviklinga i fylket ganske kraftig, slik ho

⁴ Iflg. SSB er dei regionale befolkningsframskrivingane deira baserte på berekningar av korleis befolkninga i Noregs kommunar utviklar seg framover, gitt ulike demografiske føresetnader om fruktbarheit, dødelegheit, flytting, innvandring og utvandring. Det tre overordna kjelder til uvisse er demografiske føresetnader, modellspesifikasjon og offisiell statistikk.

gjorde med arbeidsinnvandringa og flyktingstraumane mellom 2006 og 2015. Krigen i Ukraina har ført 40.000 flyktninger til Noreg i løpet av vel eit år, og i UDI sitt mellomscenario for 2023 vert det berekna om lag 40.000 flyktninger til resten av dette året. Utviklinga er likevel svært usikker når det gjeld omfang av (netto-) innvandringa og tidsaspektet.

4.4 Kort oppsummering

Vestland fylke har hatt folketalsvekst i lang tid, men dei siste 10-15 åra har heile veksten komme av fødselsoverskot og høg (netto-) innvandring frå utlandet, som overgår det at fylket samtidig har eit innanlandske flyttetap til Oslo- og Austlandsregionen.


Internt i fylket har utviklinga dei siste par tiåra vore prega av sentralisering og urbanisering på alle geografiske nivå. Sentrale regionar og kommunar har hatt sterkt befolkningsvekst som følgje av nettoinnflytting, fødselsoverskot og ung befolkning. Distriktsregionar har stort sett halde oppe folketalet på regionsnivå, men mange (særleg omlands-) kommunar har hatt nedgang som følgje av nettoutflytting, fødselsunderskot og aldring. Dette er også område der utfordringane med «forsørgingsbyrde» er størst i dag og vil verte stor vidare framover.

Fylket vil framleis ha noko folketalsvekst som følgje av eit fødseloverskot. Kor stor veksten vert utover dette vil sannsynlegvis vere mest fundert av omfanget på (netto-) innvandringa. Omfanget på flyttetapet til Oslo/Austlandet vil òg påverke dette, men det er grunn til å tru at det vil ligge omrent på same nivå i dei nærmaste åra som førre tiår.

5 Økonomisk verdiskaping og næringsutvikling

Utviklinga i verdiskaping målt i bruttoproduktet⁵ i perioden 2008 til 2020 (figur 5.1) har mindre svingingar enn sysselsetjingsutviklinga totalt sett, innanfor og mellom ulike næringer og sektorar. Dette skal vi sjå litt nærmare på i det følgjande.

Figur 5-1: Utvikling i bruttoprodukt (BPD) og sysselsatte i i Vestland og landet 2008-2019 (2008=100) (Datakjelde: Nasjonalrekneskapet)



5.1 Næringsstrukturar og utviklingstrekk på fylkesnivå


5.1.1 Strukturar

Vestland er ein del av eit høgkostland med ein blanda ressurs-, kunnskaps- og velferdsøkonomi, der tenesteytande sektor utgjer ein stadig større del av økonomien og arbeidsplassane. I fylket utgjer tenesteytande sektor heile 74 prosent av alle arbeidsplassane (77 prosent på landsbasis, 2021). Slik sett har Vestland vorte eit meir utprega servicefylke om ein berre ser strukturane i arbeidsmarknaden (sjå figur 5.2 og 5.5). Dominansen på tenesteytinga skriv seg både frå ein langvarig vekst i mange typar arbeidskraftintensiv tenesteyting både i privat og offentleg sektor, samtidig som vareproduksjonen (særleg primærnæringer og industri) sysselset stadig færre med unntak for olje/gassindustri og oppdrettsindustri. Ein store del av veksten av arbeidsplassane innan tenesteytinga er likevel direkte og indirekte effektar av utskiljingar frå, og ringverknader av vareproduksjonen som vert stadig meir effektiv. Eit meir kunnskapsintensivt næringsliv og offentleg sektor, auka privat forbruk og befolningsvekst har elles stimulert veksten i tenesteytinga. Målt i verdiskaping (bruttoprodukt) og produktivitet har likevel veksten halde fram innanfor vareproduksjonen, sjølv om altså samla det arbeidskraftbehovet er redusert.

⁵Standardmål for økonomisk verdiskaping, dvs. meirverdi opptent i produksjon (næring/sektor/region) og er marknadsverdien av produksjonen minus produktinnsatsen. I offentleg forvaltning og anna ikkje-marknadsretta verksemnd blir bruttoprodukt bestemd som sum lønnskostnader, netto produksjonsskattar og kapitalslit. Dette standardmålet er gjenstand for mye kritikk frå økonomar som vektlegg breiare verdiskaping, livskvalitet og berekraft.

Av figur 5.2 ser vi at Vestland fylke har noko større innslag av vareproduksjon og offentleg tenesteyting, og litt mindre privat dominert tenesteyting, enn fordelinga på landsbasis. Vestlandet har særleg eit større innslag av olje/gassnæring, teknologiindustri (verft, maskiner) og sjømat enn landet. Figuren viser òg store variasjonar i næringsstrukturane mellom regionane i fylket med Bergen og Sunnfjord som dei mest utprega serviceregionane, medan delen vareproduksjon samla og av ulike typar er mykje viktigare i resten av regionane.

Figur 5-2: Nærings- og sektorstrukturar i regionane og Vestland fylke 2021 (prosentvis fordeling av arbeidsplassar i ulike næringar/sektorar 2021) (Datakjelde: SSB)



Særtrekka og styrkane i fylket kjem endå tydelegare fram når vi ser nærmare på nærings-spesialiseringar. I nasjonal samanheng er Vestland på fylkesnivå spesialisert⁶ innanfor følgjande næringar, rangert etter talet på arbeidsplassar (sjå tabell 4.1):

- teknologiindustriar (lokaliseringkskvotient 1,4 og 14.508 arb.pl.)
- olje/gass inkl. tenester (lk 1,6 og 10.385 arb.pl.)
- sjømat (lk 1,6 og 6.061 arb.pl.)
- sjøfart (lk 2,0 og 5.037 arb.pl.)
- kraft/vatn (lk 1,2 og 4.502 arb.pl.)
- hotell/overnattning, reisearrangørverksemd (lk 1,2 og 4043 arb.pl.)
- metallindustriar (lk 1,9 og 2.255 arb.pl.)

Mange av desse næringane som fylket er spesialiserte innanfor er orienterte mot internasjonale marknadar og kundar. Det store innslaget av typiske eksportorienterte næringar gjer også Vestland til *det største eksportfylket i landet* målt i verdi på fastlands-eksporten med 126 mrd.kr i 2020 (SSB), og elles er Vestland fylket med nest høgaste eksportintensitet (eksportverdi per sysselsett) berre litt bak Møre og Romsdal.

⁶ Målt i lokaliseringkskvotientar (LK), som seier noko om overrepresentasjon av arbeidsplassar (2021) i forhold til på landsbasis.

Utover dei nemnde næringane som fylket har ein overrepresentasjon av og spesialisering i, har fylket andre store næringar målt i arbeidsplassar og verdiskaping, sjølv om det ikkje er snakk om spesialisering på same måte i nasjonal samanheng. Dei største blant desse er:

- forretningsmessig tenesteyting (44.141 arb.pl.)
- handel (35.957 arb.pl.)
- bygg/anlegg (28 763 arb.pl.)
- landtransport, distribusjon og lager (10.961 arb.pl.)
- landbruk og foredlingsindustri (9.301 arb.pl.)

Desse sistnemnde store næringane som òg har mykje å seia for sysselsetjing og verdiskaping i fylket, er i all hovudsak orienterte mot heimemarknaden i fylket.

Svært viktige delar av fylkets, og til dels landets, kunnskaps- og innovasjonssystem er elles ein stor forskingssektor (2.379 arb.pl., 2021/SSB) og høgare utdanningssektor (7.545 arb.pl.)⁷. Fleire av forskings- og utdanningsinstitusjonane driv kunnskapsutvikling og utdanningar orienterte mot ulike delar av arbeids- og næringslivet i fylket, og fleire samarbeider tett med næringsliv og offentleg sektor.

Knytt til fleire av næringsspesialiseringane i fylket og kunnskapsmiljø er det utvikla solide næring- og kompetansemiljø og klyngjer med stor innovasjons- og utviklingsevne på mange felt. Innanfor nokre av desse er det utvikla verdsleiane kompetansemiljø, mellom anna innan sjømat, maritim, olje/gass, prosessindustri og energiproduksjon. Desse er saman med andre næringar forankra til ulike regionale bransjekonsentrasjonar, fortrinn og særtrekk (sjå noko fleire detaljar i kap. 5.1.2).

Næringsstyrkane i fylket og moglegheitsområde framover er elles klargjorde i tidlegare prosjekt som «Drivers of regional economic restructuring» (Jakobsen mfl. 2020) og «Vestlandsscenarioene»⁸ (EY 2020). I scenarioa vert det vist til verdsleiane klyngjemiljø og næringssalliansar som kan ta leiande posisjonar i det grøne skiftet, og at det bør byggast vidare på eksisterande næringar der ein har naturgitte og kompetansemessige fortrinn. Der vert det blinka ut følgjande elleve verdikjeder med særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdiar i fylket: Sjømat, grøn skipsfart, havvind, berekraftig reiseliv, energisystem, karbonfangst/lagring, mineral/lettmetall, hydrogen, batteri, sirkulære modellar, biogass. Noko av dette inngår i underlaget til fylkeskommunens Regional plan for innovasjon og næringsutvikling «Berekraftig verdiskaping» og strategi «Grøn region».

5.1.2 Utviklingstrekk


Fylket har samla hatt ein stor vekst i arbeidsplassar og sysselsette gjennom fleire tiår. Det har samtidig vore periodar med store svingingar i sysselsetjinga som følgje av nasjonale og internasjonale konjunkturar og kriser. Fleire av desse har hendt dei siste 10 til 15 åra (sjå kapittel 6.1). utviklinga i sysselsetjing i denne siste perioden har elles vore svært ujamn mellom ulike bransjar og sektorar (sjå figur 5.3, 5.4 og 5.5).

⁷ Store institusjonar er her Havforskingssinstituttet og NORCE Norwegian Research Centre. Store einingar elles er knytt til SINTEF, NIVA, NIBIO, NOFIMA, NGI, NIKE, Samfunns- og næringslivsforskning (SNF), Vestlandsforskning m.fl. Den største utdanningsinstitusjonen er Universitet i Bergen (UiB), etterfølgd av Høgskulen på Vestlandet (HVL). Fylket har også fleire andre vitskaplege høgskular, slik som NHH, Handelshøyskolen BI, Bergen Arkitekthøgskole.

⁸«Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno.

Ser vi først på arbeidsplassutviklinga i hovudsektorane i perioden 2009-2022 (figur 5.3), har nettotilveksten i talet på arbeidsplassar vore på 16-17.000 i kvar av hovudgruppene privat og offentleg sektor. Innanfor offentleg sektor har hovuddelen av tilveksten komme i kommunal og statleg sektor (høvesvis +9142 arb.pl og +7868 arb.pl). Vekstratane i kommunal og statleg sektor har vore høge i heile perioden, medan vekstraten i fylkeskommunal sektor og privat sektor har vore mykje lågare.

Figur 5-3: Utvikling i antall arbeidsplassar i hovudsektorar i Vestland 2009-22 (kurvene viser prosentpoeng endring frå 2009=100, medan absolutte endringar i talet er oppført i parentesane). (Datakjelde: SSB)




Når det gjeld hovudsektorane (privat, kommunal, statleg, fylkeskommunal) har særleg kommunal og statleg sektor ulikt geografisk fordelingsmønster (kommunal forvaltning er spreidd lokalisert, statleg forvaltning sentralisert lokalisert). Statleg sektor har også frå 2014/15 utvikla seg tydeleg i endå meir sentraliserande retning (sjå figur v3 i vedlegg).


Når vi ser nærmare på arbeidsplassutviklinga i ulike nærings- og sektorgrupper mellom 2008 og 2021 (figur 5.4 og 5.5) ser vi at den store veksten har komme innanfor helse/sosial, men også betydeleg innanfor olje/gass med tilhøyrande tenester, bygg og anlegg, offentleg administrasjon, forretningstenester og undervisning. Ein viss vekst har det òg vore innan opplevingsnæring (kultur, reiseliv m.m.) og innan sjømatnæringa. På den andre enden av skalaen har ein hatt størst reduksjon i talet på arbeidsplassar innan transport, inklusive sjøfart, handel, landbruk og teknologiindustri (verft, maskiner/utstyr).

Medan mykje av den offentleg dominerte tenesteytinga har hatt jamn vekst i arbeidsplassar og sysselsette i heile perioden, har enkelte bransjar i privat sektor hatt store svingingar. Dette gjeld særleg innan olje/gass (utvinning og tenester), men også betydeleg innan enkelte industribransjar og opplevingsnæring (reiseliv, hotell og restaurant).

Figur 5-4: Vekst- og nedgangsnæringer 2008-2021 målt i endringar i talet på arbeidsplassar. (Datakjelde: SSB)



Figur 5-5: Nærings- og sektorutviklinga i Vestland 2008-21. (Datakjelde: SSB)



5.2 Strukturar og utviklingstrekk i regionane

5.2.1 Strukturar

Vestland fylke er samansett av ei mangfaldig gruppe økonomiske regionar med ulike naturgitte føresetnadjar, næringsmiljø, sosiale og kulturell kvalitetar. Nærings- og sektorstrukturane i regionane gir eit lite innblikk i fellestrekke og skilnadar mellom dei når det gjeld arbeidsmarknad, næringsbasar og -spesialiseringar, fortrinn og ulemper. Slike forhold har ein del å seie også for dei ulike eigenskapane til regionane i sosioøkonomi og det legg føringar på utviklingsbanar og -moglegheiter framover.

Alle dei økonomiske regionane i fylket kan karakteriserast som serviceregionar om ein berre ser på største sektor i arbeidsmarknadane, men det er også store variasjonar i storleiken og samansetjinga av sektoren (eks. Bergen med 82% sysselsette i tenesteyting mot 58% i Nordfjord/Kinn). Regionane vert elles kjenneteikna av store variasjonar samansetjinga av deira vareproduserande sektorar (sjå figur 5.2 framfor og tabell 5.1 neste side).

Næringsstrukturane i regionane avdekker også geografisk differensiering og arbeidsdeling mellom dei mest sentrale regionane og mindre sentrale regionane i fylket. Det er dei mest sentrale områda, representert ved Bergen kommune og nærområde, men også i ein viss grad Sunnfjord kommune med Førde, som har klart høgst del sysselsette i tenesteyting og størst variasjon i sektoren. Her er nokre av fylkets mest spesialiserte tenester også lokaliserte og som har ein stor del av fylket som omlandet sitt. Resten av regionane har lågare del sysselsette i tenesteyting og relativt sett høgare delar i vareproduksjon av ulike typar ofte retta mot nasjonale og internasjonale marknadar. Tenesteytinga er her oftare ordinære tenester knytt til helse, omsorg og handel som er retta mot brukarar i nærområdet.

Internt i dei økonomiske regionane er det også ei slik differensiering og arbeidsdeling mellom regionsenter- og omlandskommunar. Senterkommunane har som regel meir og fleire typar tenesteyting og service retta mot brukarar og kundar i regionen, medan omlandskommunane oftare relativt sett har eit større innslag av vareproduksjon og/eller turisme for kundar nasjonalt og internasjonalt, samtidig som mykje av tenesteytinga elles er retta mot befolkninga i eigen kommune.

Tabellen 5.1. viser ei oversikt over næringsspesialiseringane til regionane. Der ser vi at ein god del av regionane i fylket er næringsspesialiserte i ein del av dei same næringsgruppene, samtidig som dei ikkje så sjeldan kombinerer dette med andre næringsspesialiseringar i ulike kombinasjonar.

Næringsspesialiseringane til regionane er gjerne også knytt til miljø med visse klyngje-eigenskapar⁹. I dynamiske klyngjer er det gjerne kunnskapsflyt, konkurranse og samarbeid, innovasjonskoplingar, fellesinvesteringar m.m. blant verksemder i same eller relaterte bransjar lokalisiert i eit avgrensa geografisk område.

⁹I faglitteraturen blir gjerne reservert for klyngjeomgrepet gjerne til samlokaliserte verksemder i same/relaterte bransjar/verdikjeder der det er kunnskapsflyt, interaksjon og oppgraderingsmekanismar mellom bedriftene. Geografisk skala, omfang av interaksjon og kunnskapsflyt, og fasar i utvikling kan variera. Enkelte legg også vekt på at leiingar/tilsette i ulike bedrifter deler ein slags klyngjeidentitet, satsar på fellesinvesteringar m.m. (Malmberg og Power 2006). Begripe nettverk er noko anna, dvs. ein ikkje-romleg organisasjonsform der informasjon og kunnskap blir delt mellom aktørar/verksemder i formelle og uformelle relasjonar.

Tabell 5-1: Regionanes næringsspesialiseringar etter arbeidsplassar
(lokaliseringkvotentar 2021 vs. landet=1,00). Blåmerka har lok.kvot> 1.1 = overrepresentasjon eller spesialisering. (Datakjelde: SSB)

| | | Primærnæringer og industri | | | | | | Infrastruktur- og transportnæringer | | | Opplevelses-næringer | | | Privat tjenesteyting | | | Offentlig dom. tjenesteyting | | |
|----------------------------------|--|----------------------------|---------|--------------------------|-----------------|---------------------|----------------|-------------------------------------|-------------|------------------|--------------------------|--|-----------------|----------------------|------------------|-------------------|------------------------------|-------------------------|--|
| | | Land-bruk og foredling | Sjø-mat | Olje/gass (inkl. tjener) | Metall-industri | Tekno-logi-industri | Annен industri | Kraft/vann | Bygg/anlegg | Sjøfart, landtra | Reise-liv, serv og overn | Kultur, medier, sports-aktivitet er etc. | Handel tjeneste | Forretning | Annен pers. tjen | Off.adm forsvaret | Under-sos.sos.sikring | Helse visning og sosial | |
| Vestland | | 0,82 | 1,64 | 1,58 | 1,93 | 1,38 | 0,73 | 1,15 | 1,04 | 1,06 | 0,96 | 0,85 | 0,88 | 0,87 | 0,97 | 0,91 | 1,09 | 1,06 | |
| 1. Nordfjord og Kinn | | 2,69 | 4,62 | 0,42 | 0,35 | 1,29 | 2,28 | 1,87 | 1,07 | 1,50 | 0,96 | 0,49 | 0,85 | 0,52 | 1,05 | 0,59 | 0,94 | 0,96 | |
| 2. Sunnfjord og Ytre Sogn | | 1,55 | 2,02 | 0,00 | 3,30 | 0,65 | 0,74 | 1,01 | 1,23 | 1,08 | 0,65 | 0,58 | 0,95 | 0,66 | 0,73 | 0,78 | 1,07 | 1,37 | |
| 3. Indre Sogn | | 1,91 | 0,08 | 0,04 | 13,20 | 0,83 | 2,10 | 2,31 | 1,30 | 0,66 | 1,17 | 0,54 | 0,68 | 0,50 | 0,78 | 1,39 | 1,16 | 1,06 | |
| 4. Nordhordland | | 1,14 | 2,01 | 4,09 | 0,00 | 1,72 | 1,23 | 2,02 | 1,06 | 1,63 | 0,31 | 0,48 | 0,68 | 0,40 | 1,05 | 0,93 | 1,21 | 1,09 | |
| 5. Bergen | | 0,34 | 0,34 | 2,45 | 0,00 | 0,75 | 0,34 | 0,93 | 0,89 | 0,93 | 1,09 | 1,11 | 0,91 | 1,20 | 0,99 | 1,00 | 1,09 | 1,02 | |
| 6. Midthordland | | 0,52 | 4,82 | 0,54 | 0,32 | 3,02 | 0,79 | 0,66 | 1,28 | 1,23 | 0,58 | 0,68 | 0,92 | 0,46 | 1,05 | 0,82 | 1,13 | 1,08 | |
| 7. Voss | | 2,23 | 0,97 | 0,00 | 3,70 | 0,50 | 1,54 | 1,51 | 1,30 | 1,29 | 1,37 | 0,73 | 0,92 | 0,43 | 0,94 | 0,80 | 1,14 | 1,14 | |
| 8. Indre Hardanger | | 1,12 | 0,59 | 0,03 | 31,05 | 1,15 | 0,96 | 2,45 | 1,26 | 1,21 | 1,35 | 0,50 | 0,74 | 0,46 | 0,56 | 0,64 | 0,89 | 1,10 | |
| 9. Sunnhordland Aust | | 1,85 | 4,14 | 0,00 | 13,56 | 1,89 | 0,49 | 1,48 | 1,17 | 0,82 | 0,66 | 0,41 | 0,85 | 0,51 | 0,95 | 0,58 | 0,91 | 1,21 | |
| 10. Stord | | 0,42 | 4,29 | 0,00 | 0,10 | 5,60 | 0,46 | 1,04 | 1,12 | 1,09 | 0,83 | 0,42 | 0,77 | 0,45 | 0,98 | 0,56 | 1,10 | 1,09 | |

Det finst inga komplett oversikt over faktiske klyngjer eller miljø med klyngjeeigenskapar i fylket. Derimot finst det oversikter over miljø med klyngjestatus og -støtte både frå det nasjonale klyngjeprogrammet til Innovasjon Noreg/NFR/SIVA, og fylkeskommunens «hub»-støtte i strategi «Grøn region Vestland». Følgjande 7 miljø i fylket vert støtta av det nasjonale klyngjeprogrammet per 2022:

- GCE Seafood Innovation Cluster
- NCE Finance Innovation
- Media (Modne klynger)
- Nosca Clean Oceans (Arena)
- Proptech Innovation (Arena) (eiendom/sirkulærøkonomi)
- NCE Maritime CleanTech
- Arena Ocean HyWay Cluster.

Dette er klyngjeprosjekt med kontoradresse i Bergen (unnateke sistnemnde som blir delt med Førde), men som oftast har mykje av aktivitetane sine og nedslagsfelt i større delar av fylket. Innan fylkeskommunens strategi Grøn region støttast 16 såkalla «hubbar» innan maritim, marin, industri og bioressurs¹⁰, og har generelt ei meir desentralisert lokalisering med fire i Fjordane, to i Sogn, ein i Hardanger, ein i Voss, fire i Sunnhordaland og to i Bergensområdet (sjå tabell 5.2 og figur 5-6).

I Vestlandscenarioa (EY 2020) omtalast fleire «kunnskapsklyngjer» av næringsliv, utdannings- og forskingsinstitusjonar¹¹. Universitet i Bergen har ei sentral rolle innanfor følgjande seks slike klyngjer for å styrke innovasjon og entreprenørskap: 1) Media City, 2) Alrek helseklyngje, 3) Marin klyngje, 4) Mellomalderklyngje, 5) Klimaforskningsklyngje og 6) Energiomstillingsklyngje. Andre «kunnskapsklyngjer» som vert nemnde het er 7) Polyfon – ei

¹⁰ Kvar hub har sine eigne porteføljar av utviklingsprosjekt, men det skal vere behov for å utvikle tettare samarbeid mellom ein del av dei som har ein del fellesnemnarar. Det er grunn til å tru at aktørar i same kategoriar først kan skalere infrastruktur og verdikjeder ved auka samarbeid på tvers. Satsinga skal ha noko fragmentert preg og for lite samarbeid mellom hubane (iflg. Vestland fylkeskommune 2022).


¹¹EY viser til i Vestlandscenarioene til følgjande kjelder for desse kunnskapsklyngjene: Uib.no, forskningsradet.no , bergenentrepreneurshipacademy.no

kunnskapsklyngje for musikkterapi, og 8) Energiomstilling Vest – ei kunnskapsklyngje for energiomstilling. For å styrke innovasjonsarbeidet har Universitet elles etablert Innovasjonshub og Entrepreneurship Academy der sistnemnde er ei satsing mellom HVL, NHH og UiB, for å utvikle utdanningstilbodet innanfor innovasjon og entreprenørskap på tvers av institusjonane.

Tabell 5-2: Oversikt over «hubbene» i strategi Grøn region 2022.
(Kjelde: Vestland fylkeskommune)

| Område/regionråd | Hubnamn | Lokasjon | Næring |
|--|-----------------------------|---|--|
| Fjordane | Lutelandet | Lutelandet i Fjaler kommune | Hydrogen, vindkraft, landbasert oppdrett, bioøkonomi (spes. Biogass) |
| Fjordane | Fjord Base | Brandseya utanfor Flora i Kinn kommune | Basedrift (supply olje og gass), hydrogen/ammoniakk, havvind, landbasert oppdrett, bioøkonomi (spes. Biogass) |
| Fjordane | BIO-Gloppen | Gloppen kommune | Bioøkonomi, primært biogass |
| Fjordane (inkl. Gulen i Nordhordaland) | Havregion Fjordane | Hele Fjordane (Nordfjord, Sunnfjord og HAFS) | Marin (fiskeri og akvakultur til havs og på land), med kopling til bioøkonomi |
| Sogn | Årdal teknologipark | Årdalstangen og Øvre Årdal i Årdal kommune | Prosessindustri, hydrogen og bioøkonomi (spes. alger) |
| Sogn | Sirkulære Høyanger | Høyanger kommune | Prosessindustri, hydrogen, CCUS, akvakultur (primært landbasert) |
| Voss (pluss Bergen) | BIO-Voss | Bjørkemoen i Voss herad, samt BIR i Bergen | Bioøkonomi, inkl. biogass, insektsproduksjon m.m. |
| Hardanger | Hardanger Hub | Odda og Tyssedal i Ullensvang kommune | Hydrogen, prosessindustri, undervassteknologi, landbasert oppdrett |
| Nordhordaland | Fensfjordbassenget | Mongstad i Alver kommune, Sørvåg og Skipavika i Gulen kommune | (Blå) hydrogen, akvakultur (hav og land), bioøkonomi breitt (inkl. veksthus og biogass), CCUS, maritim transport |
| Nordhordaland /Bergensområdet | Hjeltefjordbassenget | Flere steder i Øygarden og Askøy kommune | (Blå) hydrogen, akvakultur (hav og land), bioøkonomi breitt, CCUS, maritim transport |
| Sunnhordaland | Grøn næringspark Kvinnherad | Husnes i Kvinnherad kommune | Prosessindustri, hydrogen, CCS(U), og bioøkonomi (spes. biogass) |
| Sunnhordaland | BIO-Sunnhordland | Eldøyane i Stord kommune, men forgreiningar i heile Sunnhordland | Bioøkonomi, primært biogass, men også slamhandtering og proteinproduksjon |
| Sunnhordaland | Havregion Sunnhordland | Hele Sunnhordland, men tyngdepunkt på Bømlo (og potensielt Austevoll) | Marin (fiskeri og akvakultur til havs og på land), med kopling til bioøkonomi |
| Sunnhordaland + mye av fylket | Maritim teknologiklyngje | Hele fylket, men med tydeleg tyngdepunkt på Stord og i Sunnhordland | Maritim transport, med tydeleg innslag av hydrogen/ammoniak, havvind m.m. |
| Bergen | BIO-Bergen | Rådalen i Bergen kommune | CCUS |
| Bergensregionen | Havbyen Bergen | Bergensregionen | Marin (fiskeri og akvakultur til havs og på land), med kopling til bioøkonomi |

Figur 5-6: «Hubbene» som inngår i strategi Grøn region.



5.2.2 Utviklingstrekk

I det følgjande ser vi på utviklinga i *regionane* når det gjeld arbeidsplassar for ulike næringer og sektorar og totalt.

På overordna nivå ser vi først (tabell 5.3) at den store nettoveksten i fylket av arbeidsplassar (23.393, dvs. 7,9% mot 9,2% på landsbasis 2008-21) har vore sterkt konsentrert sentralt i fylket til Bergen kommune og Midhordland. Desse to regionane stod for 93 prosent av tilveksten (21.825) av arbeidsplassane i fylket, medan resten av fylket måtte klare seg med 7 prosent av arbeidsplassveksten (1.558). Delen av fylkets tilvekst av arbeidsplassar i de mest sentrale strøka var klart større enn dessas områdanes del av fylkets arbeidsplassar i utgangspunktet. Det er altså snakk om ein meirvekst i sentrale strøk og økt vekstkoncentrasjon i fylket. Bakgrunnen for desse store skeivheitene i tilvekst over lengre tid mellom Bergensområdet og fylket elles, er ein kombinasjon av deira ulike nærings- og sektorstrukturar og svært ujamn befolkningsutvikling.

Til det førstnemnde punktet ligg det at dei sentrale strøka har hatt eit større relativt innslag av dei nasjonale vekstnæringerane (helse/sosial, offentleg administrasjon, undervisning, forretningsmessig tenesteyting, olje/gass/tenester, kultur/medium) enn dei mindre sentrale strøka har hatt. Dei mindre sentrale strøka har derimot hatt ein relativt sett større del av dei nasjonale nedgangsnæringerane, når ein måler arbeidsplassar (primærnæringer og industri), og sjølv om verdiskapinga og produktiviteten har auka der. Til det andre nemnde punktet kommer at en ujamn befolkningsutvikling mellom områder i seg sjølv legger mye av grunnlaget for en ujamn utvikling av arbeidsplassar også innanfor fleire typar tenesteyting.

Tala indikerer at sjølv om regionane i fylket vert påverka av ein del av dei same nasjonale og internasjonale konjunkturane og utviklingstrekkene, har regionane også betydelege forskjellar i arbeidsplassutvikling påverka av deira ulike sentralitetar, befolkningsutvikling, næringsspesialiseringar og innslaga av statleg sektorar.

Periodiseringar ein vel å bruka kan i nokon grad påverka «utviklingsbiletet» man får. Men her finn vi stort sett at det er dei same vekst- og nedgangsnæringerane som held seg over tid i fylket, i stor grad uavhengig av valde periodiseringar. Det har med andre ord vore eit ganske stabilt strukturelt utviklingsmønster i perioden vi har målt (2008-21), men med nokre nyansar. I siste periode, 2016-21, aukar den årlege tilveksten av arbeidsplassar totalt og markant for fleire næringer samanlikna med førre periode (2008-15). Særleg tydeleg er dette innanfor forretningsmessig tenesteyting og olje/gass (utvinning/tenester), og til dels sjømat, oppleving (kultur/medium/sport) og metallindustri. Samtidig minkar reduksjonen av arbeidsplassar i mykje av industrien elles. I handel, landbruk og foredling held reduksjonen fram som før, og i sjøfart og landtransport vert nedgangen ytterlegare forsterka i siste periode.

Eitt trekk dei seinare åra (2016-21) synes samstundes å vere ein noko mindre geografisk skeiv tilvekst av arbeidsplassar mellom dei sentrale og mindre sentrale regionane i fylket, samanlikna med førre periode (2008-16). Dei mindre sentrale strøka har auka sin del av fylkets nettolteksten av arbeidsplassar særleg innanfor forretningsmessig tenesteyting og sjømat. Samstundes har fleire av dei industribransjane som er overrepresentert i dei mindre sentrale regionane (metallindustri, teknologiindustri m.m.) samtidig hatt ein relativt sett betre utvikling enn fylket elles, i siste periode. Ein av de mindre sentrale regionane som har forbetra utvikling markant med vekst i arbeidsplassar, etter tidlegare fleire år med nedgang, er Indre Hardanger. Eit klart oppsving har det òg vore i Stord i denne siste perioden. Dette til tross har altså hovudmønsteret med sentralisering- og vekstkoncentrasjonen til de mest sentrale regionane halde fram.

Tabell 5-3: Næringer/sektorar rangert etter tilvekst av arbeidsplassar for Vestland fylke og hovedområder 2008-21 (Datakjelde: SSB)

| Rangert etter vekst Vestland 08-21 | Næringer/sektorar | Landet | Vestland totalt | Bergen og Midt-hordaland | Vestland for øvrig | Vestland totalt | Bergen og Midt-hordaland | Vestland for øvrig | Vestland totalt | Bergen og Midt-hordaland | Vestland for øvrig |
|---|---------------------------------------|---------|-----------------|--------------------------|--------------------|-----------------|--------------------------|--------------------|-----------------|--------------------------|--------------------|
| | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | |
| | Allle næringer/sektorar (% endring) | 9,2 | 7,9 | 11,7 | 1,4 | 2,7 | 4,7 | -0,8 | 5,0 | 6,6 | 2,3 |
| | Allle næringer/sektorar (abs.endring) | 230 046 | 23 393 | 21 835 | 1 558 | 7 978 | 8 893 | -915 | 15 415 | 12 942 | 2 473 |
| 1 | Helse og sosial | 95 321 | 11 530 | 8 318 | 3 212 | 7 743 | 4 932 | 2 811 | 3 787 | 3 386 | 401 |
| 2 | Olje/gass (inkl.tjenester) | 16 026 | 5 520 | 5 453 | 67 | 2 725 | 2 891 | -166 | 2 795 | 2 562 | 233 |
| 3 | Bygg/anlegg | 46 426 | 5 170 | 2 521 | 2 649 | 2 685 | 1 019 | 1 666 | 2 485 | 1 502 | 983 |
| 4 | Off. adm forsvar, sos.forsikring | 33 372 | 4 397 | 3 761 | 636 | 2 967 | 2 420 | 547 | 1 430 | 1 341 | 89 |
| 5 | Forretningsm. tjenesteyting | 64 151 | 4 141 | 3 449 | 692 | 456 | 490 | -34 | 3 685 | 2 959 | 726 |
| 6 | Undervisning | 34 688 | 3 316 | 2 726 | 590 | 1 404 | 741 | 663 | 1 912 | 1 985 | -73 |
| 7 | Kultur, medier, sportsaktiviteter | 17 959 | 1 852 | 1 917 | -65 | 829 | 929 | -100 | 1 023 | 988 | 35 |
| 8 | Sjømat | 6 439 | 1 637 | 1 187 | 450 | 675 | 629 | 46 | 962 | 558 | 404 |
| 9 | Reiseliv, serv og overn | 11 645 | 748 | 749 | -1 | 76 | 218 | -142 | 672 | 531 | 141 |
| 10 | Kraft/ vann | 7 728 | 537 | 334 | 203 | 322 | 103 | 219 | 215 | 231 | -16 |
| 11 | Annen privat pers.tjen | 2 417 | 213 | 234 | -21 | 269 | 220 | 49 | -56 | 14 | -70 |
| 12 | Metallindustri | -2 133 | -394 | -271 | -123 | -584 | -300 | -284 | 190 | 29 | 161 |
| 13 | Annen industri | -12 885 | -1 058 | -1 096 | 38 | -966 | -836 | -130 | -92 | -260 | 168 |
| 14 | Sjøfart, landtransport og lager | -16 282 | -2 358 | -1 522 | -836 | -416 | 516 | -932 | -1 942 | -2 038 | 96 |
| 15 | Handel | -24 313 | -3 245 | -1 783 | -1 492 | -2 333 | -1 258 | -1 075 | -912 | -495 | -417 |
| 16 | Landbruk og foredling | -26 047 | -3 687 | -1 723 | -1 964 | -3 190 | -1 604 | -1 586 | -497 | -119 | -378 |
| 17 | Teknologiindustri | -24 466 | -4 926 | -2 449 | -2 477 | -4 684 | -2 217 | -2 467 | -242 | -232 | -10 |
| | | | | | | | | | | | |
| Næringer rangert etter vekst i Vestland 08-21 | Næringer/sektorar | Landet | Vestland totalt | Bergen og Midt-hordaland | Vestland for øvrig | Vestland totalt | Bergen og Midt-hordaland | Vestland for øvrig | Vestland totalt | Bergen og Midt-hordaland | Vestland for øvrig |
| | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | |
| | Allle næringer/sektorar (% endring) | 0,7 | 0,6 | 0,9 | 0,1 | 0,3 | 0,6 | -0,1 | 1,0 | 1,3 | 0,5 |
| | Allle næringer/sektorar (abs.endring) | 17 696 | 1 799 | 1 680 | 120 | 997 | 1 112 | -114 | 3 083 | 2 588 | 495 |
| 1 | Helse og sosial | 7 332 | 887 | 640 | 247 | 968 | 617 | 351 | 757 | 677 | 80 |
| 2 | Olje/gass (inkl.tjenester) | 1 233 | 425 | 419 | 5 | 341 | 361 | -21 | 559 | 512 | 47 |
| 3 | Bygg/anlegg | 3 571 | 398 | 194 | 204 | 336 | 127 | 208 | 497 | 300 | 197 |
| 4 | Off. adm forsvar, sos.forsikring | 2 567 | 338 | 289 | 49 | 371 | 303 | 68 | 286 | 268 | 18 |
| 5 | Forretningsm. tjenesteyting | 4 935 | 319 | 265 | 53 | 57 | 61 | -4 | 737 | 592 | 145 |
| 6 | Undervisning | 2 668 | 255 | 210 | 45 | 176 | 93 | 83 | 382 | 397 | -15 |
| 7 | Kultur, medier, sportsaktiviteter | 1 381 | 142 | 147 | -5 | 104 | 116 | -13 | 205 | 198 | 7 |
| 8 | Sjømat | 495 | 126 | 91 | 35 | 84 | 79 | 6 | 192 | 112 | 81 |
| 9 | Reiseliv, serv og overn | 896 | 58 | 58 | 0 | 10 | 27 | -18 | 134 | 106 | 28 |
| 10 | Kraft/ vann | 594 | 41 | 26 | 16 | 40 | 13 | 27 | 43 | 46 | -3 |
| 11 | Annen privat pers.tjen | 186 | 16 | 18 | -2 | 34 | 28 | 6 | -11 | 3 | -14 |
| 12 | Metallindustri | -164 | -30 | -21 | -9 | -73 | -38 | -36 | 38 | 6 | 32 |
| 13 | Annen industri | -991 | -81 | -84 | 3 | -121 | -105 | -16 | -18 | -52 | 34 |
| 14 | Sjøfart, landtransport og lager | -1 252 | -181 | -117 | -64 | -52 | 65 | -117 | -388 | -408 | 19 |
| 15 | Handel | -1 870 | -250 | -135 | -115 | -292 | -157 | -134 | -182 | -99 | -83 |
| 16 | Landbruk og foredling | -2 004 | -284 | -133 | -151 | -399 | -201 | -198 | -99 | -24 | -76 |
| 17 | Teknologiindustri | -1 882 | -379 | -188 | -191 | -586 | -277 | -308 | -48 | -46 | -2 |

Eit vesentleg utviklingstrekk av betydning for næringsutviklinga framover de nærmaste åra kan også noterast. Det har vore betydeleg vekst i arbeidsplassar innan olje- og gasssektoren (inkl. tenester), og mest i den siste perioden. Dette har skjedd samtidig som volumet av utvunnen olje og gass på norsk sokkel hadde gått ned mellom 2005 og 2015, og seinare auka igjen. Samtidig har aktiviteten og sysselsetjinga på fleire mindre felt vore aukande, og den sterkeste årlege arbeidsplassveksten i perioden 2008-21 har såleis komme dei seinare åra. Samstundes har investeringsnivået i sektoren teke seg kraftig opp dei seinare åra som følgje av meir gunstige skattevilkår gitt av Stortinget i 2020. Det er forventa betydeleg vekst i arbeidsplassar de nærmaste åra på grunn av dette¹². Det kan forsterke vanskar med tilgang på

¹²Stortingets «oljeskattepakke» innebar at oljeselskapa kunne skrive av all skatt direkte i utgiftsåret, og dessutan auka friinntekt på toppen av avskrivinga. Subsidiane gjorde felt som var ulønnsame før skatt til lønnsame etter skatt og et rekordstort investeringsnivå følgde i 2021-23. Aker BP-sjef Karl Johnny Hersvik seier til Nrk.no den 6.februar 2023 at dei «vil trenga 150.000 nye årsverk, som svarer til i snitt 30.000 tilsette kvart år fram til 2027. Yggdrasil er den største utbygginga, eit

nok arbeidskraft og kompetanse til andre viktige næringer og sektorar framover inkludert skape utfordringar for delar av det grøne skiftet fram mot 2030.

Ser vi litt meir på arbeidsplassutviklinga i fylkets 10 regionar i perioden 2008-16 har den vore veldig ujamm (tabell 5.4), men da ikkje berre mellom dei mest sentrale regionane (Bergen og Midthordland med høvesvis pluss 10 og 19 prosent tilvekst), og dei mindre sentrale

Figur 5-7: Utviklinga i arbeidsplassar i fylkets 10 regionar i periodane 2008-21.
(Datakjelde: SSB)

| | Primærnæringer og industri | | | | | | Infrastruktur- og transportnæringer | | | Oppleveles-næringer | | | Privat tjenesteyting | | | Offentlig dom-tjenesteyting | | | Totalt | |
|------------------------------------|----------------------------|--------|-----------------------------|-----------------|---------------------|----------------|-------------------------------------|-------------|----------------------------------|-------------------------|-----------------------------------|---------|---------------------------------|-----------------------------|---------------------------------|-----------------------------|-----------------|---------|--------|--|
| | Land-bruk og foredling | Sjømat | Olje/gass (inkl. tjenester) | Metall-industri | Tekno-logi-industri | Annen industri | Kraft/vann | Bygg/anlegg | Sjøfart, landtrans-port og lager | Reiseliv, serv og overn | Kultur, medier, sportsaktiviteter | Handel | Forretningsmessig tjenesteyting | Pri-vat pers. tjenesteyting | Off adm forsvar, sos.forsikring | Undervisning | Helse og sosial | Abs. | % | |
| Totalt 2008-21 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Landet | -26 047 | 6 439 | 16 026 | -2 133 | -24 466 | -12 885 | 7 728 | 46 426 | -16 282 | 11 645 | 17 959 | -24 313 | 64 151 | 2 417 | 33 372 | 34 688 | 95 321 | 230 046 | 9,2 | |
| Vestland | -3 687 | 1 637 | 5 520 | -394 | -4 926 | -1 058 | 537 | 5 170 | -2 358 | 748 | 1 852 | -3 245 | 4 141 | 213 | 4 397 | 3 316 | 11 530 | 23 393 | 7,9 | |
| Bergen+Midthordaland | -1 723 | 1 187 | 5 453 | -271 | -2 449 | -1 096 | 334 | 2 521 | -1 522 | 749 | 1 917 | -1 753 | 3 449 | 234 | 3 761 | 2 726 | 8 318 | 21 835 | 11,7 | |
| Vestlandet for øvrig | -1 964 | 450 | 67 | -123 | -2 477 | 38 | 203 | 2 649 | -836 | -1 | -65 | -1 492 | 692 | -21 | 636 | 590 | 3 212 | 1 558 | 1,4 | |
| Regionene | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 1.Nordfjord og Kinn | -261 | -94 | 92 | 3 | -391 | 45 | 98 | 400 | -280 | -29 | 75 | -278 | 182 | -22 | 78 | -14 | 472 | 76 | 0,4 | |
| 2.Sunnfjord og Ytre Sogn | -424 | 100 | -3 | 1 | -540 | -23 | 10 | 549 | -176 | 10 | -63 | -390 | 492 | 2 | 100 | 142 | 652 | 439 | 2,6 | |
| 3.Indre Sogn | -296 | -8 | 8 | -102 | -38 | 82 | 65 | 564 | -188 | 127 | -93 | -69 | -68 | 3 | 199 | 161 | 455 | 802 | 5,7 | |
| 4.Nordhordland | -48 | 14 | -23 | -37 | -374 | -77 | 47 | 321 | 17 | -160 | 27 | -135 | 0 | -11 | 277 | 212 | 502 | 552 | 4,0 | |
| 5.Bergen | -1 433 | 330 | 5 356 | -283 | -2 702 | -945 | 321 | 1 696 | -1 450 | 565 | 1 495 | -1 976 | 3 085 | 142 | 3 351 | 2 055 | 6 252 | 15 857 | 10,2 | |
| 6.Midthordland | -288 | 857 | 97 | 12 | 253 | -151 | 13 | 825 | -72 | 184 | 422 | 223 | 364 | 92 | 410 | 671 | 2 066 | 5 978 | 18,6 | |
| 7.Voss | -447 | 79 | 0 | -22 | -138 | -88 | 33 | 405 | 25 | 0 | 129 | -269 | -2 | 11 | 82 | 12 | 258 | 68 | 0,5 | |
| 8.Indre Hardanger | -75 | 9 | 3 | 76 | -111 | 0 | -21 | 14 | 58 | 25 | -69 | -113 | 11 | -18 | 5 | 16 | -46 | -236 | -4,0 | |
| 9.Sunnhordland Aust | -258 | 175 | 0 | -48 | -311 | 22 | -10 | 125 | -124 | 7 | -11 | -55 | 76 | -3 | -1 | -9 | 192 | -233 | -2,7 | |
| 10.Stord | -155 | 175 | -10 | 6 | -574 | 77 | -19 | 271 | -168 | 19 | -60 | -183 | 1 | 17 | -104 | 70 | 727 | 90 | 0,5 | |
| Gjennomsnitt per år 2008-21 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Landet | -2 004 | 495 | 1 233 | -164 | -1 882 | -991 | 594 | 3 571 | -1 252 | 896 | 1 381 | -1 870 | 4 935 | 186 | 2 587 | 2 688 | 7 332 | 17 696 | 0,7 | |
| Vestland | -284 | 126 | 425 | -30 | -379 | -81 | 41 | 398 | -181 | 58 | 142 | -250 | 319 | 16 | 338 | 255 | 887 | 1 799 | 0,6 | |
| Bergen+Midthordaland | -133 | 91 | 419 | -21 | -188 | -84 | 26 | 194 | -117 | 58 | 147 | -135 | 265 | 18 | 289 | 210 | 640 | 1 680 | 0,9 | |
| Vestlandet for øvrig | -151 | 35 | 5 | -9 | -191 | 3 | 16 | 204 | -64 | 0 | -5 | -115 | 53 | -2 | 49 | 45 | 247 | 120 | 0,1 | |
| Regionene | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 1.Nordfjord og Kinn | -20 | -7 | 7 | 0 | -30 | 3 | 8 | 31 | -22 | -2 | 6 | -21 | 14 | -2 | 6 | -1 | 36 | 6 | 0,0 | |
| 2.Sunnfjord og Ytre Sogn | -33 | 8 | 0 | 0 | -42 | -2 | 1 | 42 | -14 | 1 | -5 | -30 | 38 | 0 | 8 | 11 | 50 | 34 | 0,2 | |
| 3.Indre Sogn | -23 | -1 | 1 | -8 | -3 | 6 | 5 | 43 | -14 | 10 | -7 | -5 | -5 | 0 | 15 | 12 | 35 | 62 | 0,4 | |
| 4.Nordhordland | -4 | 1 | -2 | -3 | -29 | -6 | 4 | 25 | 1 | -12 | 2 | -10 | 0 | -1 | 21 | 16 | 39 | 42 | 0,3 | |
| 5.Bergen | -110 | 25 | 412 | -22 | -208 | -73 | 25 | 130 | -112 | 43 | 115 | -152 | 237 | 11 | 258 | 158 | 481 | 1 220 | 0,8 | |
| 6.Midthordland | -22 | 66 | 7 | 1 | 19 | -12 | 1 | 63 | -6 | 14 | 32 | 17 | 28 | 7 | 32 | 52 | 159 | 460 | 1,4 | |
| 7.Voss | -34 | 6 | 0 | -2 | -11 | -7 | 3 | 31 | 2 | 0 | 10 | -21 | 0 | 1 | 6 | 1 | 20 | 5 | 0,0 | |
| 8.Indre Hardanger | -6 | 1 | 0 | 6 | -9 | 0 | -2 | 1 | 4 | 2 | -5 | -9 | 1 | -1 | 0 | 1 | -4 | -18 | -0,3 | |
| 9.Sunnhordland Aust | -20 | 13 | 0 | -4 | -24 | 2 | -1 | 10 | -10 | 1 | -1 | -4 | 6 | 0 | 0 | -1 | 15 | -18 | -0,2 | |
| 10.Stord | -12 | 13 | -1 | 0 | -44 | 6 | -1 | 21 | -13 | 1 | -5 | -14 | 0 | 1 | -8 | 5 | 56 | 7 | 0,0 | |
| Gjennomsnitt per år 2016-21 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Landet | -657 | 1 075 | 1 248 | 41 | -275 | 114 | 638 | 4 933 | -1 461 | 958 | 2 347 | 390 | 10 043 | 55 | 1 937 | 3 204 | 6 331 | 30 921 | 1,2 | |
| Vestland | -99 | 192 | 559 | 38 | -48 | -18 | 43 | 497 | -388 | 134 | 205 | -182 | 737 | -11 | 286 | 382 | 757 | 3 083 | 1,0 | |
| Bergen+Midthordaland | -24 | 112 | 512 | 6 | -46 | -52 | 46 | 300 | -408 | 106 | 198 | -99 | 592 | 3 | 268 | 397 | 677 | 2 588 | 1,3 | |
| Vestlandet for øvrig | -76 | 81 | 47 | 32 | -2 | 34 | -3 | 197 | 19 | 28 | 7 | -83 | 145 | -14 | 18 | -15 | 80 | 495 | 0,5 | |
| Regionene | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 1.Nordfjord og Kinn | -20 | 26 | 0 | 0 | 1 | 17 | 3 | 20 | -14 | -3 | 9 | 1 | 23 | -3 | -5 | -20 | -4 | 31 | 0,1 | |
| 2.Sunnfjord og Ytre Sogn | -18 | 15 | 0 | -1 | -30 | 4 | -6 | 40 | -15 | -8 | -7 | -9 | 45 | 2 | 9 | 12 | 17 | 52 | 0,3 | |
| 3.Indre Sogn | -19 | -4 | 2 | -8 | 1 | 0 | 3 | 59 | -25 | 15 | -4 | -11 | 16 | -2 | -18 | 6 | 51 | 61 | 0,4 | |
| 4.Nordhordland | -2 | 9 | 45 | 0 | 13 | -3 | 0 | 26 | 21 | -18 | 4 | -8 | -7 | -7 | 44 | 4 | -4 | 119 | 0,9 | |
| 5.Bergen | -16 | 23 | 503 | 0 | -31 | -65 | 47 | 196 | -349 | 109 | 176 | -178 | 581 | 1 | 290 | 347 | 516 | 2 151 | 1,3 | |
| 6.Midthordland | -8 | 88 | 9 | 6 | -15 | 13 | -1 | 104 | -59 | -3 | 22 | 79 | 11 | 2 | -22 | 50 | 162 | 438 | 1,2 | |
| 7.Voss | -15 | 7 | 0 | -1 | -2 | 1 | 0 | 1 | 8 | 18 | 11 | -23 | 23 | 0 | -3 | -1 | 24 | 47 | 0,4 | |
| 8.Indre Hardanger | 5 | 1 | 1 | 21 | 6 | -3 | 1 | 10 | 17 | 6 | -3 | -3 | 4 | -2 | 0 | -3 | -20 | 40 | 0,7 | |
| 9.Sunnhordland Aust | 5 | 7 | 0 | 22 | -9 | 3 | -4 | 10 | 4 | 1 | -1 | -10 | 24 | -3 | -9 | -4 | 4 | 40 | 0,5 | |
| 10.Stord | -12 | 19 | -1 | -1 | 18 | 14 | 1 | 30 | 22 | 18 | -2 | -21 | 17 | 1 | -1 | -9 | 13 | 105 | 0,6 | |


regionane (samla 1% auke). Men også innanfor gruppa av mindre sentrale regionane har tilveksten av arbeidsplassar variert ein god del, frå pluss 6 til minus 4 prosent (2008-21). Her har Indre Sogn hatt klart sterkest utvikling (høvesvis pluss 6 prosent) medan Sunnhordland Aust og Indre Hardanger har hatt svakast utvikling (høvesvis minus 3 og 4 prosent).

Til slutt ser vi på en samla oversikt over utviklinga i talet på arbeidsplassar (2008-21) for 14 nærings-grupper i fylkets 10 regionar forutan prosentvis tilvekst i alt for kvar av dei (figur 5.7). Figuren visar blant anna den betydelege vekstkonsentrasjonen det har vore til regionane i Bergensområdet (her Bergen kommune og Midthordaland) og der også olje/gass-sektor

omfattande felt rett vest for Bergen. Her skal det borast 55 brønnar og byggjast ut fleire plattformer. Verft på Stord, Egersund, Haugesund, Verdal og Sandnessjøen skal sammen med hundrevis av leverandørar i landet bidra til utbygginga. Det er stabile oljeprisar og de nye, gunstige skattebetingelsene som Stortinget vedtok under pandemien, som har gjort det lukrativt å investere i ny fossili-industri i Norge. Det er godt innafor å si at oljeskattepakken frå Stortinget i 2020 bidrog til den investeringslysten du ser i dag» (iflg. Aker BP-sjef Karl Johnny Hersvik, til NRK.no, 6 feb. 2023)

(inkludert tjenester) har hatt en særskilt høy tilvekst saman med helse/sosial, undervisning, offentleg administrasjon og forretingsmessig tenesteyting.

Figur 5-8: Endringer i arbeidsplasser totalt og de ulike næringane i alle regionane i Vestland fylke. (Datakjelde:SSB)



5.3 Kort oppsummering

Fylket har mange sterke kompetanse-, nærings- og innovasjonsmiljø innan maritime næringar, sjømat, prosessindustri, energi, olje/gass, landbruk/foredling og reiseliv. Dette er næringar og verdikjeder med aktivitetar og sysselsetjing i alle delar av fylket, likevel slik dei har litt ulike tyngdepunkt i ulike regionar og der varierande typar fleirsidige spesialiseringar. Fylket har eit stort internasjonalt eksponert næringsliv og høg eksport, men også store heimemarknadsorienterte næringar. I alle regionane er det potensial for framtidssretta og berekraftig verdiskaping, næringsutvikling og sirkulærøkonomi i åra som kjem.

Den absolutte tilveksten av arbeidsplassar har vore omtrent like stor i privat som i offentleg sektor. Nettotilveksten har likevel vore geografisk skeiv og hopa seg opp i sentrale strøk. Sentrale regionar (inkl. Bergen kommune) har hatt over 80 prosent av nettoveksten i fylket i arbeidsplassar dei siste 10-12 åra. Her er det veksten i ulike delar av tenestesektoren som olje/gasstenerster, kunnskapsintensive forretningstenester (KIFT), helse og sosialsektor, utdanning og offentleg administrasjon som samla trekker opp veksten mykje. Dei mindre sentrale regionane, dvs. distriktsregionane, har hatt godt under 20 prosent av tilveksten i fylket av arbeidsplassar. Og her har også tilveksten vore veldig ujamn mellom ulike distriktsregionar – nokre har fått tilvekst, andre har stabil utvikling og eit par har nedgang. Den svakare utviklinga i distriktsregionane enn sentral strøk kjem av redusert arbeidskraftbehov i store basisnæringer (industri, primærnæringer) som distriktsregionar er spesialiserte innanfor, kombinert med reduksjonar i handel og transport, samtidig som det samla er liten tilvekst av arbeidsplassar i nye næringer. Her finst naturlegvis unntak på kommunenivå, der det har vore stor arbeidsplassvekst enkelte stadar i sjømat og besøksnæringer.

6 Utdanning og kompetanse


Utdanning og kompetanse seier noko om menneskelege eigenskapar og ressursar av betydning for verdiskaping, sysselsetjing, levekår m.m. Befolkingas utdanning og kompetanse har også vesentleg betydning for dei utviklingsmoglegheitene og avgrensingar som kommunar og regionar har med omsyn til velferdstenester, næringsutvikling og busetjing. Utdanning og kompetanse påverkar moglegheitene til den enkelte i arbeidsmarknaden og yrkeslivet, medan utdanningsnivå samvarierer med inntektsnivå, helse og utanforskap på gruppenivå.

Utdanning og kompetanse er eit stort felt med mange aspekt. I dette kapittelet vert omtalen avgrensa til å beskrive nokre eigenskapar ved fylket og regionane når det gjeld formell utdanning (nivå og fagfelt) med basis i offentleg statistikk. Elles vert eit lite utdrag omtalt av Nifus siste kompetansebarometer (2022) om kompetansebehov i den private sektoren i fylket.

6.1 Strukturar i fylket og regionane

I Vestland er utdanningsnivået omlag som på landsbasis, målt i del av befolkninga med høgare utdanning (høvesvis 35,4 og 35,8% i 2021) (figur 6.1). Internt i fylket er det likevel store forskjellar i utdanningsnivå mellom regionar og kommunar. I den eine enden av skalaen

Figur 6-1: Utdanningsnivå hos busette i regionane 2021. (Datakjelde: SSB)



ligg Bergen, med 44 prosent av dei busette med høgare utdanning (frå universitets- og høgskule) medan Nordhordland ligg i den andre enden av skalaen, med 23 prosent som har høgare utdanning. I denne regionen har Austrheim kommune 20 prosent, som fylkets lågaste, medan senterkommunen Alver har 26 prosent. I mange av distriktskommunar og regionar er delen med vidaregåande skule og fagskule relativt sett høgast, medan meir sentrale kommunar og regionar har relativt sett høgast del med høgare utdanning. Det vil

seie at forutan Bergen, har også distriktsregionane Indre Sogn og Sunnfjord relativt sett høg del med høgare utdanning. Dette har sannsynlegvis samanheng med at både Bergen, Indre Sogn og Sunnfjord har ein stor del av statleg tenesteyting i fylket, der dei fleste tilsette har høgare utdanning.

Det er med andre ord store variasjonar i utdanningsnivået til befolkninga mellom kommunar og regionar internt i fylket. Desse variasjonane kjem i stor grad av ulike nærings- og sektorstrukturane i dei ulike kommunane og regionane. Ein kan også i ein viss grad snakke om at kommunar og regionar har ulik bustadattraktivitet for personar med høgare utdanning.

Vidare kan vi sjå på regionanes sysselsette fordelt på ulike utdanningsnivå og fagfelt (tabell 6.1). Oversikta viser ein overrepresentasjon av den aktuelle kompetansen i kvar av regionane, som òg kan karakteriserast som ein slags «spesialisering» (blå celler). Tabellen

Tabell 6-1: Sysselette (etter bustadkommune) fordelt på fagfelt og utdanningsnivå i regionane – lokaliseringskvotientar 2021 (blå celler har lok.kvot >1,0 som betyr sysselsette med angitt kompetanse er overrepresenterte samanlikna med fordelinga på fylkesnivået). (Datakjelde: SSB)

| | | Nordfj/ Kinn | Sunnfj/ Ytre Sogn | Indre Sogn | Nord-horda land | Bergen | Midt-horda land | Voss | Indre Hardanger | Sunn- horda land Aust | Stord | Vestland |
|---|------------------|--------------|-------------------|------------|-----------------|--------|-----------------|------|-----------------|-----------------------|-------|----------|
| Helse-, sosial- og idrettsfag | Totalt | 0,95 | 1,24 | 1,05 | 0,92 | 1,01 | 0,92 | 1,07 | 1,04 | 1,06 | 0,98 | 1,0 |
| | Grunnskole | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . |
| | Videregående | 1,22 | 1,16 | 1,22 | 1,25 | 0,74 | 1,16 | 1,22 | 1,50 | 1,41 | 1,17 | 1,0 |
| | UoH kort 1-4 år | 0,86 | 1,34 | 1,01 | 0,81 | 1,06 | 0,86 | 1,05 | 0,89 | 0,96 | 0,94 | 1,0 |
| | UoH lang (>4 år) | 0,59 | 1,08 | 0,76 | 0,48 | 1,44 | 0,50 | 0,77 | 0,43 | 0,58 | 0,65 | 1,0 |
| Naturvit., håndverk og tekniske fag | Totalt | 0,98 | 0,97 | 1,13 | 1,21 | 0,88 | 1,07 | 1,03 | 1,31 | 1,19 | 1,25 | 1,0 |
| | Grunnskole | 0,00 | 3,41 | 0,00 | 3,32 | 0,96 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 3,09 | 1,0 |
| | Videregående | 1,17 | 1,11 | 1,25 | 1,45 | 0,66 | 1,22 | 1,23 | 1,58 | 1,48 | 1,47 | 1,0 |
| | UoH kort 1-4 år | 0,74 | 0,82 | 0,88 | 0,84 | 1,19 | 0,91 | 0,69 | 0,86 | 0,74 | 0,93 | 1,0 |
| | UoH lang (>4 år) | 0,40 | 0,45 | 0,88 | 0,49 | 1,56 | 0,58 | 0,49 | 0,58 | 0,32 | 0,55 | 1,0 |
| Samfunn og juridiske fag | Totalt | 0,40 | 0,55 | 0,66 | 0,43 | 1,60 | 0,58 | 0,54 | 0,33 | 0,37 | 0,35 | 1,0 |
| | Grunnskole | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . |
| | Videregående | 0,31 | 0,53 | 0,87 | 0,83 | 1,35 | 0,84 | 0,92 | 0,67 | 0,55 | 0,68 | 1,0 |
| | UoH kort 1-4 år | 0,50 | 0,59 | 0,58 | 0,46 | 1,55 | 0,65 | 0,58 | 0,42 | 0,51 | 0,36 | 1,0 |
| | UoH lang (>4 år) | 0,34 | 0,53 | 0,71 | 0,37 | 1,67 | 0,50 | 0,47 | 0,22 | 0,25 | 0,32 | 1,0 |
| Allmenne fag | Totalt | 1,12 | 1,01 | 0,88 | 1,08 | 0,95 | 1,09 | 1,02 | 0,95 | 1,04 | 0,97 | 1,0 |
| | Grunnskole | 1,23 | 1,11 | 0,96 | 1,19 | 0,85 | 1,16 | 1,09 | 1,01 | 1,15 | 1,06 | 1,0 |
| | Videregående | 0,88 | 0,80 | 0,71 | 0,85 | 1,18 | 0,94 | 0,85 | 0,83 | 0,79 | 0,76 | 1,0 |
| | UoH kort 1-4 år | 0,49 | 0,59 | 0,00 | 1,73 | 1,24 | 1,24 | 0,73 | 0,00 | 0,00 | 0,54 | 1,0 |
| | UoH lang (>4 år) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 1,47 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 5,49 | 1,0 |
| Lærerutd og utd.pedagogikk | Totalt | 1,14 | 1,08 | 1,33 | 1,05 | 0,90 | 0,95 | 1,15 | 1,01 | 1,04 | 1,20 | 1,0 |
| | Grunnskole | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . |
| | Videregående | 1,46 | 0,76 | 0,46 | 0,74 | 0,99 | 0,62 | 1,70 | 3,38 | 1,38 | 1,03 | 1,0 |
| | UoH kort 1-4 år | 1,15 | 1,09 | 1,35 | 1,08 | 0,88 | 0,98 | 1,17 | 1,03 | 1,06 | 1,22 | 1,0 |
| | UoH lang (>4 år) | 1,01 | 0,99 | 1,21 | 0,68 | 1,15 | 0,73 | 0,89 | 0,65 | 0,83 | 0,98 | 1,0 |
| Samferdsel, sikkerhet og andre servicefag | Totalt | 1,29 | 0,93 | 0,81 | 1,11 | 0,87 | 1,28 | 0,89 | 0,80 | 0,95 | 1,16 | 1,0 |
| | Grunnskole | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,73 | 3,99 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 1,0 |
| | Videregående | 1,49 | 1,12 | 0,95 | 1,27 | 0,70 | 1,38 | 1,01 | 0,89 | 1,11 | 1,29 | 1,0 |
| | UoH kort 1-4 år | 0,92 | 0,56 | 0,55 | 0,83 | 1,20 | 1,06 | 0,63 | 0,67 | 0,67 | 0,92 | 1,0 |
| | UoH lang (>4 år) | 0,45 | 0,35 | 0,35 | 0,37 | 1,42 | 1,11 | 0,60 | 0,35 | 0,16 | 0,74 | 1,0 |
| Økon.og adm. fag | Totalt | 0,91 | 0,87 | 0,96 | 0,67 | 1,20 | 0,92 | 0,76 | 0,68 | 0,62 | 0,72 | 1,0 |
| | Grunnskole | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . |
| | Videregående | 1,08 | 1,06 | 1,12 | 0,85 | 0,97 | 1,11 | 1,02 | 0,89 | 0,88 | 0,89 | 1,0 |
| | UoH kort 1-4 år | 0,87 | 0,79 | 0,95 | 0,59 | 1,28 | 0,85 | 0,66 | 0,62 | 0,55 | 0,65 | 1,0 |
| | UoH lang (>4 år) | 0,57 | 0,60 | 0,60 | 0,44 | 1,56 | 0,65 | 0,39 | 0,35 | 0,21 | 0,50 | 1,0 |
| Primær-nærings-fag | Totalt | 1,78 | 2,01 | 1,33 | 1,27 | 0,42 | 1,02 | 2,47 | 1,79 | 2,24 | 1,10 | 1,0 |
| | Grunnskole | 14,98 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 1,0 |
| | Videregående | 1,82 | 2,12 | 1,28 | 1,39 | 0,33 | 1,06 | 2,59 | 1,88 | 2,36 | 1,22 | 1,0 |
| | UoH kort 1-4 år | 2,37 | 1,16 | 1,34 | 0,93 | 0,62 | 0,98 | 1,98 | 1,35 | 2,11 | 0,69 | 1,0 |
| | UoH lang (>4 år) | 1,12 | 1,81 | 1,68 | 0,71 | 0,84 | 0,78 | 1,98 | 1,51 | 1,56 | 0,57 | 1,0 |
| Human. og estetiske fag | Totalt | 0,64 | 0,66 | 0,69 | 0,66 | 1,36 | 0,75 | 0,87 | 0,64 | 0,55 | 0,64 | 1,0 |
| | Grunnskole | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . |
| | Videregående | 0,80 | 0,95 | 0,55 | 1,09 | 1,06 | 0,98 | 1,27 | 0,66 | 0,89 | 1,08 | 1,0 |
| | UoH kort 1-4 år | 0,67 | 0,55 | 0,67 | 0,58 | 1,40 | 0,76 | 0,83 | 0,68 | 0,53 | 0,52 | 1,0 |
| | UoH lang (>4 år) | 0,51 | 0,64 | 0,79 | 0,51 | 1,51 | 0,59 | 0,67 | 0,56 | 0,36 | 0,51 | 1,0 |


viser ei tydeleg regional differensiering av desse kompetansebasane. Bergen skil seg særleg ut med klar overrepresentasjon av sysselsette med utdanningar innan «samfunn/juridiske fag», «økonomiske/administrative fag» og «humanistiske og estetiske fag» (og då særleg på universitets- og høgskulenivå), medan distriktsregionane har ein sterkare representasjon av kompetansebasar innan naturvitenskap/handverk/ tekniske fag og primærnæringsfaga (og særleg på vidaregåande/fagskule nivåa).

6.2 Utviklingstrekka i fylket og regionane

Når vi først ser på utviklinga i høgaste utdanningsnivå for dei sysselsette i fylket 2015-21 (sjå figur 6.2 og tabell 6.2) er veksten i talet på sysselsette med høgare utdanning frå universitets- og høgskule klart størst (+14.234 sysselsette). Det er likevel verd å merka seg at talet på sysselsette med grunnskule som høgaste utdanning også aukar ein del (+3.071 sysselsette), medan talet på sysselsette med vidaregående skule som høgaste utdanning går ned (-3.538).

Den ujamne utviklinga i talet sysselsette med høvesvis grunnskule- og vidaregåande utdanningsnivå (sjå tabell 6.2) kan verke noko overraskande. Prosessar og moglege årsaker til dette er ikkje analysert. Om ein ser bort frå moglege pandemieffektar, er det mest nærliggande å knyte dette til ein kombinasjon av visse strukturelle endringar, inkludert ujamn utvikling mellom ein del bransjar og sektorar. På den eine sida har det vore sysselsetjingsvekst i enkelte næringer med låge formelle kvalifikasjonskrav, slik som i sjømatnæringa. Samtidig har det vore sysselsetjingsvekst i tenester med høgare formelle kvalifikasjonskrav, slik som i helse- og sosialtenester, forretningsstenester, offentleg administrasjon og undervisning. Dette har skjedd samtidig som ein del store næringer og sektorar med stor del tilsette med vidaregående utdanning samla sett har vore gjenstand for redusert sysselsetting. Dette gjeld til dømes for næringane landbruk, industri, sjøfart og transport.


Figur 6-2: Talet på sysselsette 2015-2021 etter utdanningsnivå, Vestland fylke.
(Datakjelde: SSB)



Sjølv om vi her ser ein viss tendens til noko polarisert utvikling med omsyn til at størst vekst i dei to sysselsetningsgruppene med mest ulikt høgaste utdanningsnivå (høvesvis grunnskule og UoH), er hovudbiletet at delen sysselsette på dei fire ulike utdanningsnivåa (grunn, vidaregåande, kort og lang UoH) er ganske stabil og ikkje vert forskoven særleg dramatisk i perioden 2015-21.

Når vi ser på *utviklinga i regionane*, aukar delen med høgare utdanning markant for alle regionane i perioden 2010-20, men mest i dei regionane som i utgangspunktet hadde ein høg del sysselsette med høgare utdanning (Bergen, Indre Sogn og Sunnfjord) (figur 5.3).

Figur 6-3: Utvikling i utdanningsnivå 2010-2020 etter bustad for regionane og Vestland fylke. (Datakjelde: SSB)



I det følgjande går vi litt meir detaljert på *utviklinga* (netto endringstal) i fylket og regionane med omsyn til *utdanningsnivå* og *fagfelt* hos sysselsette (sjå tabell 5.2). Som nemnt har den store tilveksten i fylket komme blant sysselsette med høgare utdanning, og då både kort universitets- og høgskule (UoH) utdanning (7759/+7%) og lang Uoh-utdanning (6475/+24%). Noko fleire sysselsette også med grunnskulenivå (3071 sysselsette/+3%), men færre sysselsette med vidaregåande utdanningsnivå (-3438 sysselsette/-6%). Den største sysselsetningsveksten har komme blant sysselsette med utdanning innan:

- i. helse/sosial - kort Uoh-nivå
- ii. naturvitenskap, handverk og tekniske fag - alle utdanningsnivå
- iii. økonomiske og administrative fag – Uoh-nivå
- iv. samfunnsfag/juridiske fag - Uoh-nivå.

På regionalt nivå er (netto-) tilveksten av UoH-utdanna i fylket temmeleg sterkt konsentrert til Bergen og Midhordland. Dette gjeld for alle fagfelta. Samtidig er det noko tilvekst i alle regionane av sysselsette med fagutdanning innan helse- og sosialfag og naturvitenskap/handverk og tekniske fag. Elles er det nedgang i mange av distriktsregionane av


sysselsette med fagutdanning innan økonomiske/administrative fag, primærnæringsfag, humanistiske/estetiske fag og allmenne fag.

Tabell 6-2: Endringar i sysselsette etter utdanningsnivå og fagfelt i regionane og fylket 2015-2021 (Datakjelde: SSB)

| | | Vestland i alt | Nordfj/ Kinn | Sunnfj/ / Ytre Sogn | Indre Sogn | Nord- horda land | Bergen | Midt- horda land | Voss | Indre Harda nger | Sunn- horda land | Stord Aust |
|---|--------------------|-------------------|-----------------|---------------------------|---------------|------------------------|--------|------------------------|------|------------------------|------------------------|---------------|
| Helse-, sosial- og idrettsfag | Totalt | 3918 | 122 | 88 | 129 | 82 | 2407 | 729 | 78 | -18 | 97 | 204 |
| | Grunnskole | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Videregående skole | 236 | -35 | -55 | -33 | -38 | 325 | 121 | -82 | -30 | 11 | 52 |
| | UoH kort 1-4 år | 2420 | 117 | 121 | 122 | 82 | 1223 | 460 | 118 | 8 | 67 | 102 |
| | UoH lang (>4år) | 1262 | 40 | 22 | 40 | 38 | 859 | 148 | 42 | 4 | 19 | 50 |
| Naturvit., håndverk og tekniske fag | Totalt | 3529 | 129 | 218 | 193 | 290 | 1292 | 946 | 170 | 26 | 126 | 139 |
| | Grunnskole | -4 | -6 | 3 | 0 | 0 | -4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 |
| | Videregående skole | 1005 | 6 | 66 | 86 | 187 | -175 | 618 | 76 | -11 | 82 | 70 |
| | UoH kort 1-4 år | 1169 | 73 | 103 | 41 | 41 | 578 | 193 | 47 | 22 | 24 | 47 |
| | UoH lang (>4år) | 1359 | 56 | 46 | 66 | 62 | 893 | 135 | 47 | 15 | 20 | 19 |
| Samfunn og juridiske fag | Totalt | 2200 | 15 | 63 | 53 | 34 | 1626 | 272 | 38 | 2 | 45 | 52 |
| | Grunnskole | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Videregående skole | 117 | -10 | -9 | -6 | 18 | 100 | 22 | -20 | 3 | 3 | 16 |
| | UoH kort 1-4 år | 883 | -4 | 16 | 11 | 1 | 649 | 135 | 19 | 12 | 24 | 20 |
| | UoH lang (>4år) | 1200 | 29 | 56 | 48 | 15 | 877 | 115 | 39 | -13 | 18 | 16 |
| Allmenne fag | Totalt | 1754 | -222 | -16 | -73 | 190 | 1395 | 455 | 22 | 39 | -43 | 7 |
| | Grunnskole | 3075 | 156 | 165 | 66 | 320 | 1215 | 647 | 153 | 104 | 94 | 155 |
| | Videregående skole | -1360 | -378 | -184 | -139 | -133 | 160 | -205 | -131 | -65 | -137 | -148 |
| | UoH kort 1-4 år | 35 | 0 | 3 | 0 | 3 | 19 | 13 | 0 | 0 | 0 | -3 |
| | UoH lang (>4år) | 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 |
| Lærerutd og utd.pedagogikk | Totalt | 1419 | 47 | 16 | 29 | 59 | 821 | 361 | 39 | -1 | -6 | 54 |
| | Grunnskole | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Videregående skole | -2 | 4 | -4 | -6 | -3 | -3 | -3 | -1 | 6 | 2 | 6 |
| | UoH kort 1-4 år | 708 | 8 | -7 | 13 | 38 | 429 | 263 | 16 | -15 | -31 | -6 |
| | UoH lang (>4år) | 713 | 35 | 27 | 22 | 24 | 395 | 101 | 24 | 8 | 23 | 54 |
| Samferdsel, sikkerhet og andre servicefag | Totalt | 649 | 91 | 37 | 9 | 136 | 107 | 167 | 32 | 0 | 21 | 49 |
| | Grunnskole | 3 | -3 | -3 | 0 | 0 | 3 | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Videregående skole | 147 | 41 | 9 | -2 | 105 | -121 | 78 | 18 | -14 | 15 | 18 |
| | UoH kort 1-4 år | 492 | 37 | 28 | 13 | 31 | 239 | 85 | 13 | 13 | 6 | 27 |
| | UoH lang (>4år) | 7 | 16 | 3 | -2 | 0 | -14 | -2 | 1 | 1 | 0 | 4 |
| Økon.og adm. fag | Totalt | 318 | -84 | -27 | -71 | -48 | 661 | 140 | -98 | -49 | -58 | -48 |
| | Grunnskole | -3 | 0 | 0 | 0 | 0 | -3 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Videregående skole | -3302 | -249 | -188 | -189 | -168 | -1517 | -462 | -176 | -76 | -84 | -193 |
| | UoH kort 1-4 år | 2037 | 103 | 94 | 79 | 65 | 1109 | 407 | 56 | 21 | 19 | 84 |
| | UoH lang (>4år) | 1586 | 62 | 67 | 39 | 55 | 1072 | 195 | 22 | 6 | 7 | 61 |
| Primær-nærings-fag | Totalt | -3 | -10 | -9 | -40 | -31 | 55 | 43 | -11 | -26 | -7 | 33 |
| | Grunnskole | 0 | 3 | 0 | 0 | 0 | -3 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Videregående skole | -112 | -27 | -18 | -37 | -38 | 22 | 30 | -22 | -22 | -24 | 24 |
| | UoH kort 1-4 år | 80 | 13 | 9 | -1 | 4 | 17 | 6 | 7 | 0 | 16 | 9 |
| | UoH lang (>4år) | 29 | 1 | 0 | -2 | 3 | 19 | 7 | 4 | -4 | 1 | 0 |
| Human. og estetiske fag | Totalt | -17 | -29 | -17 | 7 | -47 | 24 | 109 | -25 | -30 | -12 | 3 |
| | Grunnskole | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Videregående skole | -267 | -27 | -11 | 1 | -29 | -65 | -50 | -20 | -25 | -14 | -27 |
| | UoH kort 1-4 år | -65 | -15 | -29 | 0 | -21 | -62 | 76 | 0 | -16 | -5 | 7 |
| | UoH lang (>4år) | 315 | 13 | 23 | 6 | 3 | 151 | 83 | -5 | 11 | 7 | 23 |
| Uoppgett | | 151 | 87 | -16 | 51 | -93 | 141 | -83 | 66 | 27 | -31 | 2 |
| Totalt (eksl.uoppgett) | | 13767 | 59 | 353 | 236 | 665 | 8388 | 3222 | 245 | -57 | 163 | 493 |
| Grunnskole | | 3071 | 150 | 165 | 66 | 320 | 1208 | 653 | 153 | 104 | 94 | 158 |
| Videregående skole | | -3538 | -675 | -394 | -325 | -99 | -1274 | 149 | -358 | -234 | -146 | -182 |
| UoH kort 1-4 år | | 7759 | 332 | 338 | 278 | 244 | 4201 | 1638 | 276 | 45 | 120 | 287 |
| UoH lang (>4år) | | 6475 | 252 | 244 | 217 | 200 | 4253 | 782 | 174 | 28 | 95 | 230 |
| Prosent endringer | | | | | | | | | | | | |
| Totalt | | 0,7 | 1,9 | 1,9 | 3,2 | 6,0 | 6,1 | 2,2 | -0,5 | 1,4 | 2,6 | 4,4 |
| Grunnskole | | 3,4 | 5,6 | 3,0 | 9,5 | 6,2 | 6,6 | 6,3 | 11,5 | 5,2 | 4,9 | 6,1 |
| Videregående skole | | -6,2 | -4,3 | -4,3 | -0,8 | -2,1 | 1,1 | -4,6 | -6,8 | -2,6 | -1,4 | -2,2 |
| UoH kort 1-4 år | | 7,0 | 7,4 | 8,0 | 6,5 | 10,2 | 14,3 | 8,8 | 3,1 | 5,9 | 6,6 | 9,7 |
| UoH lang (>4år) | | 23,7 | 19,9 | 18,4 | 24,7 | 18,7 | 26,1 | 21,0 | 9,1 | 23,3 | 22,8 | 19,9 |

Sysselsette med vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå er ei samansett gruppe. Ein bør her skilje mellom dei på studiespesialiserande program og yrkesfaglege program. Fleire tek studiespesialiserande enn yrkesfaglege program. Talet på elevar innanfor dei yrkesfaglege programma har også gått noko ned i perioden, sjølv om det er oppsving akkurat frå 2020-21.

Figur 6-4: Tal på godkjende lærekontraktar 2016-2022, Vestland. (Datakjelde: VLFK)



Om vi ser på utviklinga i talet på lærekontraktar totalt (knytt til yrkesfaglege program), har likevel desse auka markant i perioden 2016-21, før ein markant nedgang siste året i 2022 (figur 6.5). Fordelt på kjønn har 70 prosent av lærekontraktane i perioden vore med menn (ca. 15000), og 30 prosent med kvinner (ca. 7 000). Dei faga som har klart flest lærekontraktar i same periode er helsearbeid (2346), elektrikar (2045), tømrar (1996), barne- og ungdomsarbeid (1431), røyrleggar (677), bilfag (663), industrimekanikar (645), anleggsmaskinførar (601) og frisør (601).

Figur 6-5: Tal på elevar i yrkesfaglege og studieførebuande program (VG1 og VG 2) åra 2018-22, Vestland fylke. (Datakjelde: VLFK)




Underlaget viser at det er ei ujamn utvikling i lærekontraktar mellom faga. Medan dei store faga knytt til bygg og anlegg og helse hadde stor vekst i talet på kontraktar mellom 2016 og 2020, har desse hatt ein markant nedgang i 2022. Utviklinga har vore omvendt for teknologi- og

industrifag, som har ein markant auke i talet på lærekontraktar mellom 2020 og 22 etter ein lengre periode før med nullvekst.

6.3 Nokre kompetansebehov


Ser vi på utviklinga i fylket mellom 2015 og 2022, har det vore størst relativ vekst innanfor akademiske yrke og sals- og serviceyrke (figur 6.6). Vestland fylke har relativt sett ein klart sterke vekst innanfor yrke som fiske og landbruk og prosess- eller maskinoperatør, transportarbeid enn landet samla sett, som har sterke relativ vekst enn Vetland innan akademiske yrke, handverksyrke og reinhalds- og serviceyrke.

Figur 6-6: Årleg vekst i sysselsetjing fordelt på yrke 2015-22 (Kjelde: SSB statistikkbanken)




Ser vi på relativ og absolutt utvikling 2015-22 i fylket (figur 6.7) legg vi merke til at den store volumveksten har vore inn akademiske yrke (over 50 prosent av tilveksten), men også betydeleg innan sals- og serviceyrke, prosess- og maskinoperatørar og dessutan høgskuleyrke. Vi legg også merke til ei relativt sett sterk utvikling for primærnæringsyrke (antakeleg mest fiske og oppdrettsrelatert), men talet er ikkje så stort.

Figur 6-7: Relativ utvikling av sysselsette i ulike yrker 2015-22 (2015=100) og absolutte endringar (i parentesar). (Datakjelde: SSB)



Ser vi deretter på oversikta over ledige stillingar 2015-21 i fylket (figur 6.8), ser vi at det store volumet av ledige stillingar har vore for sykepleiarar, pleiemedarbeidarar, bygningsarbeidarar, leiarar/politikarar, andre yrke utan utdanningskrav, kontor/kundeservice, ingeniørar, lærarar grunnskule, metall- og maskinarbeidarar. Stillingsoversikta seier første og fremst noko om volumet av etterspurnadsbehov for ulike yrkesstillingar.

Figur 6-8: Tal på ledige stillingar i månadleg gjennomsnitt 2015-21 – Vestland fylke.
(Kjelde: VLFK Nærings, plan og innovasjon basert på SSB-/NAV-data)




NHOs kompetansebarometer for 2022 gir nokre indikasjonar på kompetansebehov i privat sektor på kort og mellomlang sikt¹³. Generelt går det fram at Vestland er blant fylka med høgast del bedrifter som har eit udekket kompetansebehov (67%), forstått som mangel på kvalifiserte søkerarar. Særleg store kompetansebehov har bedriftene innan fagfelta handverksfag, tekniske og ingeniør fag, samfunn/økonomisk-administrative og juridiske fag. Det gjeld utdanningsnivåa fullført vidaregåande på yrkesfaglege program, fagskuleutdanning og bachelorgrad.

Figur 6-9: Kompetansebehov i privat sektor – Vestland.
(Kjelde: NHOs kompetansebarometer 2022)

Andel NHO-bedrifter med udekket kompetansebehov

Per 2022. Etter NHO-region.




Andel bedrifter som svarer de i stor eller noen grad har et udekket kompetansebehov.

Kilde: NHOs Kompetansebarometer 2022 • [Embed](#) • [Last ned bilde](#)

Årsaker til udekket kompetansebehov

Ulike årsaker til at NHO-bedrifter i Vestland ikke fikk ansatt eller beholdt personale med riktig kompetanse




Figuren omfatter kun bedrifter som i stor eller noen grad har et udekket kompetansebehov

Kilde: NHOs Kompetansebarometer 2022 • [Embed](#) • [Last ned bilde](#)

Behov etter fagområde

Andel NHO-bedrifter i Vestland som i stor eller noen grad har behov for ulike typar fagkompetanse i 2022



Kilde: NHOs Kompetansebarometer 2022 • [Embed](#) • [Last ned bilde](#)

Behov etter utdanningsnivå

Andel bedrifter i Vestland som i stor eller noen grad har behov for følgende utdanningsnivå i 2022



Kilde: NHOs Kompetansebarometer 2022 • [Embed](#) • [Last ned bilde](#)

¹³Kjelde: NIFU (2023): NHOs kompetansebarometer 2022 Ei kartlegging av NHOs medlemsbedrifters kompetansebehov i 2022. NIFU-rapport 2023:1. Denne inngår som ein del av NHOs årlege undersøking av medlemsbedrifters kompetansebehov i landet. Resultata er fordelt på fylke/regionar. For Vestland inngår 547 svar frå NHO-bedrifter (svarprosent på 25%).

6.4 Kort oppsummering

Det er store variasjonar i utdanningsnivået til befolkninga mellom kommunar og regionar i fylket. Variasjonane kjem i stor grad av ulike nærings- og sektorstrukturar i dei ulike kommunane og regionane. Ein kan òg til ein viss grad snakke om at kommunar og regionar har noko ulik bustadattraktivitet for personar med høgare utdanning og til dels kjønn. Kommunanes sentralitet, både i fylket og regionane, og storleiken på statleg tenesteyting og forretningsmessige tenesteyting, påverkar mykje av desse forskjellane i utdanningsnivå. Generelt har utdanningsnivået til befolkninga vore aukande i alle kommunar og regionar. Det er likevel litt meir differensiert utvikling blant sysselsette i ulike delar av næringslivet, der det har vore vekst både i enkelte næringer som sysselset ganske mange med grunnskule som høgaste utdanningsnivå, og andre næringer og sektorar der det har vore ein klar vekst av tilsette med høgare utdanning.

Sysselsette i regionane fordelt på ulike utdanningsnivå og fagfelt viser også ei klar regional differensiering i kompetansebasar. Bergen skil seg ut med klar overrepresentasjon av sysselsette med utdanning innan «samfunnsfag og juridiske fag», «økonomiske og administrative fag» og «humanistiske og estetiske fag», då særleg på høgare utdanningsnivå. Distriktsregionane har på si side styrken sin i kompetansebasar innan naturvitenskap/handverk/tekniske fag og primærnæringsfaga, særleg på vidaregåande og fagskulenivå.

Vestland er blant fylka med høgast del bedrifter som har eit udekt kompetansebehov (67%) i privat sektor i 2022 (NIFU 2023). Det er store udekte kompetansebehov knytt til fagfelte handverksfag, tekniske og ingeniør fag, økonomiske-administrative fag, samfunnsfag og juridiske fag. Det vert vist til særleg stort behov på vidaregåande/yrkesfaglege program, fagskuleutdanning og bachelors.

7 Arbeidsmarkedet, sysselsetjing og ledighet

Arbeidsmarknad og sysselsetjing har betydning for økonomisk og sosial utvikling og berekraft på fleire måtar. I dette kapittelet vert omtalen avgrensa til å klargjera nokre eigenskapar ved fylkets og regionanes utvikling i «forsørgingsbyrde», arbeidsmarknad, sysselsetjing og arbeidsløyse. I førre kapittel 6 om utdanning og kompetanse omtalte vi nokre viktige sider ved arbeidsmarknaden, mellom anna kompetansebehov og ledige stillingar dei seinare åra.


7.1 Yrkesaktiv befolkning og yrkesdeltaking

Status og utvikling i delen av befolkninga i yrkesaktiv alder (eventuelt av arbeidsstyrken) seier nokon om fylkets og regionanes arbeidskraftressursar, verdiskapingspotensial, «forsørgingsbyrde» og sårbarheiter¹⁴. Regionar med ein låg og fallande del personar i yrkesaktiv alder (eventuelt av arbeidsstyrken) vil tendensielt kunne få dei største utfordringane med finansiering av og nok tilgang på arbeidskraft til velferdstenester og det aukande behovet som kjem innan desse tenestene.

Delen av befolkninga over 15 år som inngår i arbeidsstyrken har vore fallande i alle fylka i landet i perioden 2008-2020 (Panda-rapporten «Kompetanse i fylkene 2022»). Det gjeld òg Vestland, som rett nok ligg midt på treet blant fylka. Den såkalla «eldrebølgja» forklarer mykje av denne trenden.

Om vi ser på utviklinga i andel innbyggjarar i yrkesaktiv alder (16-66 år) i Vestland fylke og regionane i perioden 2006-2022 (figur 7.1), ser vi at frå 2012-13 er det ein klart fallande

Figur 7-1: Del av befolkningen i yrkesaktiv alder (16-66 år)




¹⁴ Sistnemnde blir gjerne ofta knytt til den nasjonale tendensen til at vi får stadig færre i yrkesaktiv alder eller yrkesaktive (som skal finansiere tenestene til velferdsstaten) per alderspensjonist. Dette forholdet seier også noko om regionars sårbarheit for demografiske endringane som følgjer av ei aldrande befolkning.

tendens nasjonalt, for fylket og for alle regionane bortsett frå Bergen kommune. Bergen held oppet det høgaste nivået i heile perioden. Spesielt låge delar og fallande tendensar gjeld for regionane Sunnhordland Aust, Voss og Indre Hardanger.

Ein fallande del av befolkninga i yrkesaktiv alder kan indikere veksande sårbarheiter og utfordringar knytt til velferdstenester, arbeidskrafttilgang og kommuneøkonomi. Om yrkesfrekvensane samtidig fell (dvs. delen yrkesaktive av befolkninga mellom 16-66 år) kan dei nemnde utfordringane forsterkast ytterlegare. Figuren under (7.2) viser at også at delane sysselsette er kjenneteikna av ein viss nedgående tendens, både i landet, fylket og regionane. Hakka i kurvene 2020-21 skriv seg antakeleg frå effektar av koronapandemien og tiltaka.

Figur 7-2: Sysselsetjingsandelar 2007-2021 (delen sysselsette av befolkninga i yrkesaktiv alder 16-66 år). (Datakjelde: SSB)



7.2 Sysselsetjing og arbeidsløyse


Fylket har hatt ein sysselsetjingsvekst på nesten 50 prosent (mot vel 30 prosent i folketalvekst) dei siste 35 åra. Det svarer til ein årleg vekstrate på 1,4 prosent og er omrent som på landsbasis (figur 7.3). Dei andre fylka fordeler seg både over og under dette, mykje på grunn av ulike busetjings- og næringsføresetnader i perioden (m.a. ulikt innslag av storbyar og nærliek til større olje- og gassnæring). Sjølv om sysselsetjinga har auka over tid, har det vore mykje meir kortvarige svingingar i eit mønster som stort sett har følgt nasjonale svingingar. Av kurvene i figur 7.3 ser vi eit tilbakeslag rundt då «dotcom-bobla» sprakk (1999-2000), så i kjølvatnet av finanskrisa (2008-2009) og deretter ved oljeprisfallen (2014-15). Så kom eit kraftig oppsving nokre år (2016-19) før det kortvarige, men kraftig tilbakeslaget med nedstenging under korona-pandemien.

Regionalt legg vi merke til at sysselsetjingsveksten har vore klart sterkest i dei mest sentrale regionane, og der dei fleste regionane følgjer same konjunkturbølgjer med visse unntak. Vi ser her at særleg typiske industriregionar som Indre Hardanger og Sunnfjord Aust etter mange års nedgang har hatt eit markant oppsving etter 2017/18, medan fleire av dei andre regionane har vore sterkare påverka av effektar av oljeprisfallen (2014) og korona-pandemien.


Den registrerte arbeidsløysa har gjennomgåande lege høgast i dei mest sentrale regionane (Bergen og Midhordland) og lågare i andre regionar (sjå tabell v7 i vedlegg for kommunetal).

Regionane med lågast arbeidsløyse over tid er Indre Sogn, Sunnfjord/Ytre Sogn og Indre Hardanger. Desse regionane er ganske ulike «distriktsregionar» med omsyn til næringsstrukturar og arbeidsplassutviklinga. Der dei to førstnemnde er kjenneteikna av store statlege sektorar med arbeidsplassvekst, har den sistnemnde regionen som er ein typisk landbruks- og industriregion, hatt svak utvikling i arbeidsplassar i perioden under

Figur 7-3: Sysselsetjingsutviklinga i Vestland og dei andre fylka 1986-2021 (prosentpoeng endring ift. 1986=100). (Datakjelde: Panda basert på SSB)




Figur 7-4: Sysselsetjingsutviklinga i regionane 2008-21. (Prosentpoeng endringer frå 2008=100). (Datakjelde: SSB)




eitt. Bakgrunnen for at den registrerte arbeidsløysa er noko lågare i distrikta enn i sentrale strøk i fylket er ikkje nærmere undersøkt, men ein hypotese kan vere at folk i distrikta er meir tilbøyelige til å flytte ut om dei er i utsikt til å verte langvarig arbeidsledige, enn om dei hadde budd i sentrale strøk med ein større arbeidsmarknad. Det kan også vere at forskjell i demografiske strukturane kan verka inn på kor stor del som vert registrerte som arbeidsledige av arbeidsstyrken.

Figur 7-5: Registrerte arbeidsledige totalt i prosent at arbeidsstyrken (yrkesaktive+ledige) 2015-2021, Vestland fylke og regionane (Datakjelde: Panda basert på SSB)




Figur 7-6: Registrerte arbeidsledige unge voksne i prosent at arbeidsstyrken (15-29 år) (yrkesaktive+ledige) 2015-2021, Vestland fylke og regionane. (Datakjelde: Panda basert på SSB)




7.3 Kjønnsdelt arbeidsliv og arbeidsmarknad

Arbeidslivet og arbeidsmarknaden er sterkt kjønnsdelt i fylket, som i store delar av Noreg elles. Av figurane 7.7 og 7.8 ser vi skeiv kjønnsfordeling i mange næringer/sektorar. Særleg markant er dei store og *kvinnedominerte* helse/sosial og undervisningssektorane på den eine sida, og dei store og *mannsdominerte* bygg/anlegg, teknologi- og metallindustriar og transport (inklusive sjøfart) på den andre sida. Kvinnesysselsetjinga hopar seg med andre ord opp i helse/sosial, undervisning og til dels handel, medan mannssysselsetjinga fordeler seg jamnare på langt fleire næringer og er mykje mindre konsentrert enn for kvinner.

Figur 7-7: Sysselsette i ulike næringer/sektorar i prosent fordelt på kjønn 2021, Vestland.
(Datakjelde: SSB)




Figur 7-8: Talet på sysselsette kvinner og menn i ulike næringer/sektorar 2021
(Datakjelde: SSB)



Når vi ser på utviklinga det siste tiåret, er det små endringar. Det kjønnsdelte arbeidslivet og arbeidsmarknaden er halden ved lag i stor grad for ulike næringer/sektorar (figur 7.9). Noko mindre endringar kan likevel sporast. Andel kvinner aukar og kjønnsbalansen vert nok forbetra innan offentleg administrasjon, fiskeri og IKT-tjenester. Kvinneandelen aukar også

noko i undervisning, men det forsterkar berre ein frå før kvinnedominert sektor. Elles vert kvinneandelen reduserte i enkelte mannsdominerte næringar, som olje/gass, transport/sjøfart og landbruk. Dermed vert kjønnsbalansen ytterlegare forverra i desse næringane.


Figur 7-9: Andel kvinner sysselsette i ulike næringar/sektorar 2009 og 2021 i Vestland fylke. (Datakjelde: SSB)



Når vi ser på dei 10 regionane i fylket (figur 7.10) er alle karakteriserte ved eit kjønnsdelt arbeidsliv, som følgjer mykje av hovudmönsteret for dei ulike næringane/sektorar omtalt på fylkesnivå. Det er likevel nokre interessante nyansar her. Den mest sentrale regionen (dvs. Bergen kommune, merkt med gul sirkel i figur 7.10) har jamt over mykje mindre skeiv kjønnsbalanse i tilnærma alle næringar/sektorar, samanlikna med dei andre 9 regionane i fylket. Om denne forskjellen hadde vorte litt mindre om vi samanlikna Bergen kommune med senterkommunen i regionane er usikkert og ikkje sjekka nærare.

Når arbeidslivet synest å vere meir kjønnsdelt i distriktsregionane enn i storbykommunen, kan ein hypotese vere at dette kan ha å gjøre med visse forskjellar i sosiokulturelle vilkår for utdannings- og yrkesval og dessutan arbeidslivets og arbeidsmarknadens samansetjing og verkemåte (t.d. verksemders rekrutteringskrav og -måtar og dessutan utstøytingsmekanismar). Det at menn vert tilbodne og/eller søker og/eller vert verande i arbeid innanfor eit mykje større spekter av næringar og sektorar enn kvinner, er uheldig om ein vil skape meir likeverdige tilbod, lønns- og arbeidsvilkår mellom kvinner og menn i heile fylket og alle regionane. For store skeivheiter i kjønnsbalansen i arbeidslivet og arbeidsmarknaden er heller ikkje gunstig om ein vil skape attraktive og berekraftige lokalsamfunn og regionar.

Figur 7-10: Kjønnsfordeling (% kvinner) i næringer og sektorar (her med nummer som i figur 7-9) i dei ulike regionane og fylket. (Datakjelde: SSB)



7.4 Kort oppsummering

I kapittelet har enkelte eigenskapar ved fylkets og regionane arbeidsmarknad vorte klargjort. Dette bør sjåast i samanheng med fleire sider av arbeidsmarknaden som er omtalt tidlegare om næringer/sektorar (kapittel 5) og utdanning og kompetanse (kapittel 6).

Befolkinga over 15 år som inngår i arbeidsstyrken har vore fallande i fylket som i andre fylke. Delen av innbyggjarar i yrkesaktiv alder (16-66 år) har det siste tiåret vore fallande i alle regionane unntake Bergen, som har halde oppe det høgaste nivået i fylket. Spesielt låge andelar og fallande tendensar har Sunnhordland Aust, Voss og Indre Hardanger, og dette er mellom anna knytt til at dei er regionar med sterkest aldring i befolkninga.

Fylket og regionane har ein sterkt kjønnsdelt arbeidsmarknad, som mykje av landet elles. Dette kjem særleg til uttrykk i store kvinnedominerte sektorar som helse og sosialtenester og undervisning på den eine sida, og store mannsdominerte næringer som bygg og anlegg, teknologi- og metallindustriar og transport og sjøfart på den andre sida. Mykje kjem nok av tradisjonelle utdannings- og yrkesval (meir enn diskriminering og utstøyting). Mange menn arbeider også i fleire næringer enn det mange kvinner gjer. Kjønnsdelinga i arbeidsmarknaden er større i distriktsregionane enn i meir sentrale område, som Bergen er døme på. Ein sterkt kjønnsdelt arbeidsmarknad kan gi nokre utfordringar med omsyn til opplevde valmoglegheiter, arbeidskrafttilgang og bustadattraktivitet.

Sysselsetjing har relativt og absolutt vakse sterkest i dei mest sentrale regionane. Der har også den registrerte arbeidsløysa lege høgare enn i dei mindre sentrale regionane, som har hatt svakare relativ og absolutt sysselsetjingsvekst. Arbeidsløysa i alle regionane er klart høgst for unge vaksne (15-29 år). Arbeidsløysa har samla vore nedgående mellom 2015-21 med unntak av 2020 (pandemi). Per 2021-22 er registrert arbeidsløysa ganske låg også i nasjonal kontekst. Det er bra med låg arbeidsløysa, men det skaper òg visse utfordringar i fylket med mangel på mange typar arbeidskraft og kompetanse i offentleg og privat sektor.

8 Kultur og frivillighet

Kultur er ein viktig del av samfunns ressursar og infrastrukturar. Kulturomgrepet er omfattande og det skilst gjerne mellom tre ulike forståingar: det sektororienterte kulturomgrepet, det utvida kulturomgrepet og det generelle kulturomgrepet¹⁵. I utgangspunktet kan verdien av kultur i alle kategoriane grunngjenvæst både med eigenverdi og samfunnsverdi. Det er den sistnemnde samfunnsverdien som kan vere særleg interessant for kunnskapsgrunnlaget. Det handlar om kulturverdien for demokratiet, deltaking og integrering, livskvalitet og folkehelse, stadsutvikling, identitet og bulyst, og dessutan innovasjon og næringsutvikling. Elles er kultur og kulturaktivitetar viktige ressursar og innsatsområde til førebygging og problemløysing knytt til fleire aspekt ved sosial berekraft og forskjell (noko omtalt i kapittel 9).

Mykje av kunnskapen om kultur er knytt til kvalitative kunnskapsformer, informasjon og dokumentasjon av ulike typar. Det finst elles noko offentleg tilgjengelege kvantitative data frå register og spørjeundersøkingar. Desse har likevel ein del manglar, særleg på lågare geografisk nivå (kommunar). Mykje av statistikken til Statistisk sentralbyrå (KOSTRA etc.) gir ei svært avgrensa innsikt i viktige kjenneteikn ved kulturtema i fylke, regionar og kommunar. I Norsk kulturindeks (Telemarksforskning) vert samordna ein del offentleg statistikk om kultursektoren for fylke og kommunar. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) gjennomfører innbyggjarundersøkingar år om anna, som gir data om tilfredsheimen med ulike tenestetilbod, der ein mellom anna tek for seg kultur. Vidare gir Ungdata-undersøkinga (2021/2022) noko informasjon om korleis barn og ungdom har det, kva dei driv med på fritida og korleis dei oppfattar kultur-, idretts- og arenatilbodet i kommunen sin. I tillegg har ein i Barnefamiliepanelet for Vestland fylke¹⁶ hatt ei eiga spørjeundersøking (2022) som har kartlagt fritida til barn og unge på kommune nivå i heile fylke. Ungdata er Noregs største undersøking om ungdom og funna i ho vert støtta opp under av funn i Barnefamiliepanelet for Vestlandet. Sistnemnde gir likevel meir detaljerte data for dei spesifikke aktivitetane, og har med yngre barn enn det Ungdata har.

Det ligg utanfor rapporten å klargjera alle aspekt av kulturomgrepet¹⁷. Vi har teke eit mindre utval av tema, der det finst statistikk frå nemnde kjelder, og som har relevans særleg for sosial berekraft men òg i nokon grad økonomisk berekraft. Mange av omtalane vil her mått avgrensast til data på fylkesnivået med mindre vi har hatt enkel tilgang til oversikter på kommune- og regionsnivå.

¹⁵Det sektororienterte kulturomgrepet blir knytt til sektoren i samfunnet der uttrykksformer har noko artistisk omarbeiding, som «kulturlivet», «kunst og kultur». Det *utvida* kulturomgrepet er også basert på sektormodellen men med større breidd i uttrykksformer og aktivitetar som ofte blir knytte til andre sektalar (folkefestar, sport og idrett osb.). Det *generelle* kulturomgrepet omfattar tanke-, kommunikasjons- og åferdsmønster på alle felt av samfunnslivet. Slike mønster kan overlappa ulike felt og sektalar på ein måte at kulturen verkar samanhengende og heilskapleg. Førestillinga om slike heilskapar gjer det også mogleg å snakka om kulturar i fleirtal, dvs. at kvar kultur svarer til eitt samfunn eller folk. Døme er norsk kultur og samisk kultur, og når det blir brukt om på ulike nivå, som eksempelvis vestlandsk, norsk og europeisk kultur (kjelde: Store Norske Leksikon v/Jon Schackt, Universitet i Tromsø).

¹⁶Barnefamiliepanelet for Vestland fylke var første gong gjennomført i 2022 i eit samarbeid mellom Bergen kommune og Vestland fylkeskommune. Det var ei eiga spørjeundersøking til barn og unge med 11 851 respondentar og ein svarprosent 19% (Barnefamiliepanelet 2022).

¹⁷Mange av aspekta blir klargjorde bra i VLKs «Kultur byggjer samfunn» HØYRINGSFRAMLEGG Regional plan kultur, idrett og frivillighet 2023 – 2035 – Del 1L.

8.1 Kulturtilbod og aktivitetar

Norsk kulturindeks (NKI) gir ei årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitetar i norske kommunar, regionar og fylke (Telemarksforskning). Indeksen er basert på registerdata frå ei rekke offentlege etatar, interesseorganisasjonar og foreiningar. Den totale plasseringa i Norsk kulturindeks er summen av rangeringar på dei ti kategoriane kunstnarar, kulturarbeidrarar, museum, konserter, kino, bibliotek, scenekunst, kulturskule + Den kulturelle skulesekken (DKS), sentrale tildelingar og frivilligheit. Fylket og kommunar med den lågaste samla summen blant rangeringane av desse, hamnar på toppen av Norsk kulturindeks. I det følgjande vert oversikter med Vestland fylke og kommunane presenterte, og dessutan utvalde samanliknbare fylke og landsgjennomsnittet (basert på Miland K. og B. Kleppe 2020¹⁸).

Tabell 8-1: Rangering av Vestland fylke og øvrige fylke for ulike kulturkategoriar og samla 2020. (Kjelde: NKI 2020)

| Fylke | Kunstnere | Kultur arb. | Museum | Konserter | Kino | Bibliotek | Scenekunst | Kulturskole | DKS | Tildelinger | Frivillighet | Samlet |
|----------------------|-----------|-------------|----------|-----------|----------|-----------|------------|-------------|----------|-------------|--------------|----------|
| Oslo | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 9 | 1 | 11 | 11 | 2 | 8 | 1 |
| Trøndelag | 4 | 4 | 5 | 4 | 3 | 1 | 5 | 3 | 4 | 5 | 2 | 2 |
| Vestland | 2 | 2 | 6 | 2 | 7 | 7 | 2 | 7 | 9 | 1 | 3 | 3 |
| Troms og Finnmark | 5 | 3 | 3 | 6 | 2 | 8 | 4 | 2 | 5 | 4 | 9 | 4 |
| Nordland | 10 | 5 | 1 | 10 | 11 | 5 | 6 | 4 | 3 | 6 | 3 | 5 |
| Vestfold og Telemark | 7 | 9 | 9 | 3 | 3 | 6 | 7 | 8 | 1 | 6 | 6 | 6 |
| Innlandet | 6 | 8 | 4 | 11 | 10 | 4 | 8 | 5 | 1 | 6 | 5 | 7 |
| Agder | 8 | 6 | 10 | 7 | 7 | 2 | 10 | 9 | 7 | 3 | 7 | 8 |
| Rogaland | 9 | 7 | 8 | 8 | 5 | 3 | 3 | 6 | 10 | 9 | 11 | 9 |
| Møre og Romsdal | 11 | 9 | 7 | 5 | 6 | 11 | 8 | 1 | 6 | 10 | 1 | 10 |
| Viken | 3 | 11 | 11 | 9 | 9 | 9 | 11 | 10 | 8 | 11 | 10 | 11 |

Tabell 8-2: Utviklinga for Vestland fylke sitt rangeringsnummer blant fylka for ulike kulturkategoriar 2013-2020. (Kjelde: NKI 2020)

| År | Kunstnere | Kultur arb. | Museum | Konserter | Kino | Bibliotek | Scenekunst | Kulturskole | DKS | Tildelinger | Frivillighet | Samlet |
|------|-----------|-------------|--------|-----------|------|-----------|------------|-------------|-----|-------------|--------------|--------|
| 2013 | 2 | 2 | 5 | 2 | 5 | 7 | 2 | 6 | 11 | 3 | 4 | 2 |
| 2014 | 2 | 2 | 4 | 2 | 5 | 7 | 2 | 7 | 10 | 2 | 5 | 2 |
| 2015 | 2 | 2 | 5 | 2 | 6 | 7 | 2 | 7 | 10 | 1 | 4 | 2 |
| 2016 | 2 | 2 | 4 | 2 | 7 | 5 | 3 | 7 | 11 | 1 | 5 | 2 |
| 2017 | 2 | 2 | 6 | 3 | 3 | 6 | 2 | 7 | 10 | 1 | 5 | 2 |
| 2018 | 3 | 2 | 6 | 9 | 4 | 8 | 4 | 7 | 8 | 1 | 5 | 4 |
| 2019 | 2 | 2 | 6 | 3 | 5 | 7 | 2 | 6 | 9 | 1 | 5 | 2 |
| 2020 | 2 | 2 | 6 | 2 | 7 | 7 | 2 | 7 | 9 | 1 | 3 | 3 |

Starter vi med fylkesnivået er Vestland rangert høgt blant landets fylker med tredje plass for *samla kulturindeks* (se tabell 8.1), berre slått av Oslo og Trøndelag. Vestland er mellom annet rangert på topp (1.-2. plass nasjonalt) når det gjeld *kunstnartettleik* (kunstnarar per innbyggjar), *kulturarbeidartettleik* (kulturarbeidrarar per innbyggjar), *konserter* (antall og omsetning per innbyggjar), *scenekunst* (forestillingar per innbyggjar) og *sentrale tildelingar* (kroner per innbyggjar). Med omsyn til *frivilligheit*¹⁹ rangerer også fylket høgt (3. plass nasjonalt), bare slått av Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylket er rangert svakare når det

¹⁸ TF-notat nr. 35/2020 : Norsk kulturindeks 2020 Resultater for Vestland fylke.

¹⁹Indikatoren byggjer på aktivitetstal basert på kompensasjon av meirverdiavgift for frivillige organisasjonar, og dessutan medlemstal for fem kulturaktivitetar med stort samla medlemstal og lag i mange kommunar (kor, korps, historielag, husflidslag, kunstlag pluss deltakarar i vaksenopplæringskurs).

gjeld den kulturelle skulesekken (DKS)²⁰, kulturskule²¹, kino og bibliotek²². DKS og kulturskule vert ofte rekna for å vere to av dei viktigare tiltaka for kulturtildelinger til barn og unge, sjølv om nasjonale undersøkingar også viser at det er klare sosiale skilnadar i bruken av kulturskulen²³. I neste tabell 8.2 ser vi fylkets rang over tid for ulike delar av kultursektoren, og for mange av kategoriane har fylkets posisjon blant fylka vore ganske stabil, med unntak for kino og konserter.

Vidare kan vi sjå på korleis kommunane i fylket er rangert i Norsk kulturindeks 2020 (sjå tabell 8.3). Gloppe, Bergen, Kvam, Sogndal og Voss er blant dei 20 kommunane i landet

Tabell 8-3: Kommunene i Vestland sin rangering i Norsk kulturindeks. (Kjelde: NKI 2020)

| Kommune | Kunstnere | Kulturarbeidere | Museum | Konserter | Kino | Bibliotek | Scenekunst | Kulturskole | DKS | Tildelinger | Frivillighet | Samlet |
|---------------|-----------|-----------------|--------|-----------|------|-----------|------------|-------------|-----|-------------|--------------|--------|
| Gloppe | 88 | 12 | 76 | 8 | 111 | 16 | 19 | 97 | 284 | 98 | 10 | 4 |
| Bergen | 5 | 4 | 38 | 29 | 38 | 129 | 4 | 310 | 354 | 9 | 160 | 12 |
| Kvam | 68 | 76 | 27 | 48 | 165 | 89 | 180 | 42 | 18 | 12 | 69 | 15 |
| Sogndal | 85 | 18 | 40 | 42 | 10 | 184 | 43 | 258 | 221 | 74 | 76 | 18 |
| Voss | 36 | 17 | 152 | 51 | 32 | 132 | 124 | 154 | 254 | 17 | 85 | 19 |
| Sunnfjord | 118 | 15 | 121 | 39 | 86 | 124 | 24 | 263 | 100 | 65 | 94 | 26 |
| Ullensvang | 257 | 102 | 16 | 72 | 133 | 85 | 157 | 101 | 42 | 6 | 22 | 29 |
| Aurland | 169 | 85 | 236 | 80 | 109 | 112 | 60 | 17 | 315 | 66 | 59 | 37 |
| Stad | 180 | 77 | 236 | 5 | 95 | 252 | 33 | 154 | 193 | 81 | 26 | 53 |
| Fjaler | 25 | 288 | 236 | 210 | 101 | 230 | 16 | 10 | 60 | 1 | 25 | 55 |
| Lærdal | 70 | 75 | 173 | 49 | 120 | 289 | 70 | 39 | 279 | 208 | 52 | 65 |
| Høyanger | 197 | 103 | 236 | 310 | 97 | 14 | 41 | 146 | 49 | 70 | 137 | 82 |
| Stord | 79 | 82 | 153 | 132 | 55 | 310 | 113 | 149 | 115 | 95 | 187 | 87 |
| Solund | 55 | 87 | 236 | 181 | 143 | 319 | 58 | 102 | 326 | 23 | 144 | 96 |
| Ulvik | 15 | 90 | 1 | 334 | 97 | 126 | 221 | 7 | 173 | 161 | 325 | 101 |
| Stryn | 336 | 196 | 236 | 58 | 79 | 31 | 90 | 156 | 87 | 59 | 200 | 104 |
| Kvinnherad | 136 | 249 | 18 | 92 | 150 | 176 | 160 | 133 | 292 | 86 | 185 | 105 |
| Etne | 272 | 177 | 227 | 9 | 16 | 25 | 72 | 197 | 142 | 283 | 194 | 112 |
| Årdal | 330 | 217 | 236 | 100 | 126 | 130 | 91 | 15 | 134 | 77 | 184 | 126 |
| Bremanger | 234 | 231 | 224 | 12 | 134 | 226 | 106 | 55 | 244 | 305 | 7 | 134 |
| Hyllestad | 173 | 85 | 46 | 334 | 181 | 138 | 29 | 11 | 312 | 305 | 262 | 146 |
| Vik | 301 | 167 | 236 | 66 | 284 | 59 | 108 | 179 | 298 | 134 | 81 | 148 |
| Kinn | 334 | 224 | 168 | 112 | 117 | 288 | 47 | 139 | 147 | 230 | 79 | 168 |
| Tysnes | 160 | 158 | 235 | 2 | 205 | 292 | 163 | 267 | 215 | 305 | 8 | 180 |
| Gulen | 88 | 247 | 86 | 334 | 221 | 328 | 166 | 202 | 252 | 88 | 31 | 185 |
| Bømlo | 265 | 184 | 236 | 182 | 93 | 253 | 98 | 117 | 264 | 302 | 47 | 190 |
| Vaksdal | 44 | 128 | 236 | 127 | 284 | 346 | 221 | 257 | 246 | 151 | 45 | 198 |
| Askvoll | 83 | 95 | 236 | 128 | 224 | 335 | 69 | 161 | 170 | 192 | 319 | 200 |
| Samnanger | 226 | 112 | 236 | 129 | 246 | 158 | 221 | 163 | 237 | 269 | 131 | 219 |
| Alver | 147 | 192 | 164 | 277 | 254 | 169 | 208 | 251 | 326 | 192 | 95 | 234 |
| Bjørnafjorden | 90 | 213 | 236 | 114 | 252 | 281 | 96 | 298 | 262 | 208 | 232 | 246 |
| Masfjorden | 338 | 293 | 236 | 334 | 173 | 94 | 158 | 5 | 344 | 233 | 68 | 249 |
| Øygarden | 253 | 131 | 128 | 184 | 12 | 237 | 212 | 333 | 271 | 252 | 304 | 252 |
| Osterøy | 169 | 316 | 176 | 223 | 277 | 189 | 212 | 160 | 253 | 235 | 73 | 257 |
| Luster | 343 | 320 | 236 | 224 | 261 | 57 | 206 | 246 | 120 | 104 | 107 | 263 |
| Fitjar | 334 | 301 | 197 | 147 | 149 | 159 | 221 | 100 | 271 | 166 | 283 | 266 |
| Eidfjord | 314 | 267 | 236 | 226 | 91 | 273 | 221 | 3 | 7 | 305 | 239 | 282 |
| Modalen | 344 | 124 | 236 | 334 | 161 | 17 | 221 | 265 | 268 | 144 | 341 | 285 |
| Austrheim | 102 | 331 | 236 | 274 | 193 | 163 | 221 | 256 | 350 | 277 | 145 | 291 |
| Austevoll | 296 | 202 | 236 | 118 | 206 | 235 | 187 | 193 | 304 | 305 | 268 | 304 |
| Sveio | 161 | 183 | 236 | 259 | 284 | 332 | 221 | 321 | 300 | 120 | 249 | 321 |
| Fedje | 344 | 355 | 236 | 280 | 284 | 213 | 37 | 64 | 349 | 305 | 254 | 329 |
| Askøy | 129 | 284 | 188 | 301 | 284 | 263 | 221 | 349 | 271 | 303 | 154 | 332 |

med høgast skår. Dei fleste av desse kommunane skårar godt i alle kategoriar, med unntak av DKS og kulturskule. Til saman 14 kommunar i fylket ligg blant dei 100 kommunane i landet med høgast skår for samla indeks. Samtidig er det 20 kommunar i fylket som skårar

²⁰Indikatoren er basert på det totale besøket på DKS-framsyningar i grunnskulen (6-15 år) – er inngår både kommunale og fylkeskommunale framsyningar. Kommunane i Vestland har likevel ein forholdsvis høg del kommunale framsyningar samanlikna med landet.

²¹Indikatoren er basert på andelen barn i kulturskulen i grunnskulealder (6-15 år).

²²Indikatoren måler bibliotekbesøk, bokbestand og tilvekst og dessutan utlån.

²³Berge, O.A. m.fl. (2019): Kunnskapsgrunnlag om kulturskolen i Norge. TF-rapport nr. 489, 2019.
<https://www.telemarksforsking.no/publikasjoner/kultur-skole-sant/3487/>

under middels av norske kommunar (særleg lågt ligg Askøy, Fedje, Sveio, Austevoll, Austrheim og Modalen).

Gloppen rangerer høgast av kommunane i Vestland, på fjerdeplass blant kommunane i landet. Kommunen skårar særleg høgt når det gjeld konserter, frivillighet, kulturarbeidartettleik, bibliotek og scenekunst. Andre kommunar som ligg høgt på indeksen nasjonalt, er Bergen, Kvam, Sogndal og Voss. Deretter følgjer Sunnfjord, Ullensvang og Aurland på eit ganske høgt nivå i ein nasjonal kontekst.

Biletet som kulturindeksen gir er altså at forutan Bergen kommune, så utmerkar mange av distriktskommunane i fylket seg, og då dels uavhengig av folketallet, med høgare aktivitetsnivå og variasjon i kulturliv slik det her vert målt, enn fleirtalet av kommunane i landet.

Det er eigentleg ei stor spennvidde i skåren på kulturindeksen blant kommunane i fylket. Medan dei nemnde kommunane ligg i toppsjiktet av kommunane i fylket og landet, ligg som nemnt andre kommunar heilt i den andre enden av skalaen, nedst blant kommunane i fylket og landet (eks. Modalen, Austerheim, Austevoll, Sveio, Fedje og Askøy). Årsaka til dei låge skårane til desse kommunane er ikkje analyserte nærare, men ein mogleg faktor som påverkar dette noko kan vera at det er relativt kort reisetid til større byar som Bergen (og Haugesund), som har eit stort og variert kultur- og aktivitetstilbod.

På sektornivå skårar mange av kommunane i fylket høgt i den nasjonale rangeringa særleg når det gjeld *frivilligheita*, og til dels *konserter* og *scenekunst*. Dette står med andre ord fram som markante kvalitetar ved dei kulturelle ressursane og tilboda i mange av distriktskommunane i fylket, sett i ein nasjonal kontekst. Når det gjeld *bibliotek* og *den kulturelle skulesekken* (DKS), ligg likevel mange av kommunane i fylket langt nede på rangeringane.

8.2 Tilfredsheit med og oppleving av kulturtild

8.2.1 Innbyggjarundersøkinga

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) gjennomfører *innbyggjarundersøkingar*, som måler tilfredsheit med ulike tenestetilbod i kommunane i landet. Undersøkinga inneheld mellom anna éin del som tek for seg kultur. Nedanfor vert nokre oversikter over tilfredsheata til innbyggjarane med ulike kulturtild i Vestland fylke og kommunane presenterte.

Presentasjonen er basert på gjennomsnitta for fem Difi-undersøkingar for åra 2010, 2013, 2015, 2017 og 2019.

Medan Norsk kulturindeks måler nivået på kulturtild og aktivitetar, gir Difis innbyggjeundersøking informasjon om korleis innbyggjarane opplever moglegheitene dei har for å kunne delta i ulike kulturaktivitetar. Her vert laga oversikter over kva innbyggjarane som bur i ulike kommunar svarer. Innbyggjarane kan i svara sine også ta med aktivitetar som går føre seg utanfor eigen bustadkommune.

Generelt er det eit stort samsvar mellom kulturtild og aktivitet som vert målt for kommunar i Norsk kulturindeks, og grad av tilfredsheit med moglegheit for å delta i ulike aktivitetar målt i Difis innbyggjarundersøkingar. Innbyggjarar i kommunar som rangerer høgt på Norsk kulturindeks, er også langt meir tilfredse med kulturtildet enn innbyggjarane i kommunar som rangerer lågt.


I figuren 8.1 vert resultata viste frå innbyggjarundersøkingane for Vestland fylke.

Innbyggjarane er i snitt middels godt tilfreds med høvet til delta i foreningsliv og

kulturaktivitetar (musikk, drama, dans o.l.), sjølv om tendensen har vore nok fallande, og elles litt mindre lågare når det gjeld tilfredsheit over høvet til å gå på museum og kunstutstilling.

Underlagsrapporten frå innbyggjarundersøkinga har oversikt over innbyggjartilfredsheita for kvar kommune i fylket for dei fire hovudtilboda lista i figur 8.1. I underlaget går det fram at vurderingane til innbyggjarane av «høva til å delta» i dei to kategoriane «kulturaktivitetar» (musikk, drama, dans o.l.) og «foreningsliv/kursaktivitetar» blir det gitt positive tilbakemeldingar på det for dei fleste kommunane i fylket. Variasjonane mellom kommunane er også relativt avgrensa. Når det derimot gjeld dei to andre kategoriane som «kino, koncert, teater» og «museum eller kunstutstilling», er det store forskjellar mellom kommunane i vurderingane til innbyggjarane. Enkelte kommunar skårer her ganske høgt med positive vurderingar av moglegheiter, medan innbyggjarane i mange av dei andre kommunane gir klare negative vurderingar e. Sjølv om det her nok ligg ein viss sentralitets- og marknadsdimensjon for enkelte kulturtildod (t.d. kino, koncert, teater og kunstutstilling), ser vi at biletet er meir nyansert, ettersom kommunar med heilt ulik sentralitet, slik som høvesvis Bergen og Gloppe, har høgast innbyggjartilfredsheit for alle kategoriene.

Figur 8-1: Innbyggjarane sine svar på spørsmål om moglegheit til å delta i ulike kulturaktivitetar. Gjenomsnittskår (2010, 2013, 2015, 2017, 2019) på ein skala frå -3 («svært dårlig») til +3 («svært godt»). (Kjelde: Innbyggjarundersøkinga)



8.2.2 Ungdommars trivsel og oppleving av kultur- og idrettstilbod

I Ungdataundersøkinga²⁴(2021) viser resultat for Vestland at dei fleste ungdommane har det godt. Eit klart fleirtal opplever at livet dei lever gir mening, og dei fleste ungdommar er godt fornøgde med lokalmiljøet sitt. Det er litt høgare del av gutter enn jenter som svarer at dei opplever at livet dei lever gir mening, og er fornøgde med lokalmiljøet. Når ein i undersøkinga spør korleis ungdom i fylket vurderer lokaltilbodet av kultur, idrett, møtestadar og kollektivtransport, kjem det fram at dei er klart mest fornøgde med tilbodet av


²⁴ Ungdata-undersøkingane blir gjennomførte på skulane i skuletida. Resultata frå Ungdata blir brukte som kunnskapsgrunnlag i førebyggjande ungdomsarbeid og anna arbeid retta mot ungdom, og dessutan i politikkutvikling og styring lokalt og nasjonalt. Undersøkinga blir gjennomført årleg av ungdatasenteret ved Velferdsforskningsinstituttet NOVA/Oslomet.

idrettsanlegg (sjå figur 8.2). Dei er samtidig klart mindre fornøgde med tilbodet av møtestadar (med andre unge på fritida) og kulturtilbodet. Vidaregåande skuleelevar opplever mangel på møtestadar som klart därlegast, og därlegare enn ungdomsskuleelevar. Undersøkinga produserer også oversikter på kommunenivå, som viser at det er noko variasjon mellom kommunar i kva ungdommane er mest misfornøgde med. Skal ein seia litt meir presist om sosial og geografisk differensiering av desse dataa, krevst nærmere undersøkingar.

Ungdataundersøkinga kartlegg òg andelen av dei unge som deltek i organisert aktivitet. Den viser at dette har halde seg på eit ganske stabilt nivå det siste tiåret, der om lag 2/3 av elevane i ungdomsskulane og halvparten av elevane i vidaregåande skular deltek i idrett. Fråfallet i trening og fysisk aktivitet er jamt utover ungdomsalderen, særleg blant jenter. Mange sluttar i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule. Det er også ein sosial skeivdeling, der ungdom frå familar med lågare inntekts- og utdanningsnivå sluttar oftare i organisert idrett tidlegare i tenåra enn andre. Dette indikerer ein samanheng mellom prisnivået til tilboda og ungdommen sine moglegeheter til å delta i idrettsaktivitetar.

Figur 8-2: Unge si oppleving av lokalt tilbod av idrettsanlegg, treffstadar, kultur og kollektivtransport i Vestland fylke. (Datakjelde: Ungdataundersøkinga 2021)

Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbodet til ungdom er når det gjeld...



8.3 Deltaking bland barn og ungdom

Forsking om forholdet mellom kultur og helse viser at kultur har ei viktig rolle i å forhindra og lækja sjukdom i (Fancourt og Finn 2019). Deltaking i organiserte fritidsaktivitetar styrker ofte barn og unges trivsel, sjølvkjensle og kognitive evner, og det kan forhindre utanforskap

(Jacobsen mfl. 2021, s.11-12, Strand og Kindt 2019, s.35). Studiar viser også at den sosioøkonomiske bakgrunnen til foreldra og dei kulturelle ressursane til familien har mykje å seie for deltaking i kulturaktivitetar (Jacobsen et al. 2021).

Resultata frå Barnefamiliepanelet (2022)²⁵ i Vestland er i stor grad i samsvar med funna i Ungdataundersøkinga. Barnefamiliepanelet gir elles meir detaljerte data om fylket og fleire nyansar når det gjeld geografi og tilbod i Vestland.

Barnefamiliepanelet (2022) viser at dei fleste mellom 6 og 15 år i Vestland har faste organiserte aktivitetar, men at eit mindretal, mellom 5 og 15 prosent, ikkje har det. Dataa i Barnefamiliepanelet gir også informasjon om at forskjellen mellom kommunar er ganske stor og at det ikkje kan forklarast av sosioøkonomisk forskjell åleine. I det følgjande ser vi litt nærmare på organiserte aktivitetar og publikumsdeltaking.

Faste, organiserte aktivitetar gir barn og unge venner, kompetanse og erfaring med å vere med i ulike miljø. Av barn og unge (6-15 år) i Vestland hadde 89 prosent minst éin fast organisert fritidsaktivitet (våren 2022), 81 prosent deltok i minst éin idrettsaktivitet, medan 27 prosent deltok i minst éin kulturaktivitet. Ein del hadde fleire aktivitetar samtidig. Dette må seiast å vera eit høgt nivå på deltaking i faste aktivitetar, sjølv om det altså framleis var 11 prosent som var heilt utan fast organisert fritidsaktivitet blant barn og unge i fylket.

Deltaking i organiserte fritidstilbod aukar både med utdanning og inntekt, med 8-9 prosentpoeng. Internt i fylket er det lågast del barn og unge med fast organisert aktivitet i Midthordland sør (83%) og høgast del i Indre Sogn (93%). Forskjellane mellom sentralitetsklasse (gjennomsnittet for kommunar i kvar klasse) er forholdsvis små, men med stor forskjell mellom enkelte kommunar med låg sentralitet og til dels bydelar i Bergen. Det er generelt større spreiing mellom kommunar for kulturdeltaking enn for idrettsdeltaking. Låg sentralitet gir noko auka kulturdeltaking, men det er færre effektar av sentralitet på idrettsdeltaking.

Å vere *idretts- og kulturpublikum* gir opplevelingar, sosiale møteplassar, identitet og kompetansar som er viktige for livskvalitet og folkehelse. Av barna og unge i fylket var 49 prosent idrettspublikum og 62 prosent kulturpublikum (våren 2022). Når det gjeld idrettspublikum, speler inntekta og utdanninga i hushaldet ei stor betydning, med størst deltaking blant barn og unge der inntekts- og utdanningsnivå til foreldra er høgare. Her er det ganske små geografiske forskjellar i deltaking. Når det gjeld kulturpublikummet (dvs. for 11 aktivitetar utanom kino)²⁶ er det større geografiske forskjellar (mellan bydelar, kommunar, regionar), men også her aukar deltakinga med inntekt og utdanningsnivå.

Samla sett er det som vi her har vist ei høg deltaking blant barn og unge i organiserte fritidstilbod, men det er sosiale forskjellar i deltakinga. Faktorar som utdanning, inntekt, kjønn og geografi ser ut til å ha ein del å seie. Med aukande inntekt og/eller utdanning hos foreldra, aukar sjansane for deltaking blant barn og unge. For deltaking i idrett er inntekta til foreldra ein særleg viktig differensierande faktor, medan for kulturaktivitetar er utdanningsnivået til foreldra viktigare. Jenter og gutter deltek i stor grad i organisert aktivitet, medan jenter dominerer i kulturaktivitetar er det gutter som dominerer i idrett. Det er særleg gutter der foreldra har lågare sosioøkonomisk bakgrunn, som er mest utsette for ikkje å delta i

²⁵ Barnefamiliepanel <https://www.bergen.kommune.no/barnefamiliepanelet>. Særlig Rapport nr. 6 frå Bergen kommune seksjon for kulturanalyse: *Barn og unge i Vestland: Faste organiserte aktivitetar 2022*, og Rapport nr. 7 frå Bergen kommune BKFI Seksjon for analyse: *Barn og unge i Vestland: Publikumsaktivitetar 2022*.

²⁶Publikumsdeltaking samla for kultur samla, dvs om barnet/ungdommar dei siste fire månadene 2022 har vore på minst éi framsyning (konsert, teater, danseframsyning, litteraturarrangement, kunstutstilling, museum/ kulturminne, folkefest/utandørs arrangement, festival, open verkstad, bibliotekarrangement).

organiserte aktivitetar. Det er samtidig ganske store geografiske forskjellar internt i fylket når det gjeld deltakinga til barn og unge i faste aktivitetar. Det er spesielt store forskjellar mellom bydelar i Bergen og blant dei minst sentrale kommunane i fylket. Dei geografiske forskjellane mellom kommunane kan ikkje knytast til sosioøkonomiske forskjellar åleine.

8.4 Frivilligheita

Frivilligheita er eit stort og mangfaldig felt, som ofte påverkar deltaking og inkludering, aktivitet og engasjement, folkehelse og velferd, lokalsamfunnsutvikling og attraktivitet. Å vere frivillig vert rekna å gi både eigenverdi og store verdiar og kvalitetar for samfunnet. Frivillig sektor skal i utgangspunktet vere sjølvstendig og setja sine eigne mål. Frivillighet Norge sin definisjonen av frivilligkeit viser til ILO sin (International Labor Organization) definisjonen som «ikkje-obligatorisk arbeid, det vil seia den tida ein person bruker på å utføre ein eller fleire aktivitetar - anten gjennom ein organisasjon, eller direkte overfor andre utanfor eige hushald - utan å ta betalt» (ILO, 2011). Det er i lokalsamfunn og i kommunar at mykje av det frivillige arbeidet skjer. Ansvaret for sektoren ligg likevel både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.


Frivillig sektor er stor og omfattande og det finst ikkje noka komplett oversikt over alt det omfattar, men eit lite oversiktsbilete kan gjevast. I levekårsundersøkinga til SSB (2020) går det fram at 45 prosent av befolkninga i Vestland oppgir å vere aktive i frivillige organisasjonar, der 18 prosent er aktive i to eller fleire organisasjonar.

I Vestland fylkeskommune si eiga spørjeundersøking av frivillig sektor²⁷(2020) vart 92 regionale frivillige organisasjonar²⁸ spurde med ein svarprosent på 66%. I undersøkinga som vart gjennomført i 2020 vart det understreka at respondentane skulle svare ut i frå ein «normalsituasjon». Undersøkinga viser ein klar tendens til at rekruttering av medlemmer generelt og til verv, og inkludering av etniske og kulturelle minoritetar og menneske med nedsett funksjonsevne i aktivitetane, vert sett på som dei mest utfordrande områda for frivilligheita. Kulturorganisasjonane har høgast svarprosent. Dei peikar på rekruttering og inkludering som ei utfordring, og svarer mest negativt om synleggjering. Hos barne- og ungdomsorganisasjonane svarer mange at rekrutteringa er utfordrande, men har meir positive svar når det gjeld inkludering. For idretts-, frilufts- og naturorganisasjonane er rekruttering av medlemmer til verv og arbeidet med inkludering dei mest utfordrande områda. I tillegg svarte mange frå idretts- og friluftsorganisasjonane at byråkrati/papirarbeid og det å få folk til å jobbe dugnad er utfordrande. For kategorien «andre organisasjonar» er rekruttering av medlemmer det mest utfordrande området, medan mange fleire svarer at synleggjering og inkludering er lett. I dei opne tekstvara svarte mange at dei ønskte fleire møteplassar for frivillig sektor (seminar, konferansar, erfaringsutveksling o.l.), og at dei ønskjer at det blir etablert eit regionalt kultur- og frivilligråd.

²⁷Sjå Kunnskapsgrunnlag Frivilling sektor i Vestland (2022), Vestland fylkeskommune. I 2020 vart det sende ut ei spørjeundersøking for å kartlegga utfordringar og moglegheiter ved sektoren, og få innspel til korleis ein løfte han.

²⁸Respondentane vart delt inn i fire typar: 1) Kulturorganisasjonar, 2) barne- og ungdomsorganisasjonar, 3) idretts-, frilufts- og naturorganisasjonar og 4) andre organisasjonar. Det var det ikkje mogleg å svara «verken – eller» på spørsmåla, som kunne gitt «klarare» svar. Nokre spørsmål handla også om situasjonen frå lokallaga, og var då litt vanskeleg å svara på for regionale organisasjonar.

Figur 8-3: Frivilligehetssektoren sine oppfatningar rundt kva som er enkelt og utfordrande å få til, Vestland fylke (Kjelde: VLFKs undersøking av frivilligehetssektoren i 2020)



8.5 Kort oppsummering

Vestland fylke og mange av kommunane skårar høgt på nasjonale rankingar når det gjeld kulturtilbod, variasjon og aktivitetsnivå. I norsk kulturindeks står Bergen og mange av distriktskommunane i fylket til dels uavhengig av folketalet, fram med høgare aktivitetsnivå og variasjon i kulturliv enn fleirtalet av kommunane i landet.

Både Ungdata (2022) og Barnefamiliepanelet (2022) viser at dei fleste mellom 6 og 15 år i Vestland har faste organiserte aktivitetar, men at eit mindretal ikkje har det. Trass i høg deltaking er det sosiale forskjellar. Deltakinga er ujamnt fordelt der faktorar som utdanning, inntekt, kjønn og geografi ser ut til å ha betydning. Med aukande inntekt og/eller utdanning hos foreldra, aukar sjansane for deltaking blant barn og unge. For deltaking i idrett gir inntekta til foreldra størst variasjon, medan utdanningsnivået til foreldra gir størst variasjon for kulturaktivitetar. Data i Barnefamiliepanelet gir også informasjon om at forskjellen mellom kommunar er ganske stor og kan ikkje forklarast av sosioøkonomiske skilnadar åleine. Det er ganske store geografiske forskjellar når det gjeld deltakinga til barn og unge i faste

aktivitetar, det er store forskjellar mellom bydelar i Bergen og blant dei minst sentrale kommunane i fylket.

I Vestland fylke er det ein stor og mangfaldig frivillig sektor som har betydning for deltaking og inkludering, folkehelse og velferd, lokalsamfunnsutvikling og attraktivitet.

Fylkeskommunen si eiga undersøking viser ein klar tendens til at rekruttering av medlemmer generelt og til verv, og inkludering av etniske og kulturelle minoritetar og menneske med nedsett funksjonsevne, er av auka utfordring for frivilligheita.


9 Noen andre sosiale forhold og levekår

Det fleire aspekt som kan vere relevante for å belyse mønster og utviklingstrekk av betydning for sosial og økonomisk berekraft i regionar. Det finst også ein del data i offentlege register (SSB og FHI) som kan brukast som indikatorar på delar av feltet, men eit problem er likevel at ein god del av desse data ikkje er tilgjengelege på kommune- og regionnivå. Vi har mått å avgrense omtalen til nokre få aspekt av sosial ulikheit og utfordringar og der det er robuste data på kommune- og/eller fylkesnivå. Der det manglar data på kommunenivå (og dermed region), tek vi med oversikter på fylkesnivå.

9.1 Inntektsulikskap og personar i lavinntektshushald

I par mål på inntektsforskjell som ofte vert brukte (av SSB m.fl.) er nivå og utviklinga i Gini-koeffisienten²⁹ og P90/P10-forholdet³⁰. Utviklinga i landet og Vestland viser at forskjellane i inntekt har vore noko aukande for begge desse indikatorane (figur 9.1). Noreg og Vestland ligg likevel på eit lågt forskjellsnivå i inntekt i ein internasjonal målestokk. Det må likevel understrekast at inntektsforskjellen i Noreg er større enn det den offisielle inntektsstatistikken viser³¹. Medan inntektsfordelinga i landet har bevega seg relativt lite dei siste åra har formuesforskjellen vorten stadig større (SSB) (tal på kommunenivå manglar).

Figur 9-1: Nivå og utvikling i inntektsulikskap i Vestland fylke og landet målt i Gini-koeffisient og P90/P10. (Datakjelde: SSB)




²⁹Gini-koeffisienten er ofte brukt for å berekna inntekts- eller formuesforskjellar i ei befolkning. Koeffisienten angis som ein verdi frå 0 til 1, der 0 indikerer at alle innbyggjarane har like stor inntekt (eller formue), medan talverdien 1 indikerer at ein person eig all inntekt (eller formue). Noreg er saman med andre nordiske land blant dei 10 OECD-landa med minst forskjell i inntekt over mange år. Noreg har indeks 0,263 (2020), Sverige 0,276, Storbritannia 0,355, USA 0,375, Costa Rica 0,497 (kjelde: <https://data.oecd.org/inequality/2020>). Enkelte land i verda har mye skeivar fordeling (eks. Sør-Afrika/Namibia på 0,600-0,700).

³⁰I målet P90/P10 blir målte inntektene til dei 10 prosentane av befolkninga med aller høgst inntekt, der til dømes det meste av aksjeutbytte hamnar. Også dei 10 prosentane med lågast inntekt fell utanfor. Det gjer at dette forskjells målet ofte viser ei jamnare utvikling over tid enn dei andre forskjellsmåla.


³¹Inntektsforskjellen i Noreg er mykje større enn det offisiell inntektsstatistikk viser. Forklaringa er at statistikken berre tek med inntekt som er rapportert i dei personlege skattemeldingane, og at eigarar av selskap har hatt insentiv til å ta ut mindre aksjeutbytte etter at utbytteskatt vart innført i 2006 (iflg Aabegre, R: m.fl., SSB - statistikkbanken).

Vidare ser vi på inntektsforskjell i kommunane i Vestland i 2020-21 (figur 9.2 og 9.3). Vi ser at 5-6 kommunar (Modalen, Austevoll, Tysnes, Bergen og Fjaler), som ligg til venstre i begge

Figur 9-2: Inntektsulikskap målt i Gini-indeksen for kommunar i Vestland 2020 og 2021.
(Datakjelde: SSB)



Figur 9-3: Inntektsulikskap målt etter P90/P10 i kommunane i Vestland fylke 2020 og 2021 .(Datakjelde: SSB)



figurane, har klart høgare inntektsulikskap enn andre kommunar, og det som blir målt for fylket og landet. I desse kommunane aukar også forskjellen mykje frå 2020 til 2021. Det er vanskeleg å seie kva som ligg bak desse forskjellane mellom kommunane. Det er vanskeleg å seie noko sikkert om utviklinga med berre to etterfølgjande år i denne statistikken.

9.1.1 Personar i vedvarande lavinntektshushald


Inntekt og økonomi er grunnleggjande påverknadsfaktorar for helse. Forsking viser samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand (FHI - kommunehelsa). Levekår har mykje å seie for motivasjon og evne til å halda oppe helsebringande levevanar, slik som regelmessig fysisk aktivitet, sunt kosthald, fråhald eller måtehald i bruk av tobakk og andre rusmiddel. Låg inntekt aukar sjanske for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død. I tillegg har det å vekse opp i familiarar som over tid har låginntekt vesentleg betydning for helsa og velferda til barna (op.cit.).

På dei neste sidene er eit par figurar (figur 9.4 og 9.5) som viser andelen personar som bur i hushald med låginntekt³² i fylket, regionane og kommunane (talgrunnlaget ligg i tabellar i vedlegg). Nokre hovudmoment vi kan trekke ut av desse figurane er:


- Vestland har på fylkesnivå litt lågare del personar i vedvarande låginntekt enn delen på landsbasis (både for gruppene «alle aldrar» og «unge 0-17 år»).
- Delen unge (0-17 år) i låginntekt er noko større enn delen generelt blant alle innbyggjarane i landet, fylket, regionane og kommunane.
- Det er ei klar utvikling mot høgare delar i låginntekt i perioden 2010-20, både i landet, fylket, dei fleste regionane og kommunane. Dette gjeld begge grupper, men noko større relativ auke blant dei unge enn blant innbyggjarane totalt sett.
- Internt i fylket er det store variasjonar i andel personar i låginntektshushald (i begge grupper), særleg mellom ulike kommunar, men endå større internt mellom bydelar i den største kommunen Bergen.

³² Låginntekt er inntekt under 60 % av nasjonal medianinntekt over ein treårsperiode berekna etter EU-skala. Vedvarande låginntekt blir berekna ved å slå saman inntektene til hushaldet over ein treårsperiode, og dela på 3. Ein måler samla inntekta til hushaldet etter skatt, og inkluderer offentlege overføringer som sosialhjelp og dessutan kapitalinntekter. Hushalda som har ei gjennomsnittleg samla inntekt under den gjennomsnittlege låginntektsgrensa for dei same åra, har vedvarande låginntekt. EU-skala er ein ekvivalensskala som blir nytta for å kunna samanlikna hushald av ulik storleik og samansettning. EU-skalaen er mykje brukt, og ifølgje den skalaen må eit hushald på to vaksne ha 1,5 gonger inntekta til ein einsleg for å ha same økonomiske levekår. Barn aukar forbruksvektene med 0,3 slik at eit hushald på to vaksne og to barn må ha ei inntekt som er $(1 + 0,5 + 0,3 + 0,3)$ gonger så stor som ein einsleg for å ha det like bra økonomisk ifølgje EU skalaen. (kjelde: FHI kommunehelsa).

Figur 9-4: Prosentdel personar (alle aldrar) som bur i hushald med vedvarande låginntekt i landet, Vestland, regionar, kommunar og bydeler i fylket (under 60 % av nasjonal medianinntekt over ein treårsperiode berekna etter EU-skala¹). (Datakjelde: FHI basert på SSB-statistikk)



Figur 9-5: Prosentdel unge personar (0-17 år) som bur i hushald med vedvarande låginntekt 2010-20, i landet, Vestland, regioner, kommunar og bydelar (under 60 % av nasjonal medianinntekt over en treårsperiode berekna etter EU-skala¹). (Datakjelde: FHI basert på SSB-statistikk)




9.2 Utanforskap

Utanforskap er eit uttrykk ofte brukt om manglande sosial tilknyting til samfunnet. Uttrykket beskriv ein situasjon der «enkeltmenneske eller grupper av menneske står utanfor samfunnet elles, til dømes der dei ikkje deltek i arbeidsliv eller tek utdanning, eller der dei manglar språkleg eller kulturell tilknyting til samfunnet elles» (A.Tjora, Store norske leksikon).

Omgrepet er slik sett vidt og knytast til ulike aspektar av manglande sosial tilknyting. Her skal vi avgrense oss til utanforskap som handlar om å vere utanfor *arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak*³³. Dette er ein vanleg brukt indikator for utanforskap som mellom anna Folkehelseinstituttet og SSB bruker i analysar og publiseringane knytt til folkehelsa m.m.. Det er viktig å understreke denne typen utanforskap består av ei svært samansett gruppe av menneske i ulike livssituasjoner (langtidsledige, sjukmelde, uføre, heimeverande som vert forsørt av andre, personar med friår i utdanning). Gruppa er likevel rekna for å bestå av relativt mange menneskjer i ei risikogruppe for varige problem med å komme inn i arbeidslivet og forsvinne ut av arbeidsstyrken. Av dei som vert verande i denne typen utanforskap over lengre tid er det ei overvekt av unge med helseutfordringar og utan vidaregåande utdanning ifølgje Folkehelseinstituttet.

I det følgjande ser vi nærmere på *denne typen utanforskap* i Vestland og regionane (detaljar på kommunenivå er i tabell v 7 og v 8 i vedlegget). Vi ser først på nivå og utvikling i andel personar i utanforskap (figur 9.6). Vi ser at nivået har lege ganske stabilt på om lag 14 prosent i fylket (2015-21), som er eit par prosentpoeng under landsnivået. Vi legg vidare

Figur 9-6: Andel personar 15-61 år i utanforskap av befolkninga i same aldersgruppe (utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak) i landet, Vestland og regionane (Datakjelde: SSB tabell 13563, berekningar NIBR)




³³Inkluderer NEET (Not in Education, Employment, or Training) som er ei forkorting som ofte vert brukt i internasjonal statistikk om unge i alderen 15–24 år som verken er i utdanning, jobb eller opptrening.


merke til store nivåforskjellar mellom nokre av regionane i fylket. Dei mest sentrale delane av fylket (Bergen, Midthordland) ligg høgast på 14-15 prosent, medan andre delar av fylket ligg lågare og lågast på 10-11 prosent har Indre Sogn og Sunnfjord/Ytre Sogn.

Vidare ser vi på nivået og utviklingstrekka i fylket og regionane for nokre ulike befolkningsgrupper (figur 9.7 og 9.8). Det kjem fram at innvandrarar både samla og for unge har ein mykje høgare del i utanforskap enn landet og befolkninga elles i alle regionane.

Figur 9-7: Andel personar 15-61 år i utanforskap i landet, fylket og regionane for innvandrarar og befolkninga elles. (Datakjelde: SSB tabell 13563, berekningar NIBR)




Figur 9-8: Andel personar 15-29 år i utanforskap i landet, fylket og regionane for innvandrarar og befolkninga elles. (Datakjelde: SSB tabell 13563, berekningar NIBR)



Av siste figur her (figur 9.9) ser vi elles at utanforskapen i alderen 15-29 år blant norskfødde med innvandrarforeldre berre er litt over majoritetsbefolkninga, men mykje lågare enn for innvandrarane.

Figur 9-9: Utanforskap for personar 15-29 år i alt, for innvandrarar, norskfødde med innvandrarforeldre og befolkninga elles i landet, Vestland fylke og Bergen kommune (andelar). (Datakjelde: FHI- kommunehelsa, tal for øvrige kommunar manglar).



- På grunnlag av gjennomgangen og figurane (9.6, 9.7, 9.8 og 9.9) kan vi trekke ut følgjande moment knytt til utanforskap slik vi her har målt det:
- Vestland har 13-14 prosent personar i alderen 16-61 år i utanforskap, som er litt lågare enn landet (14-16 %). Fylket ligg her noko lågare enn landet både for innvandrarar og befolkninga elles, men for gruppa unge innvandrarar (15-29 år) har fylket litt høgare del i utanforskap enn nivået på landsbasis.
- Utanforskapen i fylket er mykje høgare for innvandrarar (24-27%) enn for befolkninga elles (11-12%) i aldersgruppa 15-66 år. For personar i alderen 15-29 år er forskjellane endå større mellom innvandrarar (24-28 %) og befolkninga elles (7-8%). I sistnemnde aldersgruppe har norskfødde med innvandrarforeldre berre litt høgare grad av utanforskap (10-13%) enn befolkninga elles, og klart lågare enn innvandrarar. Norskfødde med innvandrarforeldre synest såleis å vera mykje betre integrerte enn innvandrarar, som i og for seg ikkje er heilt unaturleg.
- Sjølv om delen i utanforskap er høgare for innvandrarar enn befolkninga elles, er talet på personar i utanforskap mykje høgare i sistnemnde gruppe (høvesvis 16 062 og 34 611 personar i aldersgruppa 16-66 år, og høvesvis 3 843 og 7 355 personar i aldersgruppa 15-29 år).
- Regionane og kommunane har store variasjonar i del av befolkninga i utanforskap: Bergen, Midt- og Nordhordland (og til dels Stord) har klart høgast del i utanforskap (over fylkessnittet), medan Indre Sogn, Sunnfjord/Ytre Sogn og Nordfjord/Kinn ligg mykje lågare (og godt under snittet i fylket og land). Regionar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke har klart lågare andelar enn regionar i tidlegare Hordaland fylke.
- Del i utanforskap har vist noko fallande tendens 2015-21 i fylket, dei fleste regionane og på landsbasis. Unntaket er 2020 antakeleg som følge av koronapandemien, og


der vart også innvandrarane mykje sterkare ramma av utanforskap enn befolkninga elles.

9.3 Fråfall i vidaregåande skule

Personar som ikkje fullfører vidaregåande skule står ofte svakt på arbeidsmarknaden, og dei får heller ikkje valet om innpass på fagskular og høgare utdanning seinare. Dette aukar risikoen for å hamne i utanforskap (utanfor arbeid, utdanning og opplæring) og/eller berre tilgang til lågkvalifiserte og ustabile jobbar. Dette kan gi vedvarande låginntekt og levekårsutfordringar på sikt. Fråfall vil difor kunne være ueheldig for personane det gjeld seinare i livet, men også for samfunnets ressursbruk og aukande behov for arbeidskraft.


I Vestland har fråfallet blant både kvinner og menn lege omtrent på same nivå som landet i perioden 2015 til 2021 (figur 9.10). Internt i fylket har nivået i området til tidlegare Hordaland fylke lege klart høgare enn Sogn og Fjordane (SSB-data berre tilgjengeleg for gammal fylkesinndeling). Fråfallet har vore klart større for gutter enn jenter, dvs. særleg i området til tidlegare Hordaland (høvesvis 10,5 og 7,2 prosent) medan forskjellane er litt mindre i tidlegare Sogn og Fjordane (høvesvis 8,4 og 7,6 prosent). Andalar kan vera litt vanskeleg å halde seg til, men i talet på personar utgjer fråfallet i årsintervallet 2015-21 totalt 667 unge menneske i fylket, 560 personar i Hordaland (330 gutter og 230 jenter) og 107 i Sogn og Fjordane (64 gutter og 43 jenter).

Figur 9-10: Gjennomføring og fråfall i vidaregåande skule 2015-21. (Datakjelde: SSB tabell 12971)



Vi ser av figuren 9.11 at det har vore noko nedgang i del og talet på unge som ikkje oppnår vidaregåande skuleopplæring i dei tre følgjande periodane mellom 2013 og 2021. Ein nyanse finst her for menn i Sogn og Fjordane, som hadde ein kraftig auke i fråfall i perioden 2014 til 2020, men der fråfallet seinare har gått ned til omrent same nivå som i perioden 2013 til 19. Bakgrunnen for ein samla nedgang både i fylket og landet er ukjent, men det er eit positivt trekk.

Figur 9-11: Andel i vidaregåande skule som har sluttet underveis (fråfall) i Hordaland og Sogn/Fjordane i tre periodar 2013-21. (Datakjelde: SSB tabell 12971)



9.4 Stønadsavhengige for livsopphald

Delen mottakarar av 'stønad til livsopphald' er ein indikator som viser kor stor for del av befolkninga i yrkesalder som ikkje kan jobbe, ikkje får arbeid eller går på tiltak, og som er avhengig av offentleg stønad for livsopphald.


Dette er ein samleindikator, som omfattar mottakarar av uføretrygd, arbeidsavklaringspengar, arbeidsløysetrygd, overgangsstønad for einslege forsørgarar og tiltaksmottakarar (individstønad). Mottakarar av fleire stønader vert berre talde ein gong³⁴.

Nivået på andelen som får slike statlege stønader i ein region eller kommune er mellom anna påverka av eigenskapar ved arbeidslivet og arbeidsmarknaden, og dessutan befolknings-samansetning. Andelen kan indikere geografiske variasjonar i avhengigheit av offentleg støtte for å sikre livsopphald til personar utanfor arbeidslivet. Det seier òg noko om moglege avgrensingar i ressurs- og arbeidskrafttilgang i eit område.


Delen av innbyggjarane i Vestland fylket som får stønader for livsopphald har lege på eit lågare nivå enn på landsbasis over tid (figur 9.12). Internt i fylket er det likevel store variasjonar blant regionar og kommunar. Medan regionane Nordhordland og Midtjylland har klart høgast del mottakarar blant innbyggjarane sine (Nordhordland ligg dessutan over landsnivået), har regionane Indre Sogn, Sunnfjord/Ytre Sogn og Bergen dei klart lågaste delane, godt under fylkes- og landssnittet. Blant kommunane er det endå større geografiske variasjonar (figur 9.13).

³⁴ Det er dokumentert at grupper som står utanfor arbeidsliv og skule oftare har dårlegare psykisk helse og meir usunne levevanar enn dei som er i arbeid (FHI). Dei siste ti åra har andelen som får sjukmeldung og uføretrygd i Noreg vore høgare enn i andre OECD-land, og auka helseproblem i befolkninga kan ikkje forklara dette (op.cit). Årsakene til sjukefråvær og uførepension er ofte samansette, og forhold som usikker arbeidssituasjon, nedbemanninger og livsstilsfaktorar kan påverka dette. Fleirtalet av sjukmeldingar og langvarige trygdestønader blir gitt for muskel- og skjelettlidningar og psykiske lidningar som angst og depresjon (op.cit).

Figur 9-12: Delen mottakarar av 'stønad til livsopphald' av befolkninga i yrkesaktiv alder – landet, Vestland fylke og regionane 2014-19. (Datakjelde: FHI-kommunehelsa, basert på NAV-data, berekningar NIBR)



Figur 9-13: Delen mottakarar av 'stønad til livsopphald' av befolkninga i yrkesaktiv alder – kommunane, regionane, fylket og landet 2019. (Datakjelde: FHI kommunehelsa, basert på NAV-data, berkingar NIBR)



Ytterpunktene er her Eidfjord kommune (låg del) og Modalen kommune (høg del). Det er også nokre ganske store variasjonar mellom kommunar innanfor same region, slik som mellom Sogndal og Årdal i Indre Sogn, mellom Eidfjord og Ullensvang i Indre Hardanger, og mellom Gulen og Modalen i Nordhordland.

9.5 Helsetilstand

Folkehelse er eit omgrep for helsetilstanden til befolkninga og korleis han fordeler seg i befolkninga³⁵. Folkehelsearbeid er den felles innsatsen i samfunnet for å påverka forhold som fremjar helsa og trivselen til befolkninga, forebygging av psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, eller vernar mot helserisiko. Folkehelsa vert ikkje presentert i breidda si her i denne rapporten. Det vert i staden vist til omfattande dokumentasjon om folkehelsa og folkehelsearbeid i fylket og kommunane i Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027³⁶. Etter gjennomsyn av sistnemnde er det på eit generelt grunnlag mogleg å seie at folkehelsa i fylket og kommunane er god og skårar gjennomgåande likt eller litt betre enn landet på dei fleste indikatorane.

I det følgjande vert berre eit avgrensa utval av nokre få indikatorar for vanhelse, uføredelar og forventa levealder presentert. Dette er sentrale helsetilstandsindikatorar blant fleire, som FHI ofte bruker og basert på SSB data. Dei kan mellom anna gi noko informasjon om særskilde utfordringar for velferdstenester og sosial berekraft også i geografiske område.

9.5.1 Førekomst av sjukdomsgrupper

Statistikk på bruk av primærhelsetenesta kan gi informasjon om helsetilstand og sjukdom i befolkninga, som igjen kan seie noko om underliggende faktorar som miljø og levevanar. Når det gjeld førekommst av hjarte- og karsjukdommar, psykiske lidingar og muskel- og skeleettlidingar har der vorte registrert for unike personar per 1000 innbyggjarar (i gruppene 0-74 år og 15-29 år) per år gjennom kontakt med fastlege eller legevakt (FHI)³⁷ (sjå omtale av sjukdomsgrupper neste side).

Når vi på dette datagrunnlaget ser på førekommst og utvikling for dei nemnde sjukdomsgruppene (tabell 9.1) går det fram at Vestland fylke ligg på eit litt lågare nivå for begge aldersgrupper (15-24 år og 0-74 år) i førekommst for alle sjukdomsgruppene. Det er muskel- og skeleettskadar og lidingar som har størst registrert førekommst blant innbyggjarar i Vestland, men med ein viss nedgåande trend. Når det gjeld hjarte- og karsjukdommar har utviklinga framleis ein langvarige nedgåande trend i fylket slik som i landet.

Samtidig er det ein klar auke i registrerte psykiske symptom og lidingar i aldersgruppa 15-24 år i fylket som på landsbasis. FHI reknar årsaker til slike lidingar primært å ligge i «miljøforhold» og ikkje i «arv» (genar). Når tendensen tydeleg er den same i fylket som i landet er det sannsynlegvis nokre generelle forhold som verkar inn både nasjonalt og regionalt. Årsakene til dette veit ein ikkje sikkert. Hypotesar har vorte knytt til mange ulike faktorar som auka bruk av sosiale medium, skjermtid og stilsettning, aukande skule- og utdanningspress, krav til produktivitet i arbeidslivet, kriseopplevelingar (pandemi, klima osb.), fleire i låginntektshushald m.m. Blant nokre folkehelseekspertar er det også noko fagleg usemje om dette er reell stigning eller auka registrering knytt til auka medvit eller endra omgrepsbruk og forståingar. Av dette følgjer òg ulike tolkingar av alvorsgrada i auken.

³⁵ Folkehelse er i folkehelselova definert som helsetilstanden til befolkninga, og korleis helsa fordeler seg i befolkninga. Kravet lovgiver stiller er at oversikta mellom anna blir basert på kjeldene til informasjon jf. § 5a-c og dessutan alle faktorane frå forskriftas § 3a-f

³⁶<https://www.vestlandfylke.no/folkehelse/folkehelseundersokninga-2022>

³⁷ Dersom ein person har vore i kontakt med fastlege eller legevakt fleire gonger i løpet av kalenderåret med same sjukdom/liding, blir talt vedkommande berre éin gong. Statistikken viser 3 års gjennomsnitt (dvs. gjennomsnitt for 3-årsperiodar) (iflg. FHI).

Denne omtalen av førekost av sjukdomsgrupper i dette delkapittelet har altså vore basert på statistikk for bruk av primærhelsetenesta. Det er viktig å understreke at denne statistikken ikkje gir eit samla bilet, og det finst fleire andre indikatorar som er viktige å følgje med på (sjå Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027)³⁸.

Tabell 9-1: Helsetilstand målt i 6 sjukdomsgrupper etter unik førekost per 1000 innbyggjarar (i det aktuelle alderssegmentet) per år angitt som gjennomsnitt over 3-årsperioder 2015-2020 i Vestland fylke og landet. (Datakjelde: FHI)

| Område | Alder | Sykdomsgruppe | 2015-2017 | 2016-2018 | 2017-2019 | 2018-2020 | Endring (%) |
|----------|----------|---|-----------|-----------|-----------|-----------|-------------|
| Landet | 0-74 år | Hjerte- og karsykdomsdiagnosar, totalt (K70-99) | 105 | 103 | 100 | 99 | -5,7 |
| | | Psykiske symptomer og lidelser (P01-29 og P70-99) | 152 | 154 | 157 | 160 | 5,3 |
| | | Angst og depresjon, symptomer (P01-04, P25 og P28-29) | 60 | 60 | 60 | 62 | 3,3 |
| | | Affektive og depressive lidelser (P73 og P76) | 38 | 38 | 38 | 39 | 2,6 |
| | | Angstlidelser (P74, P79 og P82) | 20 | 20 | 21 | 22 | 10,0 |
| | 15-24 år | Muskel og skjellet (ekskl. brudd og skader (L01-L29, L70-71 og L82-99)) | 319 | 319 | 319 | 316 | -0,9 |
| | | Hjerte- og karsykdomsdiagnosar, totalt (K70-99) | 13 | 13 | 12 | 12 | -7,7 |
| | | Psykiske symptomer og lidelser (P01-29 og P70-99) | 149 | 156 | 163 | 166 | 11,4 |
| | | Angst og depresjon, symptomer (P01-04, P25 og P28-29) | 55 | 58 | 59 | 60 | 9,1 |
| | | Affektive og depressive lidelser (P73 og P76) | 35 | 37 | 38 | 38 | 8,6 |
| Vestland | 0-74 år | Angstlidelser (P74, P79 og P82) | 21 | 22 | 24 | 26 | 23,8 |
| | | Muskel og skjellet (ekskl. brudd og skader (L01-L29, L70-71 og L82-99)) | 238 | 238 | 240 | 236 | -0,8 |
| | | Hjerte- og karsykdomsdiagnosar, totalt (K70-99) | 101 | 97 | 92 | 91 | -9,9 |
| | | Psykiske symptomer og lidelser (P01-29 og P70-99) | 141 | 141 | 140 | 141 | 0,0 |
| | | Angst og depresjon, symptomer (P01-04, P25 og P28-29) | 55 | 54 | 53 | 54 | -1,8 |
| | 15-24 år | Affektive og depressive lidelser (P73 og P76) | 36 | 35 | 33 | 33 | -8,3 |
| | | Angstlidelser (P74, P79 og P82) | 18 | 18 | 17 | 18 | 0,0 |
| | | Muskel og skjellet (ekskl. brudd og skader (L01-L29, L70-71 og L82-99)) | 297 | 292 | 289 | 285 | -4,0 |
| | | Hjerte- og karsykdomsdiagnosar, totalt (K70-99) | 14 | 13 | 12 | 12 | -14,3 |
| | | Psykiske symptomer og lidelser (P01-29 og P70-99) | 140 | 146 | 150 | 153 | 9,3 |

Generelt er muskel- og skjelletsjukdomar og plagar den diagnosegruppa som «plager flest og koster mest» i landet (FHI). Samlet under eit har mange slike typar sykdommar og plagar samanheng med både økande alder, stillesittande livsstil og til dels også overvekt, og er vanlegere hos personer med lav sosioøkonomisk status (op.cit). Hjerte- og karsykdommar skyldes arvelige faktorar i samspel med faktorer som røyking, diabetes, høyt blodtrykk etc. Dette er saman med kretf den hypigste dødsårsaka i landet. Forekomst høgast blant grupper med lav utdanning og/eller inntekt og aukar med alder. For psykiske lidelser er miljøforhold viktigere enn arvelighet. Fleire belastningsfaktorar som virkar saman over lengre tid gir høy risiko, mens beskyttelsesfaktorar som nærheit til andre menneske gir ekstra beskyttelse mot hendelser og belastningar som elles ville medført økt risiko.

9.5.2 Andel uføre personar

Talet på og delen mottakarar av uføreytingar (varig uførepensjon og arbeidsavklaringspengar) er ein indikator på helsetilstand, men bør sjåast i samanheng med arbeids- og næringslivet, jobbtilbodet og utdanningsnivået i den aktuelle regionen og kommunen. Gruppa som får uføreytingar er ei utsett gruppe helsemessig (fysisk og psykisk) og materielt. At det vert ytt uføretrygd er naturlegvis ein viktig del av velferdssamfunnet, og der nivå og innretting har mykje å seie for livsophald og levekår for dei som ikkje kan arbeide.

³⁸ Ein ny indikator i folkehelseprofilen for Vestland 2023 er mellom anna «Hjarte- og karsjukdom sjukehusinnleggningar og dødsfall» der Vestland skárar dårlegare enn landet.

Det finst god statistikk over talet på mottakarar av uføreytingar. Dette er stønadsordningar for å sikre inntekt til livsopphald for personar 18-66 år, som har fått inntektsevna varig nedsett på grunn av sjukdom eller funksjonshemmning. Arbeid gir vanlegvis tilgang til viktige helsefremjande ressursar som sosiale relasjonar, identitet, personleg vekst og økonomisk tryggleik. Høg sysselsetjing der også personar med redusert arbeidsevne har eit arbeid å gå til, vil vere positivt for folkehelsa.

Nasjonalt er det generelt sosioøkonomiske skilnader i sjukefråvær og uføretrygd, som Folkehelseinstituttet har omtalar slik:

Det er generelt sosioøkonomiske skilnader i sjukefråvær og uføretrygd:


- Uføretrygd på grunn av muskel- og skjelettlidinger er til dømes langt vanlegare blant lågt utdanna enn høgt utdanna (Bruusgaard et al., 2010). Skilnaden kan dels forklaraast med at risikofaktorar for sjukefråvær og uføretrygd er hyppigare i jobbar med lågare løn og låge krav til utdanning (Falkstedt et al., 2014). Dette gjeld til dømes hardt fysisk arbeid, tunge løft med vriding av ryggen, krevjande arbeidsstillingar, heilkroppsvibrasjonar, monoton arbeid, lite kontroll over arbeidsoppgåvene og lite fleksibilitet i arbeidstida (Foss et al., 2011; Haukenes et al., 2011; Sterud & Tynes, 2013).
- Mekaniske og psykososiale arbeidsmiljøfaktorar forklarte meir enn 40 prosent av skilnaden i langtidssjukefråværet mellom høgt og lågt utdanna arbeidstakarar, viser ei tidlegare norsk studie (Sterud & Johannessen, 2014).
- På arbeidsplassar med lågare krav til utdanning vil det oftare vere vanskeleg å tilpasse arbeidssituasjonen til helsevanskars (Johansson & Lundberg, 2009).
- Arbeidstakarar med lågare utdanning kan òg ha større vanskar med å finne nytt arbeid dersom helsevanskars krev eit skifte av arbeidsoppgåver.

Kilde : FHI

Når vi ser på Vestland og regionane (figur 9.14, delar på kommunenivå i tabell v6 i vedlegg), ser vi ein generell aukande tendens mot fleire uføretrygda i måleperioden 2014-2020, som òg gjeld for heile landet. Dette er altså eit generelt nasjonalt fenomen, som ikkje er spesifikk for fylket og regionane. Utan at vi har analysert årsakene til auke i innbyggjarar med uføretrygd, er det mest nærliggande å knyta auken til ein kombinasjon av aldrande befolkning og kanskje det at fleire unge melder om psykiske lidinger og utanforskap.

Nivået i fylket ligg litt under nivået på landsbasis, men det er ganske store variasjonar i nivå blant regionane i fylket. Stord og Sunnhordland ligg betydeleg over, medan Bergen og Indre Sogn ligg betydeleg under fylkes- og landsnivåa. Årsakene til desse variasjonane veit vi ikkje, men ein hypotese kan vere at dette kjem av regionale forskjellar i befolkningsstrukturar, arbeidslivet og arbeidsmarknaden.

Figur 9-14: Del mottakarar av uføreytingar (varig uførepensjon og arbeidsavklaringspengar) i prosent av befolkninga i alderen 18 - 67 år i Vestland og regionane (gjennomsnitt for overlappande 3-årsperioder).
 (Datakjelde: FHI kommunehelsa, basert på SSB)




9.5.3 Forventa levealder

Forventa levealder gir informasjon om helsetilstanden i befolkninga. Forventa levealder ved fødsel vert berekna ved hjelp av statistikk over dødelegheit, og statistikken viser gjennomsnitt for 15-årsperiodar.

Dei siste 30 åra har alle grupper i landet fått betre helse, men helsegevinsten har vore størst for gruppa med lang utdanning og høg inntekt (iflg. FHI). Til dømes har denne gruppa høgare forventa levealder enn gruppa med kortare utdanning og lågare inntekt. Særleg dei siste ti åra har helseforskjellane auka. Det gjeld både fysisk og psykisk helse. Utjamning av sosiale helseforskjellar er ei viktig målsetjing i folkehelsearbeidet.

Som det kjem fram av figuren 9.15, har forventa levealder i Vestland og landet auka for både kvinner og menn over tid. Som på landsbasis har kvinner høgare forventa levealder enn menn (rundt 84,5 år for kvinner mot 80,2 år for menn i fylket), men det er langt større forskjellar mellom kommunar internt fylket og enkelte regionar. Ytterpunkt kan nemnast her. Forventa levealder for menn i Eidfjord på 78,1 år, mot 86,0 år for kvinner i Kvam, som ligg rett over Hardangerfjorden. Det er også ei stor spennvidd mellom bydelar i Bergen, mellom bydelane Årstad (menn med forventa levealder på 78,2 år) og Arna (kvinner med forventa levealder på 85,3 år).

Figur 9-15: Forventa levealder for kvinner og menn (2006-2020) i landet, Vestland, kommunar og bydelar. (Datakjelde: FHI kommunehelsa basert på SSB-data)



9.6 Kort oppsummering

I dette kapittelet er det lagt vekt på nokre få tema og indikatorar med relevans for å vurdere sider av sosial og økonomisk utvikling med relevans til berekraft i regionane.

Det vart vist til at *inntektsforskjellane* i befolkninga aukar i landet, i Vestland og i dei fleste kommunane i fylket dei siste 10-12 åra. Sterkast er auken i inntektsforskjeill i nokre sentrale område, slik som Bergen og enkelte kommunar i omlandet forutan nokre andre kommunar, særleg langs kysten.

Del personar i vedvarande *låginntektshushald* aukar også klart i perioden 2010-2020, og særleg internt i delar av Bergen (bydelar) og ein del kommunar med ulik sentralitet og storleik. Del personar i utanforskap (utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak) har dei siste åra lege på om lag 14 prosent, som er litt under landsbasis, og tendensen er svakt fallande. Her er store regionale variasjonar, der delen i utanforskap er høgast i dei mest sentrale delane av fylket, og minst i dei mindre sentrale delane av fylket.

Andelen for *utanforskap* er langt høgare for innvandrarar (ca. 24% i fylket) enn for befolkninga elles (ca. 12% i fylket), og dette gjeld for alle regionane. Talet på personar i utanforskap blant innvandrarar er likevel berre halvparten av talet på personar i utanforskap for befolkninga elles.

Fråfallet i vidaregåande skule i fylket har lege litt under landsnivået, og det har vore ein viss nedgåande del dei seinare åra. Kjønnsmessig er fråfallet i fylket klart større for gutter enn jenter, dvs. særleg i Hordaland (høvesvis 10,5 og 7,2 prosent), medan forskjellane er litt mindre i Sogn og Fjordane (høvesvis 8,4 og 7,6 prosent). Andalar kan vera litt vanskeleg å ta omsyn til, men i talet på personar utgjer fråfallet i intervallet 2015-21 totalt 667 unge menneske i fylket, 560 personar i Hordaland (330 gutter og 230 jenter) og 107 i Sogn og Fjordane (64 gutter og 43 jenter).

Delen av innbyggjarane i Vestland fylke som mottek *stønader til livsopphald* har lege på eit noko lågare nivået enn på landsbasis over tid, men internt i fylket er det ganske store variasjonar blant regionane og kommunane. Det er ikkje mogleg å sjå eit klart sentralitetsmønster i dette.

Delen *uførretrygda* i fylket har også lege litt under nivået på landsbasis over tid, men det er ein klar tendens mot ein aukande del i landet, fylket og regionane. Dette er eit generelt nasjonalt fenomen, viss årsaker ikkje er nærmere analyserte, men vert knytte til hypotesar om aldrande befolkning, fleire unge med psykiske lidningar og eigenskapar ved arbeidslivet og arbeidsmarknaden. Delen personar som får uførretrygd varierer elles ein del mellom regionane i fylket, utan nokon klart sentralitetsmønster.

Når det gjeld *førekomst av hjarte- og karsjukdommar, psykiske lidningar og muskel- og skjelettlidningar*, har Vestland fylke generelt eit noko lågare sjukdomsnivå enn landsnivået, både for unge aldersgrupper (15-24) og alle (0-74 år). Samtidig er det ein klar tendens til auke i registrerte psykiske symptom og lidningar i aldersgruppa 15-24 år, både på landsbasis og i fylket. Her har vi ikkje fått fram tal på kommune- og regionsnivå.

Til slutt såg vi på *forventa levealder*, som i Vestland har auka for både kvinner og menn over tid, som i landet elles. Kvinner har høgare forventa levealder enn menn i fylket (ca. 84,5 mot 80,2 år). Det er likevel store interne forskellar mellom bydelar, kommunar og regionar i fylket når det gjeld dette i befolkninga totalt, og endå større forskellar når ein deler på kjønn. Dei siste 30 åra har alle grupper i landet fått betre helsa, men helsegevinsten har vore stort for gruppa med lang utdanning og høg inntekt (iflg. FHI). Dette kjem òg til uttrykk i at denne sistnemnde gruppa har høgare forventa levealder enn dei med kortare utdanning og lågare inntekt. Særleg dei siste ti åra har helseforskjellane auka, det gjeld både fysisk og psykisk helse. Det er all grunn til å tru at desse nasjonale tendensane også gjer seg gjeldande i Vestland fylke. Utjamning av sosiale helseforskellar er ei viktig målsetjing i folkehelsearbeidet.

10 Natur, miljø og klima

Statistikkgrunnlaget på feltet er varierande der nokon felt er godt dekte og andre mangelfulle. Eit problem med nokre få unntak, er for lite god statistikk på lågt geografiske nivå som kommunar og dermed også regionar.

Når det gjeld direkte utslepp av klimagassar er det offentleg tilgjengelege datagrunnlaget etter kvart ganske bra – både med tidsseriar og lågt geografiske nivå. Når det gjeld indirekte utslepp frå forbruk er statistikk under utvikling og byrja å komme på kommunenivå. Når det gjeld arealressursar og -bruk har det offentleg tilgjengelege statistikken blitt ganske bra men har framleis ein del svakheiter knytt til grovkorna kategoriar, lite robuste tidsseriar og særleg på kommunenivå. Her manglar elles gode data på spesielle arealkvalitetar og sårbarheiter på kommunenivå og til dels fylker. For biologisk mangfald er datagrunnlaget knytt til artar og økosystem vorte utvikla og forbetra dei seinare åra men berre på høge geografiske nivå (landet, landsdelar, fylker). Statistikk på vassressursar og tilstand har vorte noko betre med åra, men har framleis betydelege manglar på lågare geografisk nivå. I det følgjande ser vi nærmare på fleire av desse tema og viser til statistikkjelder fortløpande.

10.1 Klimagassutslepp

10.1.1 Utslep på sektorar og regionar

Vestlands klimagassutslepp³⁹ utgjorde 6 853 953 tonn CO2-ekvivalentar i 2021, som er 21 prosent av Fastlands-Noregs utslepp (SSB/ Miljødirektoratet) (tabell 10.1). Utsleppa i Vestland låg på 1 069 tonn CO2-ekvivalentar per innbyggjar, som er 75 prosent over nivået per innbyggjar nasjonalt. Dette heng mykje saman med næringsstrukturelle forhold.


Fordelt på sektorar (figur 10.1 og tabell 10.1) viser tala at det er særskilt høge utslepp frå industri (inkludert olje/gass på fastlandet) og sjøfart, også når ein samanliknar dette med fordelinga nasjonalt. Heile 46 prosent av utsleppa i fylket skriv seg frå industri (mot 37% på landsbasis). I Vestland er det særleg store punktutslepp frå petroindustri og metallindustri⁴⁰ som trekker opp. Nest største utsleppssektor er sjøfart med 20 prosent av utsleppet i fylket (mot 13% på landsbasis) og den tredje største er vegtrafikk med 12 prosent av utsleppa (20% på landsbasis). Deretter kjem energiforsyning med 9 prosent (på landsbasis på 4%) og utsleppa frå mindre enkeltsektorar som jordbruk, mobil forbrenning og avfall/gjenvinning (totalt 11% i fylket mot 23 % på landsbasis).

På regionsnivå ser vi av tabell 10.1 at det er svært store variasjonar i klimagassutslepp totalt og per innbyggjar, som jo nettopp kan forklara med at dei store sektorkjeldene (petroindustri, metallindustri, energiproduksjon og sjøfartsaktivitet) er svært ujamnt lokalisert blant regionane i fylket. Nordhordland er eit særtilfelle med høgt utsleppsnivå, som naturlegvis kjem frå Mongstad industriområde i Alver og Austrheim med det største oljeraffineriet i landet, oljeterminal, hamneanlegg, kraftvarmeverk m.m.

³⁹Basert på SSB som bygger på Miljødirektoratets offisielle data for årleg klimagassutslepp (CO2, metan og lystgass) på kommune- og fylkesnivå. Statistikken omfattar berre direkte utslep som skjer innanfor kommunegrensene. Det betyr m.a. at utslepp frå avfallsbehandling, energiproduksjon m.m. fell til kommunane der desse er lokaliserte og ikkje der forbruket skjer. For vegtrafikk blir berekna utslep med basis i bilpark og trafikkarbeid i kommunane inkludert gjennomgangstrafikk.

⁴⁰Mongstad raffineri har det største bidraget, følgd av ulike metallurgiske verksemder, gassterminalar og prosessanlegg før ei lang rekke småverksemder (iflg.CICERO-TØI -rapp 2022: Utsleppsanalyse mot 2030 for Vestland fylkeskommune).

Figur 10-1: Utslepp i Vestland fylke fordelt på sektorar 2021 (Datakjelde: Miljødirektoratet)




Tabell 10-1: Klimagassutslepp (tonn co2-ekvivalenter) i sektor og regionar i Vestland 2021. (Datakjelde: SSB/Miljødirektoratet)

| Klimagass-utslipp 2021 | Totalt | Industri, olje/gass (fastland) | Sjøfart | Veitrafikk | Energi-forsyning | Jordbruk | Annemobil forbrenning | Avtall og avløp | Oppvarming | Luftfart |
|---|------------|--------------------------------|-----------|------------|------------------|-----------|-----------------------|-----------------|------------|----------|
| Tonn CO2-ekvivalenter | | | | | | | | | | |
| Landet | 32 612 182 | 11 947 663 | 4 366 761 | 6 552 494 | 1 336 451 | 4 374 513 | 2 188 860 | 1 064 099 | 492 305 | 289 036 |
| Vestland | 6 853 953 | 3 173 885 | 1 354 124 | 842 056 | 633 200 | 437 588 | 171 963 | 154 910 | 48 394 | 37 835 |
| Nordfjord og Kinn | 632 829 | 273 923 | 183 458 | 65 756 | - | 70 487 | 19 322 | 13 501 | 5 008 | 1 373 |
| Sunnfjord og Ytre Sogn | 401 996 | 105 703 | 121 262 | 67 677 | - | 82 594 | 13 675 | 5 900 | 4 715 | 471 |
| Indre Sogn | 562 187 | 412 151 | 17 254 | 54 471 | 1 293 | 50 721 | 12 491 | 9 186 | 3 740 | 880 |
| Nordhordland | 2 468 564 | 1 514 174 | 281 897 | 65 167 | 515 178 | 59 842 | 16 472 | 13 126 | 2 707 | - |
| Bergen | 724 660 | 4 519 | 164 786 | 293 391 | 95 080 | 7 581 | 51 357 | 58 922 | 14 106 | 34 918 |
| Midthordland | 671 621 | 154 225 | 306 509 | 96 636 | 21 650 | 31 962 | 24 458 | 27 750 | 8 432 | - |
| Voss | 324 939 | 167 121 | 12 050 | 73 451 | - | 50 276 | 12 170 | 6 433 | 3 437 | - |
| Indre Hardanger | 357 332 | 281 423 | 9 410 | 45 476 | - | 10 381 | 5 751 | 3 100 | 1 792 | - |
| Sunnhordland Aust | 461 650 | 260 348 | 114 678 | 31 304 | - | 43 282 | 8 211 | 2 056 | 1 770 | - |
| Stord | 248 175 | 298 | 142 819 | 48 726 | - | 30 463 | 8 055 | 14 936 | 2 686 | 193 |
| Klimagassutslepp sektorvis fordelt (%) innen hver enkelt region | | | | | | | | | | |
| Landet | 100 | 37 | 13 | 20 | 4 | 13 | 7 | 3 | 2 | 1 |
| Vestland | 100 | 46 | 20 | 12 | 9 | 6 | 3 | 2 | 1 | 1 |
| Nordfjord og Kinn | 100 | 43 | 29 | 10 | 0 | 11 | 3 | 2 | 1 | 0 |
| Sunnfjord og Ytre Sogn | 100 | 26 | 30 | 17 | 0 | 21 | 3 | 1 | 1 | 0 |
| Indre Sogn | 100 | 73 | 3 | 10 | 0 | 9 | 2 | 2 | 1 | 0 |
| Nordhordland | 100 | 61 | 11 | 3 | 21 | 2 | 1 | 1 | 0 | 0 |
| Bergen | 100 | 1 | 23 | 40 | 13 | 1 | 7 | 8 | 2 | 5 |
| Midthordland | 100 | 23 | 46 | 14 | 3 | 5 | 4 | 4 | 1 | 0 |
| Voss | 100 | 51 | 4 | 23 | 0 | 15 | 4 | 2 | 1 | 0 |
| Indre Hardanger | 100 | 79 | 3 | 13 | 0 | 3 | 2 | 1 | 1 | 0 |
| Sunnhordland Aust | 100 | 56 | 25 | 7 | 0 | 9 | 2 | 0 | 0 | 0 |
| Stord | 100 | 0 | 58 | 20 | 0 | 12 | 3 | 6 | 1 | 0 |
| Fylkets klimagassutslepp %-fordelt på sektor og region | | | | | | | | | | |
| Vestland | 100,0 | 46,3 | 19,8 | 12,3 | 9,2 | 6,4 | 2,5 | 2,3 | 0,7 | 0,6 |
| Nordfjord og Kinn | 9,2 | 4,0 | 2,7 | 1,0 | 0,0 | 1,0 | 0,3 | 0,2 | 0,1 | 0,0 |
| Sunnfjord og Ytre Sogn | 5,9 | 1,5 | 1,8 | 1,0 | 0,0 | 1,2 | 0,2 | 0,1 | 0,1 | 0,0 |
| Indre Sogn | 8,2 | 6,0 | 0,3 | 0,8 | 0,0 | 0,7 | 0,2 | 0,1 | 0,1 | 0,0 |
| Nordhordland | 36,0 | 22,1 | 4,1 | 1,0 | 7,5 | 0,9 | 0,2 | 0,2 | 0,0 | 0,0 |
| Bergen | 10,6 | 0,1 | 2,4 | 4,3 | 1,4 | 0,1 | 0,7 | 0,9 | 0,2 | 0,5 |
| Midthordland | 9,8 | 2,3 | 4,5 | 1,4 | 0,3 | 0,5 | 0,4 | 0,4 | 0,1 | 0,0 |
| Voss | 4,7 | 2,4 | 0,2 | 1,1 | 0,0 | 0,7 | 0,2 | 0,1 | 0,1 | 0,0 |
| Indre Hardanger | 5,2 | 4,1 | 0,1 | 0,7 | 0,0 | 0,2 | 0,1 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Sunnhordland Aust | 6,7 | 3,8 | 1,7 | 0,5 | 0,0 | 0,6 | 0,1 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Stord | 3,6 | 0,0 | 2,1 | 0,7 | 0,0 | 0,4 | 0,1 | 0,2 | 0,0 | 0,0 |
| Utslippsintensitet for sektor og regioner (tonn CO2-ekvivalenter per innbygger) | | | | | | | | | | |
| Landet | 605 | 222 | 81 | 122 | 25 | 81 | 41 | 20 | 9 | 5 |
| Vestland | 1069 | 495 | 211 | 131 | 99 | 68 | 27 | 24 | 8 | 6 |
| Nordfjord og Kinn | 1463 | 633 | 424 | 152 | 0 | 163 | 45 | 31 | 12 | 3 |
| Sunnfjord og Ytre Sogn | 1183 | 311 | 357 | 199 | 0 | 243 | 40 | 17 | 14 | 1 |
| Indre Sogn | 1939 | 1422 | 60 | 188 | 4 | 175 | 43 | 32 | 13 | 3 |
| Nordhordland | 6632 | 4068 | 757 | 175 | 1384 | 161 | 44 | 35 | 7 | 0 |
| Bergen | 253 | 2 | 57 | 102 | 33 | 3 | 18 | 21 | 5 | 12 |
| Midthordland | 611 | 140 | 279 | 88 | 20 | 29 | 22 | 25 | 8 | 0 |
| Voss | 1109 | 571 | 41 | 251 | 0 | 172 | 42 | 22 | 12 | 0 |
| Indre Hardanger | 3024 | 2381 | 80 | 385 | 0 | 88 | 49 | 26 | 15 | 0 |
| Sunnhordland Aust | 2315 | 1305 | 575 | 157 | 0 | 217 | 41 | 10 | 9 | 0 |
| Stord | 622 | 1 | 358 | 122 | 0 | 76 | 20 | 37 | 7 | 0 |


10.1.2 Utviklinga i utsleppa

Utslepp frå norsk økonomisk aktivitet (inkludert olje/gassutvinning, utanriks sjøfart og luftfart) og hushald vart reduserte med -2,3 prosent 1990-21 (figur 10.2 og 10.3). Utanom utanriks

Figur 10-2: Prosent endringar i klimagassutslepp fra norsk økonomisk aktivitet og hushald 1990 -2021 (1000 tonn CO₂-ekvivalenter) (1990=100). (Kjelde: SSB/Miljødirektoratet)




Figur 10-3: Nasjonale klimagassutslepp fordelt relativt (øvste figur) og absolutt (nedre figur) på ulike sektorar 1990-2021 (Datakjelde: SSB/Miljødirektoratet)




sjøfart og luftfart vart klimagassutsleppa nasjonalt reduserte med -4,7 prosent 1990-21, mens utanom olja/gassutvinninga var reduksjonen i denne perioden på -14,8 prosent. Dei nasjonale utsleppa etter 1990 nådde ei topp i 2015 og er sidan redusert med 14,5 prosent frå 2015 til 21.


Når det gjeld utsleppa i Vestland har dei hatt ein litt annan kurve enn dei nasjonale utsleppa dei siste 15 åra (figur 10.4 og 10.5). I fylket nådde utsleppa ein topp 2013 med ein etterfølgjande nedgang kvart år fram til 2019 på samla minus 18,2 prosent. Deretter har det igjen vore ein auke med 5,2 prosent 2019-21 i fylket, mens nedgangen heldt fram for landet. I Vestland er det industrien (inkl. olje/gassektor på fastlandet) som i dess åra har hatt ein stor utsleppsvekst (+14,4% 2019-21) og som er mye av grunnen til veksten for fylket samla. Det har også vore ein betydeleg relativ vekst i utslepp frå energiforsyning (+9,3 %, 2019-21), men i volum er dette bidraget mykje mindre enn frå industrien. I dei same to åra har det vore stor absolutt og relativ nedgang i utsleppa frå vegtrafikk, oppvarming, luftfart og avfall. Ettersom 2021 var eit noko spesielt år med koronapandemien, vil ein først med nyare tal (kommer på slutten av 2023) kunne seie om utsleppa fortsett å vekse frå fylket.

Figur 10-4: Utviklinga i klimagassutslepp (tonn CO₂-ekvivalenter) 2009-2021 frå ulike sektorar i landet (øvst) og Vestland (nederst) (ekskl. olje/gassutvinning, utanriks sjøfart, hushald). (Datakjelde: Miljødirektoratet)






Figur 10-5: Relative endringar i klimagassutslepp (tonn CO2-ekvivalenter) på utslippssektor i Vestland fylke 2011-21 (Datakjelde: Miljødirektoratet)



Til slutt her kan vi sjå på utsleppa på regionsnivå, kjelder og utviklingstrekk. Regionsfordelinga av utsleppa mellom 2011-21 er stabil fram til 2019 då samla utslepp aukar og det blir noka forskyving i fordelinga mellom regionar (figur 10.6). Auken skjer i hovudsak i Nordhordland og i nokon grad Sunnfjord Aust, og er knytt til auka utslepp frå verksemndene på Mongstad (oljeraffineri og sjøfart) og Husnes (aluminiumsverket).

Figur 10-6: Utviklingen i absolutte klimagassutslepp (tonn CO₂-ekvivalenter) i regionane i Vestland 2011-2021. (Datakjelde: Miljødirektoratet)



Nokon meir detaljerte utviklingstrekk på regionar og sektorkjelder i perioden 2015-21 kjem fram av tabell 10.2 under. På fylkesnivå ser vi store reduksjonar i totalutslepp, som særleg skriv seg frå nedgang frå industri (inkludert landbasert olje og gass) og vegtrafikk. I fylket har det også vore reduksjonar innan «anna mobil forbrenning» (bygg, anlegg og skogsmaskinar m.m.), avfall, forbrenning og oppvarming. Fylket utmerker seg likevel i nasjonal samanheng med relativt sett høge utslepp frå sjøfart, med vekst i utsleppa derfrå (særleg mellom 2015-19). Årsakene bak denne veksten veit vi lite sikkert om.

Tabell 10-2: Absolutte og relative endringar 2015-21 i klimagassutslepp for ulike sektorkjelder i regionane, Vestland fylke. (Datakjelde: Miljødirektoratet)

| Klimagassutslipp 2015-2021 | Totalt | Olje/gass og industri | Sjøfart | Veitrafikk | Energi-forsyning | Jordbruk | Annен mobil forbrenning | Avfall og avløp | Oppvarming | Luftfart |
|-------------------------------|------------|-----------------------|---------|------------|------------------|----------|-------------------------|-----------------|------------|----------|
| Absolutive endringer | | | | | | | | | | |
| Landet | -4 324 933 | -2 246 229 | 290 746 | -1 681 706 | 31 131 | 31 903 | 84 527 | -248 918 | -365 186 | -221 201 |
| Vestland | -796 884 | -554 932 | 209 386 | -249 533 | -35 930 | -10 187 | -31 405 | -47 200 | -52 746 | -24 338 |
| Nordfjord og Kinn | -21 595 | 342 | 833 | -12 063 | . | -1 743 | -2 405 | -3 816 | -2 057 | -686 |
| Sunnfjord og Ytre Sogn | -18 383 | -1 477 | -3 370 | -9 732 | . | -409 | -2 222 | -1 422 | 440 | -192 |
| Indre Sogn | 12 276 | 24 030 | 2 723 | -8 476 | 267 | -1 284 | -3 448 | -2 280 | 691 | 53 |
| Nordhordland | -771 358 | -779 899 | 71 063 | -14 645 | -42 199 | -141 | 743 | -4 009 | -2 271 | . |
| Bergen | -203 017 | -1 104 | 12 722 | -135 213 | 8 675 | 327 | -8 670 | -23 144 | -33 234 | -23 376 |
| Midthordland | -44 036 | -36 138 | 57 432 | -35 471 | -2 672 | -1 944 | -12 186 | -5 828 | -7 229 | . |
| Voss | 9 261 | 20 970 | 10 928 | -12 487 | . | -756 | -1 847 | -3 997 | -3 550 | . |
| Indre Hardanger | 96 903 | 95 288 | 7 116 | -5 668 | . | -180 | 567 | 123 | -343 | . |
| Sunnhordland Aust | 125 323 | 123 234 | 12 120 | -4 970 | . | -2 418 | -452 | -992 | -1 199 | . |
| Stord | 17 742 | -180 | 37 819 | -10 808 | . | -1 639 | -1 485 | -1 834 | -3 994 | -138 |
| Relative (%) endringer | | | | | | | | | | |
| Landet | -11,7 | -15,8 | 7,1 | -20,4 | 2,4 | 0,7 | 4,0 | -19,0 | -42,6 | -43,4 |
| Vestland | -10,4 | -14,9 | 18,3 | -22,9 | -5,4 | -2,3 | -15,4 | -23,4 | -52,2 | -39,1 |
| Nordfjord og Kinn | -3,3 | 0,1 | 0,5 | -15,5 | . | -2,4 | -11,1 | -22,0 | -29,1 | -33,3 |
| Sunnfjord og Ytre Sogn | -4,4 | -1,4 | -2,7 | -12,6 | . | -0,5 | -14,0 | -19,4 | 10,3 | -29,0 |
| Indre Sogn | 2,2 | 6,2 | 18,7 | -13,5 | 26,0 | -2,5 | -21,6 | -19,9 | 22,7 | 6,4 |
| Nordhordland | -23,8 | -34,0 | 33,7 | -18,3 | -7,6 | -0,2 | 4,7 | -23,4 | -45,6 | . |
| Bergen | -21,9 | -19,6 | 8,4 | -31,5 | 10,0 | 4,5 | -14,4 | -28,2 | -70,2 | -40,1 |
| Midthordland | -6,2 | -19,0 | 23,1 | -26,9 | -11,0 | -5,7 | -33,3 | -17,4 | -46,2 | . |
| Voss | 2,9 | 14,3 | 973,8 | -14,5 | . | -1,5 | -13,2 | -38,3 | -50,8 | -26,5 |
| Indre Hardanger | 37,2 | 51,2 | 310,2 | -11,1 | . | -1,7 | 10,9 | 4,1 | -16,1 | . |
| Sunnhordland Aust | 37,3 | 89,9 | 11,8 | -13,7 | . | -5,3 | -5,2 | -32,5 | -40,4 | . |
| Stord | 7,7 | -37,6 | 36,0 | -18,2 | . | -5,1 | -15,6 | -10,9 | -59,8 | -41,7 |

10.1.3 Klimafotavtrykket fra innbyggjarane sitt forbruk

Klimafotavtrykket knytt til forbruk og livsstil er rekna til å vere på om lag 7,4 millionar tonn CO₂-ekvivalentar for Vestland (2022)⁴¹. Dette gir i gjennomsnitt eit klimafotavtrykk per vestlending på 11,5 tonn CO₂-ekvivalentar. Per innbyggjar er dette på siste plass blant fylka i landet, og for landet er gjennomsnittet per innbyggjar 11,1 tonn CO₂-ekvivalentar knytt til livsstil og forbruk. Det globale gjennomsnittet ligg på 2,8 tonn CO₂-ekvivalentar.


10.2 Naturfarar og klimaendringar

Vestland har ein type naturgeografi og topografi, vêr- og klimaforhold som gjer mykje av fylket utsett for naturskadar knytt til vind, nedbør, skred, flaum og stormflod. Risikoene for og ved slike hendingar aukar med klimaendringane.

10.2.1 Naturfarar og hendingar⁴²

Omfanget av naturskadar i fylket varierer sterkt frå år til år (sjå figur 10.7). Storm forårsaka størsteparten av naturskadane i perioden 2010 til 2017 og summerte seg opp til eit erstatningsbeløp på 1 milliard kr for skadane. Fleire område i fylket er elles utsette for flaum og flaumfarar. I ein GIS-analyse er det berekna at 20 000 bygg ligg i potensielt flaumfarlege område. Fylket er elles særleg utsett for skred.

Figur 10-7: Talet på naturskadar i Vestland fylke i perioden 2010–2017. (Kjelde: Norsk Naturskadepool)




⁴¹ Datakjelda er her utviklingsprosjektet Folkets Fotavtrykk der Vestland fylkeskommune deltek samman med Ducky, Asplan Viak og TietoEvry, med støtte frå Forskningsrådet. Målet er å gi både kommunar og fylkeskommunar betra oversikt over fotavtrykket til innbyggjarane sine for å kunna setja mål og tiltak for reduksjon i indirekte utslepp. Dette er eit breitt offentlegprivat samarbeid, det også andre kommunar og fylkeskommunar deltek. Verktøyet er ikkje ferdig utvikla, men vil på sikt kunna gi meir detaljert informasjon frå ulike datakjelder. Siste halvår av 2021 dekkja fylkeskommunen bruk og vidareutvikling for 10 kommunar i regionen, slik at dei kunne nytta dette i arbeidet sitt med å redusera klimafotavtrykket i kommunen sin. Vestland fylkeskommune har også i 2022 delteke på vidareutvikling og forbetring av verktøyet.

⁴² Kjelda for dette avsnittet er: vestland-statistikk-og-utviklingstrekk.pdf (vestlandfylke.no)

Når vi ser på fordelinga av skred i fylket i perioden januar-september 2018 gjekk dei i klart flest av skreda i indre delar av fylket, typisk rundt Hardangerfjorden, Åkrafjorden og Sognefjorden (sjå figur 10.8 neste side). Lenger nord er også Sunnfjord utsett for ein god del skred, spesielt omkring fjordane vest for Førde. Det er grunn til å tru at dette hovudmønsteret vil halde seg over år og kunne bli ytterlegere forsterka med klimaendringane.

Figur 10-8: Konsentrasjonen av skredhendingar i Vestland fylke i perioden januar 2018 til september 2018. (Kjelde: Noregs vassdrags- og energidirektorat NVE)



10.2.2 Klimaendringar og naturfarar

Norsk klimaservicesenter laga klimaprofiler for Sogn og Fjordane og Hordaland som vart publisert i 2016. Klimaprofilane gir eit kortfatta samandrag av kommande klimaendringar og særskilde utfordringar som kan påverka samfunnstryggleik i Vestland fylke⁴³.

Her framhevast først dei sannsynlege og forventa klimaendringane i Vestland når ein samanliknar perioden 1971–2000 med perioden 2071–2100:

- Middeltemperaturen for året er berekna å auka med 4,0 °C – mest om hausten, vinteren og våren og minst om sommaren.
- Nedbøren for året er berekna å auka med om lag 15 prosent – mest vinter, sommar og haust.
- Små endringar for vind er berekna, men uvissa stor.

⁴³For nokre fleire detaljer, sjå vestland-statistikk-og-utviklingstrekk.pdf (vestlandfylke.no)

- Vesentleg reduksjon i snømengder og dagar med snø i lågare strøk, medan høgtliggende fjellområde kan få auka snømengder fram mot midten av århundret, før mengdene også byrjar å minke der (med unntak av enkelte høgfjellsområde)

Desse klimaendringane vil for fylket mest sannsynleg føre til:

- Vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekommst.
- Meir overvatn, fleire og større regnflaumar
- Auka fare for flaum-, sørpe-, jord- og steinskred som følgje av auka nedbørmengder og intensitet
- Noko auka stormflodnivå mellom anna som følgje av havnivåstigning.

I rapporten "Frå to til eit klimatilpassingsfylke"(2020) vert det peika på fleire utfordringar og barrierar for klimatilpassing i Vestland fylke, og fylkeskommunens potensielt viktige rolle som motor, støtte og rådgjevar for arbeidet i kommunane med klimatilpassing.

10.3 Arealressursar og bruk

Arealressursar og bruk har noko å seie for klima, biodiversitet, naturskadar, rekreasjon og ulike typar verdiskaping. Arealressursar og bruken er elles eit heilt sentralt element i det som vert karakterisert som økosystemtenester⁴⁴. Endra arealbruk og nedbygging vert elles rekna for å vera det største trugsmålet mot biologisk mangfald⁴⁵.

I SSBs statistikk vert det operert med breie kategoriar av arealressursar og bruk, og tal på kommunenivå frå 2009 publisera. Med breie kategoriane skil ikkje spesielle arealkvaliteter knytt til biologisk mangfald, særskilt verdfulle typar m.m. Sjølv om statistikk har vorte noko betre over tid kan bruk av endringstal over tid for enkelte kategoriar og sumar vere hefta med unøyaktigheiter og bør handsamast med litt varsemd⁴⁶. Når vi har valt å presentere nokre oversikter med endringstal for perioden 2009-19 for regionane, er det fordi vi finn at endringane i vårt område synes rimeleg plausible med mindre gradvise endringar frå år til år. Fordi det synest å vere noko større sprang og endringar for enkelte kommunar mellom årene 2019 og 2021 går vi ikkje lenger enn til 2019 og fordi nokon av desse spranga mellom 2019 til 2021 kan ha med endringar i kommunegrenser i 2020 å gjøre. På fylkesnivå har vi imidlertid valt å presentere hovudtal for heile perioden 2011-22.

Areala i Vestland består for det meste av open fastmark, skog og bart fjell (inkl. grus, blokkmark, snø og bre), men der delen skog er klart mindre, og delen bart fjell er klart større, enn på landsbasis (figur 10.9). Det er store arealvariasjonar mellom regionane, men med eit visst hovudskilje mellom indre og ytre delar av fylket. Medan Indre Sogn og Hardanger har store areal av open fastmark og bart fjell (inkl. snø/is), har regionar som Midt- og Nordhordland og dessutan Stord mykje meir skog og open fastmark og lite bart fjell. Bergen er naturleg nok i ei klasse for seg med størst utbygde areal, men òg ein stor del skog. Samla har fylket ei variert samansettning av ubygde arealtypar, sjølv om desse grove arealklassene


⁴⁴Omgrepet økosystemtenester har vore knytt til 1) Forsyningstenester (mat, ferskvatn, fisk, vilt, bær osb.), 2) Reguleringstenester (t.d. flaum og erosjonsvern, klimaregulering, kontroll av sjukdomsframkallande organismar), 3) Støttande tenester (t.d. danning av jordsmonn, primærproduksjon, habitat for biomangfald), 4) Kulturelle tenester (f.eks. rekreasjon, friluftsliv, estetikk, religion) (NOU 2013: 10 goda til Naturen – om verdiar av økosystemtenester)

⁴⁵<https://www.fn.no/tema/klima-og-miljoe/naturmangfold>.

⁴⁶SSB skriv om statistikken for arealbruk og ressursar «Statistikken gir så detaljerte tal som mogleg for kvar årgang, men vil også fanga opp at datagrunnlaget blir meir fullstendige utover i perioden. Tabellane kan derfor ikkje brukast til å berekna arealendringar mellom årgangane». (Statistikkbanken SSB.no).

seier lite om det mangfaldet at natur- og miljøkvalitetar og verdiar som finst i fylket og regionane.

Figur 10-9: Arealklasser og bruk i regionane 2021, Vestland fylke (Datakjelde: SSB, tabell 09594)



Når vi ser på hovudtrekka i utviklinga i fylket mellom 2011-2022 (tabell 10.3) legg vi merke til at store areal er bygde ned (+46 kvadratkilometer, +8,5%) av transport og teknisk infrastruktur, bustadar og hytter, idretts- og aktivitetsområde. Samtidig aukar jordbruksareala i fylket (her inngår også innmarksbeite), skogareal (kan vere pga. av mindre utmarksbeite, skogsdrift og klimaendringar) og areal til ferskvatn (kan vere pga. bresmelting, vasskraftutbygging e.l.). Areal som særleg er reduserte, er open fastmark og bert fjell (inkludert grus, blokkmark, snø og isbre). Nedbygginga av areal går ut over open fastmark, våtmark og bert fjell/fjellområde.

Auken som er registrert i denne statistikken for jordbruksareal 2011-22 tildekker at arealet går klart ned i perioden 2017-22. Elles er det vidare verd å notere at det som i tabell 10.3 heiter «jordbruksareal»⁴⁷ i samsvar med SSBs arealstatistikken er noko større enn det som er registrert som «jordbruksareal i drift» i Landbrukstellinga hos SSB. Sistnemnde statistikk viser ein nedgang på minus 6 prosent 2010-22 for «jordbruksareal i drift» (SSBs tabell 11506). Heile denne nedgangen er innanfor kategorien «fulldyrka jord» (-15% og -73.000 dekar), medan det har vore noko vekst både innan «overflatedyrka eng» (+13% og +9.800 dekar) og «innmarksbeite» (+4% og 12.700 dekar).


⁴⁷Arealressursane er for ubygde område klassifiserte etter markslagtypar, og seier noko om korleis overflata på areala ser ut (grunnforhold og vegetasjon), og kor eigna dei er for dyrking og naturleg plantevekst. Jordbruksareala er her noko større enn dei som er i drift.

Tabell 10-3: Arealressursar, -bruk og -endringar 2011-2022 Vestland fylke (Datakjelde: SSB, tabell 09594)


| | Arealer i km ² | | | | | | | | | | | | Endringer 2011-22 | |
|---|---------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|-------------------|--|
| | 2011 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | Abs. | Relativ | |
| Bebygde områder og anlegg i alt | 545 | 553 | 555 | 559 | 558 | 561 | 567 | 569 | 575 | 586 | 591 | 46,2 | 8,5 | |
| Boligbebyggelse | 140 | 142 | 143 | 145 | 145 | 146 | 145 | 145 | 145 | 145 | 146 | 6,2 | 4,4 | |
| Fritidsbebyggelse | 40 | 41 | 42 | 43 | 42 | 43 | 43 | 43 | 43 | 43 | 42 | 2,0 | 5,0 | |
| Bebygde områder for landbruk og fiske | 53 | 52 | 52 | 52 | 51 | 52 | 51 | 51 | 50 | 51 | 52 | -1,3 | -2,5 | |
| Næring, offentlig og privat tjenesteyting | 41 | 41 | 41 | 41 | 42 | 43 | 44 | 44 | 47 | 52 | 53 | 12,0 | 29,5 | |
| Undervisning og barnehage | 7 | 6 | 7 | 6 | 6 | 7 | 6 | 6 | 6 | 6 | 6 | -0,3 | -4,0 | |
| Helse- og sosialinstitusjoner | 3 | 3 | 2 | 2 | 2 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 0,1 | 2,7 | |
| Kultur og religiøse aktiviteter | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | -0,2 | -8,1 | |
| Transport, telekommunikasjon og teknisk infrastruktur | 218 | 223 | 224 | 226 | 223 | 222 | 224 | 225 | 227 | 228 | 227 | 9,4 | 4,3 | |
| Beredskapsstjørnere og Forsvaret | 2 | 1 | 2 | 1 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 0,6 | 40,4 | |
| Grønne områder, idretts- og sportsområder | 20 | 21 | 21 | 21 | 21 | 21 | 22 | 23 | 24 | 24 | 25 | 4,5 | 22,1 | |
| Uklassifisert bebyggelse og anlegg | 20 | 19 | 18 | 18 | 21 | 21 | 24 | 25 | 26 | 30 | 33 | 13,2 | 66,2 | |
| Jordbruksarealer | 968 | 998 | 1 013 | 1 015 | 1 016 | 1 017 | 1 014 | 1 015 | 1 014 | 1 013 | 1 008 | 40,0 | 4,1 | |
| Ubebygde områder i alt | 32 349 | 32 312 | 32 295 | 32 289 | 32 283 | 32 281 | 32 283 | 32 279 | 32 275 | 32 264 | 32 264 | -84,60 | -0,3 | |
| Skog | 8 891 | 8 862 | 8 867 | 8 860 | 8 863 | 8 911 | 8 919 | 8 911 | 8 909 | 8 905 | 9 103 | 212,9 | 2,4 | |
| Åpen fastmark | 15 365 | 15 351 | 15 389 | 15 385 | 15 377 | 15 286 | 15 280 | 15 279 | 15 274 | 15 245 | 15 073 | -291,9 | -1,9 | |
| Åpen myr | 547 | 545 | 545 | 545 | 544 | 613 | 612 | 611 | 610 | 609 | 590 | 42,6 | 7,8 | |
| Bart fjell, grus- og blokkmark | 4 341 | 4 352 | 4 350 | 4 349 | 4 343 | 4 345 | 4 345 | 4 346 | 4 345 | 4 355 | 4 336 | -5,4 | -0,1 | |
| Varig snø, is og bre | 1 285 | 1 285 | 1 235 | 1 234 | 1 232 | 1 185 | 1 185 | 1 185 | 1 184 | 1 183 | 1 182 | -103,1 | -8,0 | |
| Ferskvann | 1 920 | 1 916 | 1 910 | 1 916 | 1 925 | 1 942 | 1 944 | 1 946 | 1 953 | 1 967 | 1 980 | 60,3 | 3,1 | |
| Uklassifisert ubebygd område | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | |

Vi ser vidare litt på endringar i arealressursar og -bruk i perioden 2011-19 for regionane (figur 10.10 og 10.11). Dei viser nokre interessante regionale variasjonar. Dei sentrale regionane vert mest bygd ned av bustadar, transport og teknisk infrastruktur (f.eks. i Bergen og Midthordland). I Bergen reduserast òg jordbruksareala, medan dei stort sett aukar noko i andre delar av fylket. Kommunar og regionar i indre delar av fylket bygger mest ned til hytter, sports- og aktivitetsområde, og dessutan næringsdrift (t.d. i Indre Sogn, Indre Hardanger og Voss). Eit par av desse har likevel aukande jordbruksareal (Sogn og Voss). Dei mindre sentrale regionane på kysten og lengre ut i fjordane bygger mest ned til bustadar, transport, teknisk infrastruktur og næringsdrift (eks. Nordfjord/Kinn, Nordhordland og Stord). Største absolutte reduksjonar av ubygde areal er det av typen open fastmark og fjell/snø/bre i fleire av distriktsregionane (Indre Hardanger, Indre Sogn og Nordfjord/Kinn). Skog- og jordbruksareal (inkludert innmarksbeite) aukar i alle regionane, bortsett frå i Bergen og Indre Hardanger, nok av litt ulike grunnar.

Figur 10-10: Prosent endringar av ulike typar bygde og ubygde areal 2011-19 i landet, Vestland fylke og regionane. (Datakjelde: SSB)



Figur 10-11: Absolutte endringar i arealbruk målt i kvadratkilometer 2001-11-19



I ein eigen arealstatistikk over strandsona (SSB) går det fram at det potensielt tilgjengelege strandsonearealet i fylket har redusert med 20 332 dekar i perioden 2000-22 (sjå tabell 10.4)⁴⁸. Klart største absolutt og relativ reduksjon i tilgjengeleg strandsone for allmenta har det vore i Midthordland, Bergen og på Stord i perioden. Underlaget viser at tilgjengeleg strandsone vert redusert i alle kommunane i fylket, men det er store forskellar mellom kommunane. Særleg store reduksjonar i tilgjengeleg areal i strandsona har det vore i kommunane Øygarden (-1845 dekar, 2000-22), Bømlo (-1697), Austevoll (-1624), Alver (-1368), Bjørnafjord (-1144), Gulen (-999) og Kvinnherad (-918).

Tabell 10-4: Totalt og potensielt tilgjengeleg strandsoneareal på fastlandet (dekar) 2000-2022 for Vestland fylke og regionane. (Kjelde: SSB tabell 08917)

| | Alt strand-soneareal (dekar) | Potensielt tilgjengelig strandsoneareal | | | | |
|------------------------|---------------------------------|--|-------------------|----------|--------------|------|
| | | 2022 (dekar) | Endring 2000-2022 | | Andel av alt | |
| | | | Absolutt | Relativt | 2000 | 2022 |
| Vestland | 816 741 | 545 273 | -20 332 | -3,6 | 69,3 | 66,8 |
| Nordfjord og Kinn | 118 501 | 79 973 | -1 853 | -2,3 | 69,1 | 67,5 |
| Sunnfjord og Ytre Sogn | 118 297 | 84 708 | -1 841 | -2,1 | 73,2 | 71,6 |
| Indre Sogn | 63 333 | 46 204 | -618 | -1,3 | 73,9 | 73,0 |
| Nordhordland | 138 150 | 97 145 | -3 370 | -3,4 | 72,8 | 70,3 |
| Bergen | 23 255 | 6 591 | -1 146 | -14,8 | 33,3 | 28,3 |
| Midhordland | 144 850 | 90 235 | -5 679 | -5,9 | 66,2 | 62,3 |
| Voss | 36 066 | 23 988 | -391 | -1,6 | 67,6 | 66,5 |
| Indre Hardanger | 22 032 | 12 267 | -350 | -2,8 | 57,3 | 55,7 |
| Sunnhordland Aust | 71 934 | 48 018 | -1 559 | -3,1 | 68,9 | 66,8 |
| Stord | 80 323 | 56 144 | -3 525 | -5,9 | 74,3 | 69,9 |

10.4 Naturmangfold, trua naturtypar og artar

I det følgjande ser vi på noko informasjon og data om biologisk mangfold⁴⁹ i hovudsak med basis i dei nasjonale kunnskapsbankane Naturindeks og Norsk raudliste. Desse har noko statistikk på fylkesnivå, men ikkje på lågare nivå som er ei generell mangelvare i offentlege statistikkbankar.

Naturindeksen⁵⁰ måler tilstanden til det *biologiske mangfaldet* i Noreg og dessutan landsdelar og til dels fylke. Den gir oversikt over tilstanden og utvikling i biologisk mangfold for ulike økosystem. I indeksen inngår data om *bestandsutviklinga for artar, endringar i artsindeksar og indirekte indikatorar som seier noko om bestandsutviklinga til ei rekke artar*. Naturindeksen kan bidra til å setja fokus på kva økosystem, artar og område som spesielt treng tiltak for å betre forholda for biologisk mangfold.

Det biologiske mangfaldet vert påverka av ei rekke menneskeskapte aktivitetar, til dømes hausting, jakt/fiske, arealbruk, klima, forureining, framande artar osb. Naturindeksen fokuserer på bestandsendring for artar og seier noko om korleis artane reagerer på alle slike

⁴⁸Statistikken omfattar arealbruk og byggeaktivitet i 100-metersbeltet langs hovudlandets kystlinje medregnet øyer med fastlandsforbindelse (bru eller bilferje) samt rundt større elver og innsjøar. *Potensielt tilgjengelig strandsoneareal* er areal som ikke er bygningsnært, det vi si nærmere enn 50 meter frå nærmeste bygg, ikke dyrka mark, beslaglagt veg eller jernbaneareal. (kjelde:SSB).

⁴⁹ I 2022 vart det inngått ein internasjonal naturavtale som skal bidra til «å stoppe dei menneskelege øydelegginga av naturen, og teke til å rette opp igjen det som alt har gått tapt» (Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework (GBF)) der 4 mål og 23 delmål også vil forplikta Vestland fylke framover.

⁵⁰ Naturindeksen utarbeides av Miljødirektoratet og er en bærekraftindikator som brukes til å rapportere status og utvikling for nasjonale miljømål. Indikatorane brukas i nasjonalbudsjett og rapport til Konvensjonen om biologisk mangfold hvert 5. år.

påverknader samla. Indeksen speglar dermed sumverknadar av alle påverknadane på dei indikatorane som inngår i indeksen og som representerer biomangfaldet.

Når vi ser på status for utviklinga til naturindeksen for økosystema i Vestland og Rogaland fylke 1990-2010, ser vi at det biologiske mangfaldet vert svekt i 4 av 6 hovudkategoriar av økosystem (sjå tabell 10.5, under)⁵¹. Særleg sterkt er reduksjon i det biologiske mangfaldet i fjellet, ope lågland og våtmarkene i dei to fylka.

Tabell 10-5: Tilstandsverdi for hovedtypar av økosystem på Vestlandet 1990-2020 (inkluderer Vestland og Rogaland fylker). (Datakjelde: Miljødirektoratet)

| Type økosystem | 1990 | 2010 | 2020 | Utvikling 1990-2010 | Utvikling 2010-21 | Utvikling 1990-2020 |
|----------------|------|------|------|------------------------|----------------------|------------------------|
| Fjell | 0,65 | 0,56 | 0,51 | Negativ | Negativ | Negativ |
| Skog | 0,38 | 0,35 | 0,37 | Negativ | Positiv | Negativ |
| Åpent lavland | 0,51 | 0,42 | 0,41 | Negativ | Negativ | Negativ |
| Våtmark | 0,69 | 0,60 | 0,56 | Negativ | Negativ | Negativ |
| Ferskvann | 0,72 | 0,68 | 0,73 | Negativ | Positiv | Stabil |
| Kystvann | 0,67 | 0,76 | 0,73 | Positiv | Negativ | Positiv |

Norsk raudliste for naturtypar 2018 viser kva naturtypar som har risiko for å gå tapt frå Noreg. Raudlista er utarbeidd av Artsdatabanken i samarbeid med fagekspertar. Av tabell 10. 6 ser vi at i Vestland fylke er 48 naturtypar «trua» (kritisk trua, sterkt trua, sårbare) og 25 er i tillegg «nær trua». Dei som er «trua» er nær ved å forsvinne. Det er to kritisk trua naturtypar (slåttemark, og seminaturleg myr med slåttepreg) og 12 sterkt trua naturtypar (kystlynghei, strandengtypar, myrtypar m.fl.) som er kjende i fylket.

Tabell 10-6: Talet på trua naturtypar 2021 i Noreg kjende i Vestland fylke (Kjelde: Artsdatabanken)

| Naturtypar | 1.Kritisk truet | 2.Sterkt truet | 3.Sårbar | 4.Totalt truete naturtypar (1+2+3) | 5.Nær truet | 6.Totalt truete og nær turete naturtypar (4+5) |
|---------------------------------|--------------------|-------------------|----------|---|----------------|---|
| Ferskvann | | 1 | 3 | 4 | 1 | 5 |
| Fjell og berg | | 4 | 8 | 12 | 8 | 20 |
| Ellevifte, delta, meandre m.m. | | | 3 | 3 | 6 | 9 |
| Bretyper | | | 7 | 7 | 1 | 8 |
| Raviner, skredgroper | | | 1 | 1 | 2 | 3 |
| Våtmark (inkl. slåttemark m.m.) | 1 | 4 | 4 | 9 | 3 | 12 |
| Skog | | 1 | 5 | 6 | 2 | 8 |
| Semi-naturlig myr | 1 | 2 | 3 | 6 | | 6 |
| Marint dypvann | | | | | 2 | 2 |
| Totalt | 2 | 12 | 34 | 48 | 25 | 73 |

⁵¹Ein Naturindeksverdi på 0,7 betyr at indikatorane i gjennomsnitt er 70 % av referansestanden, forenkla kan ein si at bestanden av artane i gjennomsnitt er 70 % av det ein finn i natur med liten påverknad frå menneskeleg aktivitet. For kulturbetinga økosystem i ope lågland inneber ein verdi på 0,7 at i gjennomsnitt er 70 % av det ein finn økosystem med god hevd og her ofte tradisjonell slått og beite som gir gode leveforhold for blomstrar og insekt. Viss indeksverdien er høg, betyr dette ikkje nødvendigvis at trusselen mot mangfaldet er låg, men det kan vere at eventuelle negative effektar enno ikkje har vist seg, eller at ei aktiv forvaltning med mildnande tiltak har hatt god effekt. Motsett kan tiltak for å forbetra tilstanden for artane eller økosistema vera sett i gang utan at naturen har hatt tilstrekkeleg tid for å revitalisera seg sjølv. (kjelde:Miljødirektoratet)

Særleg viktige negative påverknadsfaktorar for dei mest trua naturtypane (1 og 2) er:

- Landbruk og endringar: mangel på skjøtsel i form av slått (eller kombinasjon av slått og beite), grøfting/drenering, oppdyrkning og gjengroing, næringstilsig frå nærliggande kulturmark.
- Nedbygging og drenering til bustadar, hyttebygging, industri/næringsutvikling, veg og annan infrastruktur.
- Luftforureining – frå området og kontinentet (eks. tilførsel av nitrogen og andre næringsstoff gjennom luftforureining er ein trussel mot naturtypen kystlyngheiane).
- Klimaendringar og atmosfærisk forureining (påverkar økologiske samspel og artssamsetjinga)
- Etablering av framande artar

Norsk raudliste for naturtypar er eit datagrunnlag som gir ei oversikt over *naturtypar som har risiko* for å døy ut i Noreg. Raudlista er utarbeidd av Artsdatabanken i samarbeid med fagekspertar⁵². Av tabell 10.7 ser vi at Vestland fylke har 597 artar kjende bland dei som er definerte som «trua artar» i landet og står i fare for å forsvinna. Av desse er 26 kritisk trua, 196 er sterkt trua og 375 sårbare artar. Dei fleste av dei trua artane er lav, mosar og sopp (365), insekt (103) og karplanter (70) før fuglar (35) og fisk, skaldyr og blautdyr (13) og pattedyr (7). Blant fuglane er 17 artar kritisk eller sterkt trua (m.a. hubro, myrhauk, lomvi, havhest, vipe, åkerrikse, storspove), blant fisk/skaldyr/blautdyr er 6 «kritisk» eller «sterkt» trua (m.a. storskate, brugde, blålange) og for pattedyr er 6 «kritisk» eller «sterkt» trua (m.a. fjellrev, jerv, gaupe, storflaggemus).

Tabell 10-7: Tal på trua artar 2021 i Noreg kjende i Vestland fylke (Kjelde: Artsdatabanken)

| | 1. Kritisk truede arter | 2. Sterkt truede arter | 3. Sårbare arter | 4. Totalt truede arter (1+2+3) | 5. Nær truede arter | 6. Totalt truede og nær truede arter (4+5) |
|-----------------------|-------------------------------|---------------------------|---------------------|--------------------------------------|---------------------------|---|
| Laver/moser/sopper | 14 | 115 | 235 | 364 | 232 | 596 |
| Insekter | 3 | 31 | 69 | 103 | 98 | 201 |
| Karplanter | 3 | 27 | 41 | 70 | 112 | 182 |
| Fugler | 4 | 13 | 18 | 35 | 20 | 55 |
| Fisk/skaldyr/blautdyr | 1 | 5 | 6 | 13 | 15 | 28 |
| Pattedyr | 1 | 5 | 1 | 7 | 6 | 13 |
| Alger | - | - | 5 | 5 | 5 | 10 |
| Totalt | 26 | 196 | 375 | 597 | 488 | 1085 |

Når vi òg tek med kategorien «nær trua artar» utgjer dette 488 artar kjende i Vestland, og totalen for «trua artar» og «nær trua artar» er då 1085 artar kjende i Vestland. Blant nær trua artar er mellom anna rein, hare, piggsvin, heilo, laks og håkjerring oppført. Rein vart oppført her for første gong i 2021 (sjå eigen omtale under).

Artsdatabanken publiserer også kva påverknadsfaktorar som truar artane. Av dei artane som er trua nasjonalt og kjende i Vestland er dei største negative faktorane knytt til:

⁵² Artsdatabanken (AB) er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfold. underlagde Klima- og miljødepartementet. AB ble oppretta i 2005 etter at Stortinget ønskte eit sterkare fokus på kunnskapen som skal ligge til grunn for arbeidet med naturmangfold. Frå 2018 er AB etat under Klima- og miljødepartementet, men har et fagleg uavhengige og eige styre.

- «påverknad på habitat» - dvs. for over 90 prosent av dei trua artane, og her er det landbruk (jord- og skogbruk) som har klart størst negativ effekt for flest av trua arter (flest av sopp/mose/lav, insekt og planter).
- «uregulert jakt/fangst/fiske» og «forureining» er meir negative påvirknadsfaktorar for enkelte artar (bl.a. rovdyr, fisk, sjøfugl).
- «klimaendringar» er ein aukande trussel særleg for fleire arter mosar/sopper/lav.

Villreinen spesielt. Noreg er det einaste landet i Europa som framleis har fjellområde med villrein⁵³ noko som forpliktar oss særskilt utover den store betydninga det har for økosystem og naturopplevingar i seg sjølv. I Vestland inngår delar av følgjande viktige villreinområde: Hardangervidda, Nordfjella, Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane, Setesdal Austhei og Ottadalsområde. Slik sett har Vestland eit viktig ansvar for arealforvaltninga i villreinområda saman med dei andre fylkeskommunane i området.

I Kvalitetsnorm for villrein (NINA-rapport 2022: 2126) er det gjort ei første heilskapsvurdering av dei ti nasjonale villreinområda. Av desse har 6 fått klassifiseringa «dårleg kvalitet», og 3 av desse går inn i Vestland (Hardangervidda, Nordfjella og Setesdal Ryfylke). Det går fram at i Nordfjella, Setesdal Ryfylke og Hardangervidda har viktige trekkpassasjar og arealutnyting dårlig kvalitet. Fellesnemnaren er at vegar, vasskraftutbygging og hyttebygging i kombinasjon med ferdsel i utsette område har stor negativ effekt på vandringsmoglegheitene til villreinen. Hardangervidda og Nordfjella har heller ikkje tilfredsstillande kvalitet for helse på grunn av skrantesjuke og høgt uttak av vaksen bukk. Hardangervidda har også låge kalveslaktevekter.

Innskrenking av areal, dårligare tilgang på beiteområde og sjukdom er den største trusselen mot villreinen. Leveområdet har vorte meir fragmentert bit for bit dei siste vel 100 åra som følgje av blant anna vegar, toglinjer, kraftlinjer, friluftslivsferdsel, demningar og hyttebygging. Fragmenteringa og menneskeleg ferdsel er dei viktigaste årsakene til dårlige vilkår for villrein. Viktige tiltak er å sikre villreinen trekkområde, kalvingsområde og areal for beite og dessutan tiltak mot skrantesjuke.

10.5 Vassførekomstar og tilstandar⁵⁴

Tilgang på vatn av god kvalitet er grunnleggande for alt biologisk liv og viktige økosystemtenester, menneskets levekår og aktivitetar av ulike slag. Tilgang og kvalitet på vatn vert påverka av mange typar naturgitte og menneskeskapte forhold lokalt og eksternt.

Endå vatn av god kvalitet i vassdrag, fjord og kyst er avgjeraende for at artar skal kunne leve og reproduusere seg (laks, aure, ål, torsk, elvemusling, botndyr, algar m.m.), og nok reint vatn i springen er grunnleggande for folk flest. For friluftsliv og turisme, næringsliv og offentlege tenester er nok vatn av god kvalitet heilt avgjeraende for ei rekke aktivitetar og verksemder.

Vassforskrifta⁵⁵ krev at det vert utarbeidd regionale vassforvaltningsplanar med tiltaksprogram. Målet til forvaltninga om «godt vassmiljø», som i samsvar med vassforskrifta er definert som «god økologisk og kjemisk tilstand», kan bidra til å styrke grunnlaget for

⁵³Mykke statistikk og kunnskap om utviklinga ligg i Rolandsen et.al(2022): Klassifisering av de ti nasjonale villreinområdene etter kvalitetsnorm for villrein. NINA-rapport 2126, og elles i <https://villrein.no/kvalitetsnorm/delnormtrehardangervidda/>.

⁵⁴Kapittelet er basert på data frå samordna høyringsutkast til vassforvaltningsplanar for Hordaland vassregion og Sogn og Fjordane vassregion i 2019. Desse vart slått saman til Vestland vassregion i 2020 som ny plan 2022–27 gjeld for.

⁵⁵Formålet er å sikra eit mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstar, betra vassmiljøet der det er dårlig og verna om vassmiljøet frå å bli dårligare. Planen skal vera i samsvar med plan- og bygningslova (tbl § 8-1) og utgreiingskrava fastlagt i tbl § 4-1 og 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiing (KU). Fylkeskommunen er ansvarleg styresmakt.

biologiske liv, økosystemtenester og mange brukarinteresser i fylket på lang sikt. Ei hovudutfordring er at vassystema går på tvers av kommune- og fylkesgrenser, og ei elles fragmentert forvaltning der kommunar, fylkeskommunar og ulike statlege etatar opererer med kvar sine verkemiddel av betydning for økologisk og kjemisk tilstand i vatn.

Vasstilstanden vert klassifisert og beskriven med utgangspunkt i omgrepet miljøtilstand⁵⁶. Det er eit samleomgrep som seier noko om tilstanden tillivet i vatnet (økologien) og kor mykje miljøgifter (kjemi) vatnet inneheld. «Svært god miljøtilstand» vert òg karakterisert som referansetilstanden, dvs. at det er liten eller ingen menneskeleg påverknad av vassførekomsten.

Vestland vassregion består av tidlegare Sogn og Fjordane vassregion⁵⁷ med 2283 vassførekomstar, der 503 er definert som sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) for det meste er elver og innsjøar, og tidlegare Hordaland vassregion⁵⁸ med 1805 vassførekomstar kor 369 er definerte som sterkt modifiserte (SMVF).

Økologisk tilstand og potensial. I Vestland er om lag 40-50 prosent av talet vassførekomstar av «god eller svært god økologisk tilstand», noko betre i tidlegare Sogn og Fjordane enn Hordaland (sjå figur 10.12). Det er særleg elvar som har «moderat/dårleg/svært dårlig økologisk tilstand».

Ser vi på dei sterkt modifiserte vassførekomstane (SMVF) (figur 10.13) som er førekostane med endra form og vassføring på grunn av inngrep (eks. kraftproduksjon, kanalisering, røyrlegging) og der tilstanden vert vurdert etter kor god han kan bli utan at det går vesentleg ut over samfunnsnytta av inngrepa.


I tidlegare Sogn og Fjordane er det 503 førekostar av SMVF-typen (sjå figur 10.13), og 9 prosent har godt økologisk potensial, 50 prosent moderat økologisk potensial og 44 prosent dårlig eller svært dårlig økologisk potensial. I Hordaland er det 369 vassførekomstar av SMVF-typen, og berre 4 prosent har godt økologisk potensial, 52 prosent har moderat økologisk potensial, medan 44 prosent har dårlig eller svært dårlig økologisk potensial.

⁵⁶Miljøtilstanden blir sett på ein skala frå «svært god» til «svært dårlig». «Svært god tilstand» er nær slik vatna ville vore i urørt natur. «God tilstand» kan vera ein del påverka, men ikkje meir enn at livet i vatnet fungerer som det skal. Det grunnleggjande målet i vassforvaltninga er at alt vatn skal ha *minst god tilstand*, då seier ein at bruken og påverknaden er berekraftig. Miljømål er nådd= Svært god/god økologisk tilstand+ God kjemisk tilstand. Vurdering av miljøtilstand blir gjord på bakgrunn av den best tilgjengelege informasjonen ein har.


⁵⁷Består i stor grad av areala til det tidlegare fylket pluss mindre areal i grenseområda til Hordaland, Buskerud, Oppland og Møre og Romsdal. I praksis inngår alt kystvatn frå Nordfjord til Sognefjorden og dessutan alt ferskvatn som renn ned i desse fjordane og sjøområda i mellom. Grensa for regionen går ut til ein nautisk mil utanfor grunnlinna.

⁵⁸Følgjer i hovudsak tidlegare fylkesgrense men med nokre unntak. Regionen er delt inn i fem vassområde: Nordhordland, Voss – Osterfjorden, Vest, Hardanger, Sunnhordland.

Figur 10-12: Fordeling (%) av tal for vassførekomstar etter økologisk tilstand per vasskategori (Kjelde: Vann-Nett 2019)



Figur 10-13: Oversikt over det økologiske potensialet (tilstand) i sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF), prosent fordelt etter tal per vasskategori. (Kjelde: Vann-Nett 2019)



Samla for Vestland har omlag 66 prosent SMVF-førekomstane moderat eller godt økologisk potensial, men varierande og klart svakast for elvar.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på økologisk tilstand i Vestland er i rangert rekkefølge:

- Langtransportert forureining (sur nedbør)
- Vasskraft
- Flaumvern
- Jordbruk
- Urban utvikling

Dei tre førstnemnde står for om lag 65 prosent av hovudpåverknaden av vassførekomstane i Vestland. Sur nedbør som påverknadsfaktor er likevel sterkest konsentrert til ytre og midtre delar av fylket, medan påverknad frå vasskraft er litt meir spreidd men viktigast i indre delar av fylke.

Kjemiske tilstand. Indikatorar for kjemisk tilstand bygger på utvalde miljøgifter (prioriterte stoff) og nivå, som kan utgjere ein risiko for vassmiljøet og helse. Klassifiseringa er basert på overvakingsresultat. Derfor vil prosentdelen vassførekomstar der det er sett ein kjemisk tilstand vere mindre enn for økologisk tilstand (der det i tillegg vert brukt påverknadsanalyser eller representativ overvaking). Datagrunnlaget må verte betre før ein kan trekke ein del sikre konklusjonar om tilstand og gje tilrådingar om kva tiltak som bør gjennomførast⁵⁹.

I Vestland er heile 93-94 prosent av førekomstane karakterisert med «ukjend kjemisk tilstand», medan kjemisk tilstand er kjent og vurdert for 238 vassførekomstar. Av desse hadde 138 førekomstar (58%) «god kjemisk tilstand» og 100 førekomstar (42%) «dårleg kjemisk tilstand».

Sjølv om kunnskapsgrunnlaget⁶⁰ har vorte noko betre er det framleis lågt med unntak for fjord-armane ved dei store industristadene. I store kystvassområde er det no enkelte spreidde målingar, mot svært få eller ingen tidlegare. Biologiske prøver av fisk og skaldyr har ført til kosthaldsråd i Byfjorden utanfor Bergen, i Sørfjorden i Hardanger og i Sognefjorden og dessutan langs kysten, for visse artar av fisk og skaldyr. Det har også vist seg at stor fjellfisk over rundt 1 kilo har høgt innhald av kvikksølv frå nedbør. Det er også påvist høge verdiar av DDT i botnsediment i Sørfjorden i Hardanger, som truleg stammar frå tidlegare tiders fruktdyrking med bruk av sprøytemiddel. Indre delar av Sognefjorden har òg fått statusen därleg kjemisk tilstand.

Kjeldene til miljøgifter er mange. Nokon er lokale, medan andre kjem langvegs frå, via luft, nedbør eller kyststraumar. Kjeldene til fleire er òg ukjende geografisk. Lokale kjelder er mellom anna gamle avfallsplassar, forureina grunn, utslepp frå industri, oppdrettsanlegg, byar og tettstadar, transport osb.

10.6 Kort oppsummering

Vestland har høge totale *klimagassutslepp* og godt over nasjonalt gjennomsnittet per innbyggjar. Dette kjem mellom anna av særskilde næringsstrukturelle og geografiske forhold

⁵⁹«Kunnskapsgrunnlaget om miljøgifter vorte betra, men er framleis vurdert til å vere lågt med unntak av fjordarmane som ligg ved dei store industriplassane i fylket. I store kystvassførekomstar er det no enkelte spreidde målingar mot svært få eller ingen tidlegare». (kjelde: Vassforvalningsplanar for Hordaland vassregion og Sogn og Fjordane vassregion i 2019).

⁶⁰ Kjelder her er «Samen for vatnet» - Hovudutfordringar, Vassregionutvalet i Hordaland 2019, og «Saman for vatnet» Hovudutfordringar, Vassregionutvalet i Sogn og Fjordane 2019.

ved fylket med eit større innslag av petro- og metallindustriar og dessutan sjøfart enn landet elles. Samla utslepp i fylket nådde ein førebels topp rundt 2011-12 før noko nedgang til 2019, men sidan har samla utslepp vekse fram til 2021. Auken 2019-21 skuldast auka utslepp frå industri (inkl. olja/gass fastlandet) og energiforsyning.

I fylket er store areal/bygde ned dei seinare åra (+46 kvadratkilometer, +8,5% 2009-22) til veg og annan infrastruktur, bustadar og hytter, idretts- og aktivitetsområde. Open fastmark, våtmark og høgfjell er bygd ned eller redusert på annan måte. Kva slags bygde og ubygde areal som aukar og minkar varierer mellom regionane avhengig av sentralitet og områdeeigenskapar.

Potensielt tilgjengelege strandsoneareal har også vorte sterkt reduserte med 20 332 dekar (2000-22). Tilgjengeleg strandsone vert redusert i alle kommunane i fylket, men det er store forskjellar mellom kommunane. Klart størst absolutt og relativ reduksjon har Bergen kommune og regionane Midthordland og Stord.

Av 6 større hovudkategoriar av økosystem i Vestland og Rogaland har 4 hatt ei klart negativ utvikling i tilstand dei siste 30 åra. Særleg negativ utvikling har det vore for økosistema, fjell, ope lågland og våtmarker. Noko av dette vert meir detaljert speglia i norsk kunnskapsbank for naturmangfold (artsdatabanken). Der kjem det fram at naturmangfaldet i Vestland er under press. Det er 48 naturtypar som er «trua» (kritisk trua, sterkt trua, sårbare) og 25 er i tillegg «nær trua». Dei som er «trua» står i fare for å forsvinne. Det er to kritisk trua naturtypar (slåttemark og seminaturleg myr med slåttepreg) og 12 sterkt trua naturtypar (kystlynghei, strandengtypar, myrtypar m.fl.) som er kjende i fylket. Fylket har 597 av landets trua artar som står i fare for å forsvinne, av desse er 26 kritisk trua, 196 er sterkt trua og 375 sårbare artar. Desse vert trua av habitatpåverknad (landbruk, arealnedbygging), og noko uregulert jakt/fangst/fiske, forureining og klimaendringar.

For *vasstilstand* viser klassifiseringar at 21 prosent av vassførekomstane i fylket er sterkt modifiserte vassførekomstar, og 44 prosent av desse igjen har svært dårlig/dårlig økologisk potensial. Av undersøkte vassførekomstar for kjemisk tilstand hadde 42 prosent «dårlig kjemisk tilstand». Kartlegginga og overvakinga er sterkt avgrensa og av den grunn er også kunnskapen på feltet mangelfull.

Vestland har elles ein naturgeografi, vær- og klimaforhold, som gjer mykje av fylket utsett for naturfarar og -skadar knytt til skred og flaumar. Risikoene for slike hendingar aukar med klimaendringane. Storm er årsak til størsteparten av naturskadane målt i erstatningsbeløp. Mange område er utsette for flaumfarar, og om lag 20 000 bygg ligg i potensielt flaumfarlege område. Fylket er elles særleg utsett for mange skred. Klart flest av skreda går i indre delar av fylket. Klimaprofilane viser særskilde utfordringar som kan påverke samfunnstryggleik i Vestland fylke. I klimaprofilane vert omtalt forventa klimaendringar med stort auka middeltemperatur og auka nedbør, som for fylket sannsynlegvis fører til fleire episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst, meir overvatn, fleire og større regnflaumar, auka fare for flaum-, sørpe-, jord- og steinskred, og auka stormflodnivå.

11 Geografiske mønstre og utviklingstrekk

I dette kapittelet lyssett vi nokre geografiske mønstre, variasjonar og fellestrekke på tvers av enkelte sentrale tema som er omtala kvar for seg så langt i rapporten, men som her vert knytt saman innanfor ei noko meir heilskapleg ramme.

11.1 En mosaikk av regionar med fellestrekke og ulikheiter i føresetningar og utvikling

I rapporten har vi mest brukt fylkets 10 økonomiske regionar (SSB) som inndelingsprinsipp og einingar for analyse. Dette er en blanding av funksjonelle og administrative regionar som i Vestland består av 2-6 kommunar kvar med unntak for den største region som i samsvar med denne inndelinga berre består av en (storby-) kommune (dvs. Bergen kommune). Dei 10 regionane har store ulikheiter i sentralitetar, folketal, næringsstrukturar, tenester og fleire utviklingstrekk, sjølv om ein del av dei også har viktige likskapar i strukturar og en del utviklingstrekk.

Folketal og arbeidsplassar. Regionane har store skilnadar i deira folketal, befolknings- og næringsstrukturar, som gir dem svært ulike føresetningar for vekst. Storleiken varierer frå 12.000 til 110.000 innbyggjarar (2022) om ein ser bort frå Bergen som er i ei spesiell klasse for seg med sine 287.000 innbyggjarar. Bergen som funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregion (TØI) integrerer mykje av dei økonomiske regionane: Midhordland (110.000 innb.) og Nordhordland (37.000 innb.). Den funksjonelle Bergen storbyregion har 392.000 innbyggjarar, tilsvarende 61 prosent av innbyggjarane i fylket.

Befolkningsstrukturane er generelt slik at aldringa aukar med regionanes og kommunanes fallande sentralitetar og innbyggjartal, men med nokon viktige nyanser. Nærings- og sektorstrukturane i regionane varierer også mykje men her følger viktige variasjonar ikkje sentralitetar eller folketal. Delen av arbeidsplassar i tenesteyting aukar rett nok stort sett generelt med regionanes aukande sentralitetar og innbyggjartal. Men samansetjing av det som er deira basisnæringer varierer derimot mykje mellom regionane uavhengig av deira sentralitetar og innbyggjartal. Regionane er her oftast spesialiserte i ulike bransjar og verdikjeder som er vekse fram historisk forankra i særskilte ressursar og konkurransefortrinn i området. Viktige regionale variasjonar er her knytt til ulike innslag og grader av spesialiseringar innafor fleire kystnæringer (sjømat, maritim, olje og gass), kraftkrevjande industriar, landbruksnæringer, besøksnæringer, forretningstenester og statleg tenesteyting. Disse skilnadene bidrar en del til regionanes ulike sær preg og mosaikk av ulike regionar.

Regionanes betydelege skilnadar i befolknings- og næringsstrukturane forklarer også noko av deira ulike demografiske, økonomiske og til dels sosiale utvikling de siste tiåra. Folketals- og arbeidsplassutviklinga har variert mykje mellom regionane. Med fokus på de siste sju åra (2015-22) har utviklinga i folketal variert frå pluss 8 prosent (Midhordland) til minus 5 prosent (Indre Hardanger) (tabell 11.1). Det er 8 av 10 regionar som har hatt folketalsvekst og berre 2 regionar nedgang. Det er likevel 19 kommunar av fylkets 43 kommunar som har hatt nedgang i same periode. Nedgangen har kome i små kommunar med låg sentralitet, og deira nedgang skriv seg frå både fødselsunderskot (mest av aldrande befolkning) og negative innanlandske flyttebalansar.

Utviklinga i arbeidsplassar (som er sysselsette) varierer også mykje mellom regionane de siste sju åra (2015-22 – se tabell 11.1). Alle regionane har hatt noko vekst, men spennvitta er betydeleg frå pluss 8,9 prosent (Bergen) til 1,4 prosent (Stord). Her er variasjonane endå større på kommunenivå (frå pluss 11 til minus 24 prosent). Det finst både vekst- og

Tabell 11-1: Folketal og arbeidsplassar i regionane 2015-22, Vestland fylke. (Datakjelde: SSB)

| | | | Folketal | | | Arbeidsplasser sysselsatte | | |
|---------------------------------|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------------------|----------------|----------------|
| | | | Antall 2022 | Abs 2015-22 | Rel 2015-22 | Antall 2022 | Abs 2015-22 | Rel 2015-22 |
| Landet | | | 5 425 270 | 259 468 | 5,0 | 2 818 174 | 221 110 | 8,5 |
| Vestlandet | | | 641 292 | 21 986 | 3,6 | 328 066 | 20 108 | 6,5 |
| 1 Nordfjord og Kinn | | 43 261 | -218 | -0,5 | | 20 954 | 311 | 1,5 |
| 1.Kinn | | 17 131 | -813 | -4,5 | | 8 523 | -77 | -0,9 |
| 2.Stad | | 9 527 | 788 | 9,0 | | 4 311 | 319 | 8,0 |
| 3.Stryn | | 7 207 | 52 | 0,7 | | 3 835 | 55 | 1,5 |
| 4.Gloppen | | 5 875 | 124 | 2,2 | | 2 817 | 109 | 4,0 |
| 5.Bremanger | | 3 521 | -369 | -9,5 | | 1 468 | -95 | -6,1 |
| 2 Sunnfjord og Ytre Sogn | | 33 991 | 222 | 0,7 | | 17 655 | 564 | 3,3 |
| 1.Sunnfjord | | 22 116 | 552 | 2,6 | | 12 618 | 628 | 5,2 |
| 2.Høyanger | | 3 965 | -204 | -4,9 | | 1 663 | 23 | 1,4 |
| 3.Askvoll | | 2 951 | -57 | -1,9 | | 1 109 | -11 | -1,0 |
| 4.Fjaler | | 2 901 | 78 | 2,8 | | 1 365 | 97 | 7,6 |
| 5.Hyllestad | | 1 290 | -115 | -8,2 | | 543 | -171 | -23,9 |
| 6.Solund | | 768 | -32 | -4,0 | | 357 | -2 | -0,6 |
| 3 Indre Sogn | | 28 990 | 624 | 2,2 | | 15 175 | 599 | 4,1 |
| 1.Sogndal | | 12 097 | 840 | 7,5 | | 7 252 | 534 | 7,9 |
| 2.Ardal | | 5 204 | -225 | -4,1 | | 2 511 | -178 | -6,6 |
| 3.Luster | | 5 246 | 128 | 2,5 | | 2 224 | 223 | 11,1 |
| 4.Vik | | 2 560 | -118 | -4,4 | | 1 197 | -73 | -5,7 |
| 5.Lærdal | | 2 117 | -29 | -1,4 | | 1 044 | -14 | -1,3 |
| 6.Aurland | | 1 766 | 28 | 1,6 | | 947 | 107 | 12,7 |
| 4 Nordhordland | | 37 221 | 1 233 | 3,4 | | 14 559 | 816 | 5,9 |
| 1.Alver | | 29 593 | 1 441 | 5,1 | | 11 190 | 827 | 8,0 |
| 2.Austrheim | | 2 889 | 33 | 1,2 | | 1 121 | 56 | 5,3 |
| 3.Gulen | | 2 230 | -105 | -4,5 | | 1 261 | 4 | 0,3 |
| 4.Masfjorden | | 1 629 | -75 | -4,4 | | 600 | -4 | -0,7 |
| 5.Fedje | | 502 | -61 | -10,8 | | 194 | -33 | -14,5 |
| 6.Modalen | | 378 | 0 | 0,0 | | 193 | -34 | -15,0 |
| 5 Bergen | | 286 930 | 11 818 | 4,3 | | 176 321 | 14 338 | 8,9 |
| 6 Midthordland | | 109 976 | 7 974 | 7,8 | | 38 792 | 2 507 | 6,9 |
| 1.Øygarden | | 39 032 | 3 120 | 8,7 | | 14 805 | -70 | -0,5 |
| 2.Askøy | | 29 816 | 1 958 | 7,0 | | 8 720 | 1 091 | 14,3 |
| 3.Bjørnafjorden | | 25 213 | 2 278 | 9,9 | | 8 852 | 1 142 | 14,8 |
| 4.Osterøy | | 8 131 | 289 | 3,7 | | 2 917 | 220 | 8,2 |
| 5.Austevoll | | 5 283 | 271 | 5,4 | | 2 946 | 158 | 5,7 |
| 6.Samnanger | | 2 501 | 58 | 2,4 | | 552 | -34 | -5,8 |
| 7 Voss | | 29 290 | 280 | 1,0 | | 12 896 | 256 | 2,0 |
| 1.Voss | | 15 875 | 607 | 4,0 | | 7 628 | 352 | 4,8 |
| 2.Kvam | | 8 497 | -42 | -0,5 | | 3 718 | 57 | 1,6 |
| 3.Vaksdal | | 3 867 | -229 | -5,6 | | 1 172 | -94 | -7,4 |
| 4.Ulvik | | 1 051 | -56 | -5,1 | | 378 | -59 | -13,5 |
| 8 Indre Hardanger | | 11 818 | -595 | -4,8 | | 5 823 | 263 | 4,7 |
| 1.Ullensvang | | 10 881 | -582 | -5,1 | | 5 419 | 261 | 5,1 |
| 2.Eidfjord | | 937 | -13 | -1,4 | | 404 | 2 | 0,5 |
| 9 Sunnhordland Aust | | 19 943 | -176 | -0,9 | | 8 575 | 209 | 2,5 |
| 1.Kvinnherad | | 13 017 | -217 | -1,6 | | 5 712 | 157 | 2,8 |
| 2.Etne | | 4 043 | -60 | -1,5 | | 1 627 | -56 | -3,3 |
| 3.Tysnes | | 2 883 | 101 | 3,6 | | 1 236 | 108 | 9,6 |
| 10 Stord | | 39 872 | 824 | 2,1 | | 17 316 | 245 | 1,4 |
| 1.Stord | | 18 919 | 234 | 1,3 | | 9 808 | 153 | 1,6 |
| 2.Bømlo | | 12 061 | 300 | 2,6 | | 4 938 | 243 | 5,2 |
| 3.Sveio | | 5 775 | 266 | 4,8 | | 1 485 | -32 | -2,1 |
| 4.Fitjar | | 3 117 | 24 | 0,8 | | 1 085 | -119 | -9,9 |

nedgangskommunar målt i arbeidsplassar innanfor alle regionane (sett bort frå Bergen som er eigen SSB-region). Den ujamne utviklinga i arbeidsplassar på regions- og kommunenivå kan primært forklarast med:

- deira ulike nærings- og sektorstrukturar, dvs. samansetjing av ulike bransjar som generelt har hatt vekst eller nedgang i sysselsetjinga nasjonalt
- spesielle regionale senterfunksjonar, t.d. knytt til besøksnæringer, statlege tenesteyting m.m.
- ulik befolkningsutvikling, som i seg sjølv påverkar arbeidsplassutviklinga via etterspurnad etter varer, tenester og service.

Generelt vil det på aggregerte nivå (landet, fylke og regionar) over tid som regel vere ein samanheng mellom utviklinga i innbyggjartalet og talet på arbeidsplassar og sysselsette. I større byregionar har ein som regel kumulative og gjensidig forsterkande vekstprosessar i folketal, arbeidsplassar og sysselsette. Dette gir større byregionar ofte vekst fordeler, og har i faglitteraturen gjerne blitt forklart med agglomerasjonsøkonomi og veksteffektar kombinert med tiltrekkskraft som tilfører på mykje folk, bedrifter og kapital utanfrå.

I mindre byregionar og spreidd budde regionar vil utviklinga i innbyggjartal og arbeidsplassar også kunne forsterke kvarandre, anten det gjeld vekst eller nedgang. Samtidig er ikkje alltid desse mekanismane like eintydige. Befolkningsstrukturar og utviklinga påverkar i seg sjølv etterspurnad etter varer og tenester, dermed også utviklinga av arbeidsplassar særleg innan tenesteyting i eit område. Det er likevel ikkje slik at vekst i talet på arbeidsplassar automatisk bidreg til gunstigare befolkningsutvikling (t.d. mindre utflytting/auka innflytting) eller meir robuste strukturar (t.d. yngre befolkning og fødselsoverskot). Utviklinga i basisnæringane til regionane og moglege ringverknader til avleidd verksemd i området,⁶¹ har i utgangspunktet betydning for arbeidsplassutviklinga og etterspurnaden av arbeidskraft. Dersom tilbodne arbeidsplassar ikkje vert oppfatta som attraktive nok blant unge vaksne lokalt og/eller blant potensielle innflyttarar, og området elles har noko svak bustadattraktivitet, hjelper det lite med vekst i slike arbeidsplassar for ei meir robust befolkningsutvikling. Det er slik sett ikkje nokon automatisk samanheng mellom netto tilgang på fleire arbeidsplassar, betre flyttebalanse og meir livskraftig befolkningsstrukturar.


I det følgande ser vi litt nærmare på utviklinga både i folketal og arbeidsplassar over en lengre tidsperiode for kommunane og regionane i fylket (sjå figur 11.1).

Den delen av fylket med høgast sentralitet har også vakse mest i folketal og arbeidsplassar. Mange av kommunane i området inngår i bu- og arbeidsmarknadsregionen til Bergen. Her er veksten driven av gjensidig forsterkande prosessar knytt til ein stor, variert arbeidsmarknad med fleire vekstsektorar (helse og sosialtenester, olje- og gasstenester, kunnskapsintensive bedriftstenester, oppleveligar, offentleg administrasjon og universitets- og høgskulesektor). Samtidig har regionen høg nettoinnflytting og høgt fødselsoverskot.

Resten av regionane i fylket har svakare vekst i folketal og arbeidsplassar, men ofte klart betre vekst i senterkommunane enn i omlandskommunane. Desse distriktsregionane har hatt noko befolkningsvekst, primært på grunn av innvandring. Saman med eit lite fødselsoverskot, har dei derfor meir enn kompensert for eit stort til flyttetap til fylket og landet elles. Vidare har dei gjennomgåande hatt noko vekst i arbeidsplassar innan helse- og sosialtenester, men elles sterkt varierande tilvekst i enkelte vekstnæringer (sjømat, bygg/anlegg, opplevelig, kunnskapsintensive bedriftstenester, m.m.).

⁶¹I dei fleste regionar i fylket er det likevel ein realitet at arbeidskraftbehovet i fleire tidlegare store basisnæringer er på veg ned (landbruk, enkelte industribransjar), men vore noko aukande i enkelte andre basisnæringer (sjømat, metallindustri, reiseliv) forutan fleire lokale/regionale næringer (bygg/anlegg, helse/sosial).

Figur 11-1: Folketals- og arbeidsplassutvikling i kommunane (øvst) og regionane (nedst) i Vestland 2008-21. (Datakjelde:SSB)



Eit par av distriktsregionane (Indre Hardanger, Sunnhordland Aust) har likevel hatt ei klart svakare utvikling enn alle dei andre regionane i fylket. Her har fødselsunderskot og høg utflytting (større enn innvandringa) gitt befolkningsnedgang kombinert med redusert (netto-)

tilgang på arbeidsplassar, som kjem av reduksjonar i store næringer lokalt (kraftkrevjande industri, landbruk/foredling, handel). Det høyrer med til biletet her at begge dei to sistnemnde regionane har gått frå å ha klar nedgang i talet på arbeidsplassar 2008-15 (og 2008-21) til ein klar vekst i 2015-22. Dette har likevel ikkje gitt seg utteljing i auka innbyggjartal i perioden (sjå figur v5 i vedlegg).

Utviklinga på kommunenivå har naturleg nok endå større variasjonar enn regionane (sjå figur 11.1). Av dei sterkeste vekstkommunane er det fleire sentrale kommunar i Bergens bu- og arbeidsmarknadsregion. I tillegg ligg Sogndal kommune høgt oppe, mykje styrkte av rolla som regionssenter i Indre Sogn, med store innslag av statlege og fylkeskommunale verksemder. Sveio kommune ligg òg høgt og er integrert i Haugesund bu- og arbeidsmarknadsregion. Kommunane med svakast utvikling er gjennomgåande dei små med låg sentralitet. Ei gruppe består av kommunar med store kraftkrevjande industriar (Høyanger, Årdal og Bremanger). Andre er meir landbruksespesialiserte kommunar (Ulvik og Vik), og dessutan enkelte mindre kommunar med meir blanda næringsbasar (Vaksdal, Hyllestad, Lærdal og Fedje).

I det følgande skal vi så ta fram nokon andre eigeskaper ved regionane som statistikken visar, slik som nokon trekk ved deira arbeidsmarknad, utanforskap og miljø.

Regionanes tilgang på menneskelege ressursar og deira såkalla «forsørgarbyrde» påverkas av utviklinga i *arbeidsstyrken*. Delen av befolkninga som inngår i arbeidsstyrken har vert fallande i alle regionane unntake i Bergen. Lågast del og størst nedgang er det i nokon av distriktsregionane (t.d. Sunnhordland Aust, Voss og Indre Hardanger) og elles særleg i fleira av fylkets små og lite sentrale kommunar der «eldrebølgja» også slår sterkest inn. På kommunenivå er det ein ganske klar sentralitets-dimensjon i mønsteret, men ikkje like klart slikt mønster mellom regionene.

Over tid har *arbeidsløysa* i alle regionane vore klart høgast for unge vaksne. For desse og totalt har arbeidsløysa vore fallande dei siste 6-7 åra i alle regionane (bortsett frå i 2020 som følge av korona). Regionane med *høgast registrert arbeidsløyse* over tid er de mest sentrale regionane (Bergen pluss fleire sentrale kommunar i Midt- og Nordhordland) og til dels i delar av fylket i sør (særleg region Stord der Bømlo kommune ligger høgast, og region Sunnhordland Aust der Kvinnherad kommune ligger høgast).

Høg arbeidsløyse i sentrale område kan synast som eit lite paradoks, gitt at dette er regionane med sterkest vekst i arbeidsplassar og sysselsetjing. Omvendt er delen registrerte ledige i de fleste mindre i distriktsregionane og dei meir einsidige industrikommunane, som gjennomgåande har hatt svakare tilvekst av arbeidsplassar og sysselsette enn sentrale strøk. Dette kjem sannsynlegvis av at arbeidsledige i distriktsregionane oftare flyttar ut til sentrale strøk med større arbeidsmarknad, enn det som skjer den omvende vegen. En annan forklaring kan vere at fleire av dei som blir ledige i distrikta raskare går ut av arbeidsstyrken eller over på annan stønad, enn tilfelle er for ledige i sentrale strøk.

Dei fleste regionane har dei seinare ára hatt mykje udekte arbeidskraft- og kompetansebehov i privat og offentleg sektor. Det er framleis store udekte slike behov i mye av fylket innan helse- og sosialtenester, bygg og anlegg, utdanning, metall og maskin, teknikk og ingeniør, kunde-service og kontor m.m., og der ein hovuddel av stillingane har lågare og mellomliggende utdanningsnivå som høgaste formelle utdanningskrav. Det er òg stor etterspurnad etter arbeidskraft til yrke utan utdanningskrav. Den låge arbeidsløysa forsterkar utfordringane med mangel på mange typar arbeidskraft og kompetanse til etablerte og nye næringer og tenester i store delar av fylket og i dei fleste regionane. Fylket og alle regionane har samtidig eit ganske sterkt kjønnsdelt arbeidsliv og -marknad, litt meir i distriktsregionane enn sentralt som i Bergen (kommune). Det kan bidra til å føre vidare tradisjonelle

utdannings- og yrkesval, redusere arbeidskrafttilgang til ein del tenester og næringer, og til dels svekke bustadattraktivitet for ein del i distrikta.

Når det gjeld personar i *utanforskap* (utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak) i perioden 2015-21), er delen klart høgare for innvandrarar enn befolkninga elles (16-61 år) i fylket og i alle regionane og kommunane. På fylkesnivå er delen unge innvandrarar (16-29 år) i utanforskap høgast, og høgare enn landssnittet. Det er nokon regionale variasjonar i nivået på utanforskapen, men det følgjer ikkje noko heilt eintydig sentralitetsmønster. Den klart høgaste delen utanforskap blant unge innvandrarar er det over tid i regionen Sunnfjord/Ytre Sogn, deretter følgjer Bergen (kommune) på eit lågare men relativt høgt stabilt nivå av utanforskap. Årsaka til slike regionale forskjellar er ikkje analysert, men det kan antakeleg komme av fleire ting, slik som ulik innvandringshistorikk (arbeidsinnvandrarar, flyktningar) og ulike lokale kontekstar (typar arbeidsliv og -marknad, integrasjonsarbeid m.m.).

Sjølv om delen i *utanforskap* er høgast blant innvandrarar, er talet i utanforskap høgare i befolkninga elles (høvesvis 7.355 og 34.611 personar). For delen i utanforskap totalt sett for heile befolkninga, er nivået for regionane ganske ulikt. Her ser vi eit visst sentralitetsmønster. Sentrale regionar og kommunar (Bergen, Midthordland) er klart høgast over tid og over fylkessnittet. Distriktsregionar, særleg Indre Sogn, Sunnfjord /Ytre Sogn og Nordfjord/Kinn, har likevel mykje lågare del i utanforskap, godt under fylkes- og landssnittet. Distriktsregionane i gamle Sogn og Fjordane ligg her altså klart betre an enn sentrale kommunar og regionar i tidlegare Hordaland fylke. Delen personar i utanforskap har halde seg på same nivå eller gått litt ned for regionane i fylket dei siste 6-7 åra.

Delen personar i *vedvarande låginntektshushald* (VLH) varierer også geografisk. Kommunar med den høgaste delen er forutan Bergen (særleg bydelane Årstad og Bergenhus) også distriktskommunar, slik som Solund, Ulvik, Vaksdal, Hyllestad, Fjaler, Bremanger og Gloppen. Med andre ord inngår både sentrums- og distriktskommunar i eit litt usystematisk mønster her. Utvikling har gått klart i retning av auka del VLH dei siste ti åra, både for barn/ungdom og vaksne i dei fleste regionane og kommunane (som andre fylke og landet elles).

Delen *uføre* personar i Vestland varierer mykje blant regionane. Høgast del har Stord og Sunnhordland Aust, som ligg betydeleg over fylkesnivået. Bergen og Indre Sogn ligg mykje lågare og godt under fylkes- og landsnivåa. Årsakene til desse geografiske variasjonane er ikkje analyserte, men er mest nærliggande å knyte dette til ulike aldersstrukturar, arbeidsliv, omstillingar og arbeidsmarknader i regionane. Delen uføre personar aukar (i perioden 2014-2020) i alle regionane (som i landet elles). Ein særskild auke ser ein for gruppa unge vaksne. Dette er generelt eit nasjonalt fenomen.

Forventa levealder varierer også betydeleg mellom regionane og kommunane, sjølv om nivået for fylket ligg over nivået på landsbasis. Klart lågast forventa levealder (og under lands- og fylkessnittet) har menn i ein del av landbruks- og industrikkommunane i fylket (Høyanger, Aurland, Austerheim, Vaksdal, Ullensvang, Eidfjord og Årdal), og dessutan tre bydelar i Bergen kommune (Årstad, Bergenhus og Laksevåg). Med andre ord er det ikkje noko klart sentralitetsmønster, utover at ein har lommer både sentralt og i distrikta som skårar lågast. Årsakene til dette geografiske mønsteret er ikkje nærmere analysert.

Klimagassutsleppa, både absolutt og per innbyggjar, varierer stort mellom regionane. Hovudårsaka er ulike føretaks- og næringsstrukturar i regionane. Utsleppa er høgast der det er større petro- og metallindustrielle verksemder, energiproduksjon og mykje sjøfart. Dei samla utsleppa i fylket har begynt å auke igjen frå 2018/19 og fram til seinare år. Utsleppsfordelinga mellom regionane har desse åra òg endra seg noko, etter ein lengre

stabil periode. Utsleppa dei seinare åra har særleg auka frå Nordhordland og Sunnfjord Aust, særleg frå verksemidene på Mongstad og Husnes.

Regionane og kommunane i fylket har varierte arealressursar og -typar. Det er snakk om ein tydeleg gradient mellom regionane i høvesvis indre og ytre del av fylket, og noka grad mellom regionane nord og sør i fylket. Arealressursane og arealbruken har danna eit viktig grunnlag for ulik verdiskaping og næringsspesialisering til mange av regionane. Dei representerer også heilt sentrale delar av regionanes og fylkets økosystem og habitat for artsmangfald av mange ulike typar. Over det siste tiåret har det likevel vore ei klar *arealnedbygging* (til bustadar, hytter, transport, teknisk infrastruktur, idretts- og sportsanlegg, og dessutan uklassifisert busetnad) i fylket og i alle regionane. Kva slags areal som har gått tapt til kva formål varierer ein del med kommunars og regionars sentralitet. Alle regionane, og særleg kystkommunane sentralt i fylket, har hatt ei kraftig nedbygging av tilgjengelege areal i strandsona. Utover dette manglar det ein del miljø- og naturdata på kommunenivå, og dermed også moglegheiter for å aggregere til regionsnivå på ein god måte.

11.2 Andre geografiske mønster

I rapporten er ulike samfunnstema mest belyst med utgangspunkt i dei økonomiske regionane (SSB) og til dels kommunane som geografiske einingar. No har SSB definert sentralitetsindeksar for alle kommunar, men ikkje for dei økonomiske regionane. Dei økonomiske regionane, som er ei blanding av funksjonelle og administrative einingar, består som oftast (utanom storbykommunane) av fleire kommunar som igjen har litt ulik sentralitet etter SSBs sentralitetsindeks. Men ein av kommunane i dei økonomiske regionane har som regel klart høgare sentralitet enn dei andre kommunane og fungerer ofte som ein senterkommune med største tettstad, høyest folketall og fleire tenestefunksjonar også for andre kommunar i regionen. Om ein tek utgangspunkt senterkommunanes sentralitetsindeks får ein fram eit visst hierarki av sentralitetar også mellom dei økonomiske regionane. I rapporten har vi òg ofte brukt omgrepet dei mest sentrale regionane (Bergen, Midtjylland, Nordhordland) i kontrast til dei mindre sentrale regionane (dei 7 andre regionane), sjølv om den sistnevnte gruppen består av regioner både med middels sentralitet (eks. Voss, Sunnfjord og Indre Sogn) og lav sentralitet (eks. Indre Hardanger, Kinn/Nordfjord).

Til slutt her kan vi setje opp ei forenkla samanfatning av kva slags geografiske hovudmønster som kjenneteiknar nokre av nøkkeltemaa som er omtalte i rapporten. Med geografiske hovudmønster siktar ein her til å skilje ut kva som tendensielt synest å ha ganske tydelege sentralitetsdimensjoner kontra andre typar geografiske mønster.

Eigenskapar knytte til strukturar og ein del endrings-komponentar knytte til tema som demografi, arbeidsplassar, arbeidsløyse og utanforskap i befolkninga (utanfor arbeid, utdanning og tiltak) har ein differensiering som ganske systematisk synest følgje ein viss sentralitetsdimensjon (både mellom regionar, mellom kommunar innanfor regionane, og alle kommunane fylket i stort), og sjølv om ein vil finne nokon få unntak i dette mønsteret. Et slik mønster etter sentralitetar finn vi likevel ikkje når en slike tema som utanforskap blant unge innvandrarar, del personar i låginntektshushald og uføre. Her er det geografiske mønsteret uregelmessig og utan nokon sentralitetsdimensjon. På mykje av miljøfeltet er det mangel på data på lågt geografisk nivå, slik at der har vi ikkje føresetnadar for å seia så mykje, men når det gjeld areal er det ein viss sentralitets-dimensjon når det gjeld variasjonar i kva slags nedbygging til kva formål. Når det gjeld direkte klimagassutslepp totalt er det ikkje nokon klar sentralitetsdimensjon, men når det gjeld utslepp per innbyggjar har den mest sentrale regionen (Bergen) klart lågaste utslepp både totalt og for dei fleste sektorar når man samanliknar med regionane elles. Dei stor forskjellane mellom regionane er elles særleg

knytt til deira svært ulike utsleppsvolum frå industri. Dette igjen er skulda industriens usystematiske lokaliseringsmønstre med nokon store punktutslep i enkelte sentrale regionar (eks. Midthordaland) og fleire mindre sentrale regionar (eks. Indre Hardanger, SunnhordalandAust).

Tabell 11-2: Forenkla framstilling av nokre nøkkeltema og indikatorars geografiske profilar

| Tematikk - egenskaper | Sentralitets-dimensjoner | Andre geografiske mønstre og differensieringer |
|---|--|---|
| Folketallsutvikling (rel. og abs. vekst) | X (øker med sentralitet) | |
| Arbeidsplassutvikling (rel. og abs. vekst) | X (øker med sentralitet) | |
| Arbeidsledighet (prosent andel over tid) | X (øker med sentralitet) | |
| Utenforskap 1 (andel i befolkningen totalt) | X (øker med sentralitet) | |
| Utenforskap 2 (andel i ung innvandrerebefolkning) | | X (høyest andeler i både i enkelte sentrale og mindre sentrale kommuner/regioner) |
| Andel i lavinntekt | | X (høyeste andeler i bydeler i Bergen pluss enkelte mindre sentrale kommuner og regioner) |
| Andel uføre | | X (høyest andel i enkelte middels sentrale regioner med mye industri, landbruk) |
| Levealder | | X (lavest levealder i enkelte bydeler i Bergen og enkelte mindre sentrale kommuner) |
| Klimagassutslipp (totalt og per innbygger) | | X (høyest nivå i enkelte sentrale og mindre sentrale både kommuner og regioner) |
| Arealbruk og nedbygging | X (type arealer og nedbyggingsformål varierer noe med) | (x) |

12 Oppsummering og konklusjonar

Rapporten klargjer nokre sentrale eigenskapar ved samfunnsutviklinga i Vestland fylke og regionane gjennom dei seinare åra. I dei førre kapitla har ulike tema og aspekt av samfunnsutviklinga vorte omtalt knytt til busetjingsmønster, demografi, utdanning, arbeidsmarknad, næringsliv, offentleg sektor, sosiale og kulturelle forhold og dessutan enkelte levekårs- og miljøaspekt. Variasjonane og fellestrekka til regionane er klargjort gjennomgåande for dei nemnde temaane der datagrunnlag har vore tilgjengeleg på kommunenivå. I dette siste kapittelet klargjer vi variasjonane og fellestrekka til regionane for nokre relaterte hovudtema samla.

Hovudperspektivet i rapporten på regional utvikling og variasjon set fokuset mest på strukturar, dynamikk, endringsprosessar og samspeleffektar knytt til demografi, næringsliv, offentleg sektor og arbeidsmarknad. Her ligg òg nokre av forklaringsfaktorane til geografisk differensiert økonomisk og sosial utvikling mellom regionar og kommunar i fylket. Det regionale nivået som gjennomgåande er brukt som eininga i rapporten er dei 10 økonomiske regionane i fylket (SSB). Her har vi også i ein viss grad klargjort eigenskapar til kommunar og kommunale variasjonar internt i desse regionane. I det følgjande vert nokre hovudmoment samanfatta og konklusjonar presenterte.

Busetjingsmønsteret

Vestland fylke har eit busetjingsmønster med ein markant storbyregion (62% av innbyggjarane) og arealmessig store distrikt der resten av befolkninga er busett i mange småby- og bygdebyregionar fordelt i store delar av fylket. Urbaniseringsgraden i fylket, delen som bur i tettstadar, er på 81 prosent i fylket (83 prosent på landsbasis), men det er store interne variasjonar i mønsteret der enkelte regionar har ned mot 50 prosent busette i tettstadar.

Det er med andre ord eit variert fylke med storbyregionen og mange mindre byregionar og spreiddbudde regionar med småstadar. Fylket rommar både storbyane, småbyane og utkantdistrikta sine fortrinn og ulemper, utfordringar og moglegheiter.

Demografiske forhold

I området til Vestland fylke har det vore samanhengande befolkningsvekst dei siste 50-60 åra, men i varierande grad. Ein særskilt høg vekst var det mellom 2005-2015 på grunn av høgare innvandring enn nokon gong tidlegare. Sidan har veksten minka sterkt, sjølv om det har vore eit lite oppsving siste året på grunn av fleire flyktingar frå Ukraina.

Gjennom dei siste 15 åra har både fødselsoverskot og innvandring sikra befolkningsveksten i fylket. Desse to vekstkomponentane har overgått ei samtidig innanlandske nettoutflytting knytt til ein negativ flyttebalanse med Oslo og Austlandet. Utvikling mot ei eldre befolkning er ein faktor som svekker fødselsoverskotet vidare framover. Dette vil særleg merkast i ein del mindre kommunar i distrikta. For fylket samla sett er det likevel grunn til å rekne med framleis folketalsvekst dei nærmaste to tiåra, sjølv om nivået er usikkert på grunn av stor uvisse om nivå på inn- og utvandringa. Framover er det først og fremst ein del av dei mindre distriktskommunane som ikkje vil klare å halde oppe folketalet med dei befolningsstrukturane dei har og den nettoutflyttinga til landet elles dei har hatt og sannsynlegvis framleis vil få, om enn på eit noko lågare nivå enn før.

Utviklinga i fylket har vore prega av sentralisering av befolkninga på alle geografiske nivå over lang tid. Utviklinga i regionane dei seinare åra (2015-22) har vore slik:

Dei mest sentrale regionane (Bergen, Midhordland og Nordhordland) har hatt klart sterkest befolkningsvekst som følgje av høgast fødselsoverskot og nettoinnflytting. I dette området inngår tre økonomiske regionar der mange av kommunane er integrerte i Bergen sin bu- og arbeidsmarknadsregion. Dei fleste kommunane (9 stk.) har hatt sterkt befolkningsvekst, men her er også tre mindre kommunar med lågare sentralitet som har hatt nedgang.

Dei mindre sentrale regionane er sju økonomiske regionar med småbyar som regionssenter, og dette kan karakteriserast som distriktsregionane i fylket. Dei fleste av desse regionane har i hovudsak halde oppe folketallet (4 har litt vekst og 3 har litt nedgang, 2015-22), men internt i desse regionane har utviklinga blant kommunane vore ujamn. Medan 12 kommunar har folketalsvekst, har heile 16 hatt nedgang i perioden 2015-22. Dei utprega senterkommunane i desse regionane (eks. Sogndal, Sunnfjord, Voss) har i stor grad hatt befolkningsvekst over mange år som følgje av fødselsoverskot (yngre befolkning) og noko nettoinnflytting sikra av innvandring frå utlandet. Dei fleste kommunane med nedgang er kommunar med lite folketal, låg sentralitet og ofte omlandskommunar til senterkommunar innanfor dei bu- og arbeidsmarknadsregionane dei er ein del av. Kommunane med befolkningsnedgang har hatt det som følgje av både fødselsunderskot (aldrande befolkning) og samtidig stor nettoutflytting.

Nærings- og sektorforhold

Fylket har et svært variert og mangesidig næringsliv. Her er mange store eksportnæringer og globalt eksponerte verksemder, men også store næringar og sektorar retta mot heimemarknaden og brukarar

Sterke kompetanse- og næringsmiljø finnst innan mellom anna sjømat, maritime næringar, prosessindustri, energisektor, olje og gassrelaterte næringar, reiseliv og kultur, landbruk og foredlingsverksemd, forretningstenester, utdanning og forsking. Desse er ujamnt representerte og angra til ulike regionar og områdespesialiseringara fylket.

Regionane er spesialiserte på ulikt vis med basis i ulike historier, naturgjevne og kompetansemessige fortrinn, sentralitet og busetningsmønster. Nokre hovedgradientar er her knytte til en kombinasjon av sentralitet og områdetypar (indre fjord- og fjellstrøk vs. ytre fjord- og kyst-strøk). Variasjonar i regionanes sentralitet og bystørleikar har gitt en slags funksjonell arbeidsdeling mellom dei, med ulike roller i fylket. Dei med sentrale regionane har den høgaste delen sysselsett i tenesteyting, største variasjon og innslag av spesialiserte kompetanseintensive tenester retta mot brukarar og kundar over heile fylket. Dei mindre sentrale regionane har noko mindre sysselsetjing i tenesteyting, og mindre variert tilbod av spesialiserte kompetanseintensive tenester, og relativt sett meir ordinær tenesteyting primært retta mot brukarar og kundar som held til i eigen region. Samtidig har dei mindre sentrale regionane relativt sett eit større innslag av funksjoner og verdiskaping knytt til primærnæringer, industri og turisme, som på si side ofte er retta mot nasjonale og internasjonale kundar og marknadar.

Den store veksten av arbeidsplassar i fylket dei siste 10 åra har komme innanfor helse og sosial, olje- og gassrelaterte tenester, kunnskapsintensive forretningstenester (KIFT), bygg og anlegg, offentleg administrasjon og til dels undervisning. Det har også vore noko vekst av arbeidsplassar innan opplevingsnæringer (kultur, reiseliv m.m.) og sjømatnæring.

På den andre sida har det i fylket vore stor reduksjon i talet på arbeidsplassar innan andre næringar som teknologiindustri (verft, maskiner osb), transport, landbruk/foredling og handel.

Samla har nettotilveksten av talet på arbeidsplassar vore omlag lik stor i privat som i offentleg sektor. I privat sektor er veksten vorten sterkare koncentrert til sentrale områder som følgje av veksten i mange private tenesteytande næringar. Arbeidsplassutviklinga i

industri og sjømat har likevel utvikla seg sterkare i dei mindre sentrale regionane. For offentleg sektor har også veksten vorten meir konsentrert til sentrale regionar, noko som særleg skuldast auka sentralisering innanfor statleg tenesteyting men også nokon grad høgare veksstakt i kommunal tenesteyting blant anna som følgje av høgast befolkningsvekst der.

Samla har arbeidsplassutviklinga regionalt vore slik:

Sentrale regionar har hatt sterk nettovekst i arbeidsplassar – særleg innanfor olje- og gassrelaterte tenester, kunnskapsintensive forretningstenester elles, offentleg administrasjon og undervisning.

Mindre sentrale regionar har hatt svakare samla utvikling på grunn av arbeidsplassreduksjon i store basisnæringar (primærnæringar, industri) og deler av ordinær privat tenesteyting (handel m.m) kombinert med svakare tilvekst av jobbar i nye næringar. Nokre viktige unntak finns imidlertid her knytt til enkelte kommunar og regionar som har fått sterk slik vekst innan besøksnæringar, sjømat og forretningstenester m.m. Utviklinga i arbeidsplassar totalt for kvar av distriktsregionane og -kommunane avdekker likevel ei stor differensiering og ujamn utvikling blant dei – og der ein finn regionar og kommunar som har vekst, andre stabil utvikling og nokon også nedgang i talet på arbeidsplassar. Slike eksempel finst i mange ulike delar av fylket. Det er også som oftast ei betre arbeidsplassutvikling i typiske senterkommunar enn omlandskommunar i desse distriktsregionene, men dette er ikkje heilt eintydig.

Det er verd å merke seg at Vestland dei aller siste åra har hatt ein markant fornya vekst innen olje/gassektoren og relaterte tenester, og signal om store investeringar tyder på betydeleg sysselsettingsvekst i denne sektoren dei nærmaste åra. Med dei lønnsvilkåra som vert tilbydde i den sektoren vil utviklinga der høgst sannsynleg medverke til aukande utfordringar dei nærmaste åra med å halde på og rekruttere kompetansearbeidskraft i andre næringar og for utvikling av nye grøne næringar.

Arbeidsmarknad og kompetansebehov

I Vestland fylke har det vore sterk vekst av *jobbar* 2015-22 innanfor akademiske yrke, men også betydeleg innanfor sals- og serviceyrke, prosess- og maskinoperatør og dessutan høgskuleyrke. Fylket har hatt klart sterkare relativ vekst enn landet innanfor yrke som fiske og landbruk, prosess-/ maskinoperatørar og transportarbeid, men relativ svakare vekst enn landet innanfor akademiske yrke, handverksyrke og reinholds- og serviceyrke. Ser vi på det store volumet av *ledige stillingar* har dei vore innanfor sjukepleiarar, pleiemedarbeidarar, bygningsarbeidarar, leiarar/politikarar, andre yrker utan utdanningskrav, kontor/kundeservice, ingeniørar, lærarar i grunnskule, metall- og maskin-arbeidarar. Hovuddelen av veksten i jobbar og ledige stillingar har komme i dei sentrale regionane, men elles noko i regionane med ein del variasjonar med omsyn til type yrke og stillingar.

Den registrerte arbeidsløysa i fylket har variert mellom 1,5-2,9% (2015-21) og på same nivå som for landet. Arbeidsløysa blant unge vaksne i fylket har også variert endå meir og generelt lege på eit noko høgare nivå (1,6-3,5%). Arbeidsløysa har heile tida vore høgast i sentrale delar av fylket (Bergen, og fleire sentrale kommunar i Midt- og Nordhordland) pluss enkelte kommunar i sør (Bømlo kommune i region Stord, og Kvinnherad kommune i region Sunnhordland Aust). Dette er også regionane med sterkest vekst i arbeidsplassar og sysselsetjing. Omvendt er delen registrerte ledige mindre i dei mindre sentrale regionane, også dei meir einsidige industrikommunane. I desse områda har tilveksten av arbeidsplassar og sysselsette også vore svak. Mykje tyder då på at om ein er eller risikerer å verte

arbeidsledig i ein distriktsregion eller -kommune vil ein oftare flytte ut og då til sentrale strøk med eit større arbeidstilbod, enn det som er tilfellet den motsette vegen.

Det har vore og er mangel på arbeidskraft og kompetanse i privat og offentleg sektor i mykje av fylket. Dei siste åra har det vore eit stort *udekt arbeidskraft- og kompetansebehov* i både privat og offentleg sektor (helse/sosial, bygg/anlegg, utdanning, metall/maskin, teknikk/ingeniør, kundeservice/ kontor m.m.) og til yrker med lågare og mellomliggende utdanningskrav (vidaregåande skule, fagskule, 1-3 års høgskule). Det er likevel også mangel på arbeidstakarar til ein del jobbar utan noko utdanningskrav.

I fylket er det eit sterkt *kjønnsdelt arbeidsliv og -marknad* og særleg i distriktsregionane. Mønsteret vert reproduusert av tradisjonelle utdannings- og yrkesval. Dette kan bidra til å hemme arbeidskrafttilgang til samfunnsviktige yrke og oppgåver og potensielt bidra til å svekke bustadattraktiviteten for nokre grupper i enkelte kommunar.

Den relativt låge arbeidsløysa for tida er eit signal om at tilgangen på ledige menneskelege ressursar er ganske avgrensa. Arbeidskraftetterspurnad og arbeidsløyse endrar seg med ujamne mellomrom. Men mykje tyder på at kompetanse- og arbeidskraftutfordringane i mange av næringslivet til regionane og offentlege sektorar vil verte ytterlegare forsterka dei nærmaste åra. Det aukar behovet for å sikre at færre personar endar i utanforskap og betre mobilisering og integrering i arbeidslivet for dei som står utanfor eller fell ut av skule og arbeidsliv i åra som kjem. Varetaking av tilsette og betre mobilisering av personar i utanforskap (ikkje i arbeid, utdanning, tiltak) vert såleis viktig i dei fleste regionane framover. Dette er òg relatert til det forholdet at arbeidsstyrkens del av befolkninga har vore, og vert framleis, fallande i alle regionane (unnateke Bergen) framover. Lågast del og størst fall i denne indikatoren har distriktsregionane som står overfor sterkest aldring i befolkninga.

Kulturliv, idrett og frivilligkeit

Fylket har eit aktivt kultur- og organisasjonsliv. Nasjonal kulturindeks som måler aktivitetsnivået, tettleikane og breidda til kultursektoren av tilbod på kommunenivå, viser at både sentrale kommunar og mange av distriktskommunar i Vestland ligg på eit høgt nasjonalt nivå på denne indeksen.

